



**Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane**

Møteinnkalling

Utvalg:	Verneområdestyret for SVR
Møtested:	Sølvgården, Valle
Dato:	16.09.2020
Tidspunkt:	10.00 ved Håheller, 12.30 møtestart ved Sølvgården, Valle

Eventuelt forfall må meldes snarest på tlf. 90505902. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.



Foto: Pål Christensen

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Sidenr
ST 32/20	Godkjenning av innkalling og saksliste	6
ST 33/20	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar	6
ST 34/20	Orienteringer	6
RS 130/20	Referatsaker	
RS 131/20	Innvilga søknad og helikoptertransport av båt til Storådalen i Lusaheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 121/3, Hjelmeland kommune - Storådalen, Grasdalen og Futen sameige	
RS 132/20	Innvilga søknad om utvida dispensasjon til helikoptertransport til Vasstøl og Skithol i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 39/2, Hjelmeland kommune	
RS 133/20	Løyve til transport med helikopter i forbindelse med frakt av material og utstyr knyttet til rivning og flytting av hytte ved Øreknuten sør -øst for Svartevassmagasinet i Sirdal kommune.	
RS 134/20	Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport i samband med fjerning av nødbrakke ved Botsvatnet i Steinbuskardet-Hisdal biotopvernområde, gnr/bnr, 7/1, Bykle kommune	
RS 135/20	Tillatelse til bruk av helikopter i forbindelse med transport av proviant og utstyr til hytte gnr/bnr: 4/2 i Bygland kommune, SVR-LVO	
RS 136/20	Tillatelse til transport med helikopter i forbindelse med frakt av materialer knyttet til godkjent byggetiltak ved Bossbustøylen i Valle kommune, SVR-LVO	
RS 137/20	Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport av saltstein til Vestre Kaldefjell og Kyrkjesteindalen i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 55/1, Suldal kommune	
RS 138/20	Innvilga søknad om helikoptertransport til driftehytte ved Låtervikvatnet i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 22/28, Sandnes kommune	
RS 139/20	Innvilga søknad om dispensasjon til bruk av drone ved Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 28/1, Sandnes	

kommune

- RS 140/20 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport av felt villrein frå Urdevasskvelven i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 6/1, Bykle kommune
- RS 141/20 Innvilga søknad for landing med helikopter ved Vesle Førsvatn. 1/2 Trygve Breive. Bykle kommune.
- RS 142/20 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport av felt villrein frå fastsette landingsplassar i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 187/1, Suldal kommune - Ola Steine
- RS 143/20 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport av felt villrein frå Urdevasskvelven i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 6/1, Bykle kommune - Reidar Johan Sandal
- RS 144/20 Løyve til bruk av ATV med belter og helikoptertransport i forbindelse med frakt av felt storvilt, gnr.bnr; 110/7- 101/9- 101/28 i Hægebostad kommune
- RS 145/20 Løyve til bygging av gangbru i samband med sauedrift. Timretjønn ved Stikil. Agder Energi Vannkraft. Åseral kommune.
- RS 146/20 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Jensahidleren i Lusaheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 121/3, Hjelmeland kommune - Rogaland fylkeskommune
- RS 147/20 Søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Melands-Grønahei i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 41/1, Hjelmeland kommune - Stavanger turistforening
- RS 148/20 Delvis innvilga søknad om landing med helikopter i Småtjørndalene i Langeid driftehei. Øystein Bujordet. Bygland kommune.
- RS 149/20 Innvilga søknad om bruk av helikopter til transport av felt elg og hjort. Breive sameige. Per Torleiv Tveiten. Bykle kommune.
- RS 150/20 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport i samband med vedlikehaldsarbeid på kraftlinja Tokke-Førre i Hisdal naturreservat og Steinbuskardet-Hisdal biotopvernområde, Bykle kommune
- RS 151/20 Innvilga søknad om landingsløyve for helikopter i verneområdet SVR. Øyvassbu 4/24. Thomas og

Inger Gleditsch. Bygland kommune.

- RS 152/20 Tillatelse til bruk av helikopter i forbindelse med transport av nødvendig proviant og utstyr til Lordehytta (gnr/bnr: 2/52), Åseral kommune
- RS 153/20 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Stakkstøl i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 37/3, Hjelmeland kommune
- RS 154/20 Innvilga søknad om landing med helikopter ved Øyuvsbu turisthytte. DNT sør. Valle kommune.
- RS 155/20 Tillatelse til transport med helikopter i forbindelse med frakt av nødvendig brensel og proviant til utleie hytte i Åseral kommune (gnr/bnr7/1).
- RS 156/20 Innvilga søknad om dispensasjon til snøskuter og helikoptertransport i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 10/1 og 4/2, Sirdal kommune og Lusaheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 121/3, Hjelmeland kommune
- RS 157/20 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til driftehytter og hytter aust for Frafjordhatten i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 55/16, 56/2, 57/2, 58/1-2, Gjesdal kommune
- RS 158/20 Løyve til transport med helikopter med frakt av material og utstyr knyttet til rivning og flytting av hytte ved Øreknuten sør øst for Svartevassmagasinet i Sirdal kommune
- RS 159/20 Tillatelse til frakt av nødvendig material, proviant o.l til hytte ved Skulebergjønn og Breisletthei i Åseral kommune
- RS 160/20 Tillatelse til transport med helikopter knyttet til frakt av nødvendig ved, material, proviant, brensel og utstyr til hytte ved Hanselegå i Åseral kommune
- RS 161/20 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport i samband med vedlikehald av stølsbu ved Fjellsenden i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 41/2, Hjelmeland kommune
- RS 162/20 Tillatelse til å bruke drone 6 august 2020 ifm Blinkfestivalen, Kjeragplatået- Sandnes kommune
- RS 163/20 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport i samband med NRK reportasje på Stranddalen i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 39/1, Suldal kommune - Stavanfer turistorening

RS 164/20	Innvilga søknad og helikoptertransport av båt til Storådalen i Lusaheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 121/3, Hjelmeland kommune - Storådalen, Grasdalen og Futen sameige	
RS 165/20	Innvilga søknad om dispensasjon til innsamling av frø frå bergjunker i Stranddalen i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bne, 39/1, Suldal kommune - Stavanger botaniske hage	
RS 166/20	Delvis innvilga søknad om landing med helikopter ved Josephsbu ved Store Halvorsvatn. 5/9. Hans Gaarder. Bygland kommune.	
ST 35/20	Uttale til melding om oppstart av arbeidet med sti- og løypeplan i Kvinesdal kommune	7
ST 36/20	Prinsippsak vedk. bruk av snøscooter etter 1. mai	16
ST 37/20	Søknad om oppsetting av driftshusvære ved Vatnedalsvatnet og restaurering av båthus ved Ormsavatn, 6/14 Jo Breivegen. Bykle kommune.	29
ST 38/20	SBK-BASE - Søknad om helikopterlandingar på Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde i samband med Heliboogie 2021, gnr/bnr, 22/1, Sandnes kommune	46
ST 39/20	Villreinfaglege råd om tiltak for å betre trekkmoglegheitene i Holmavassåno biotopvernområde og tilgrensande areal	59
ST 40/20	Stavanger turistforening - Søknad om dispensasjon til bygging av Skansen turisthytte i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 22/1, Sandnes kommune	81
ST 41/20	Eventuelt	118

ST 32/20 Godkjenning av innkalling og saksliste

ST 33/20 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar

ST 34/20 Orienteringer

RS 130/20 Referatsaker

RS 131/20 Innvilga søknad og helikoptertransport av båt til Storådalen i Lusaheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 121/3, Hjelmeland kommune - Storådalen, Grasdalen og Futen sameige

RS 132/20 Innvilga søknad om utvida dispensasjon til helikoptertransport til Vasstøl og Skithol i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 39/2, Hjelmeland kommune

RS 133/20 Løyve til transport med helikopter i forbindelse med frakt av material og utstyr knyttet til rivning og flytting av hytte ved Øreknuten sør -øst for Svartevassmagasinet i Sirdal kommune.

RS 134/20 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport i samband med fjerning av nødbrakke ved Botsvatnet i Steinbuskardet-Hisdal biotopvernområde, gnr/bnr, 7/1, Bykle kommune

RS 135/20 Tillatelse til bruk av helikopter i forbindelse med transport av proviant og utstyr til hytte gnr/bnr: 4/2 i Bygland kommune, SVR-LVO

RS 136/20 Tillatelse til transport med helikopter i forbindelse med frakt av materialer knyttet til godkjent byggetiltak ved Bossbustøylen i Valle kommune, SVR-LVO

RS 137/20 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport av saltstein til Vestre Kaldefjell og Kyrkjesteindalen i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 55/1, Suldal kommune

RS 138/20 Innvilga søknad om helikoptertransport til driftehytte ved Låtervikvatnet i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 22/28, Sandnes kommune

RS 139/20 Innvilga søknad om dispensasjon til bruk av drone ved Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 28/1, Sandnes kommune

RS 140/20 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport av felt villrein frå Urdevasskvelven i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 6/1, Bykle kommune

RS 141/20 Innvilga søknad for landing med helikopter ved Vesle Førsvatn. 1/2 Trygve Breive. Bykle kommune.

RS 142/20 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport av felt villrein frå fastsette landingsplassar i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 187/1, Suldal kommune - Ola Steine

RS 143/20 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport av felt villrein frå Urdevasskvelven i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 6/1, Bykle kommune - Reidar Johan Sandal

RS 144/20 Løyve til bruk av ATV med belter og helikoptertransport i forbindelse med frakt av felt storvilt, gnr.bnr; 110/7- 101/9- 101/28 i Hægebostad kommune

RS 145/20 Løyve til bygging av gangbru i samband med sauedrift. Timretjønn ved Stikil. Agder Energi Vannkraft. Åseral kommune.

RS 146/20 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til

Jensahidleren i Lusaheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 121/3, Hjelmeland kommune - Rogaland fylkeskommune

RS 147/20 Søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Melands-Grønahei i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 41/1, Hjelmeland kommune - Stavanger turistforening

RS 148/20 Delvis innvilga søknad om landing med helikopter i Småtjørndalene i Langeid driftehei. Øystein Bujordet. Bygland kommune.

RS 149/20 Innvilga søknad om bruk av helikopter til transport av felt elg og hjort. Breive sameige. Per Torleiv Tveiten. Bykle kommune.

RS 150/20 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport i samband med vedlikehaldsarbeid på kraftlinja Tokke-Førre i Hisdal naturreservat og Steinbuskardet-Hisdal biotopvernområde, Bykle kommune

RS 151/20 Innvilga søknad om landingsløyve for helikopter i verneområdet SVR. Øyvassbu 4/24. Thomas og Inger Gleditsch. Bygland kommune.

RS 152/20 Tillatelse til bruk av helikopter i forbindelse med transport av nødvendig proviant og utstyr til Lordehytta (gnr/bnr: 2/52), Åseral kommune

RS 153/20 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Stakkstøl i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 37/3, Hjelmeland kommune

RS 154/20 Innvilga søknad om landing med helikopter ved Øyuvsbu turisthytte. DNT sør. Valle kommune.

RS 155/20 Tillatelse til transport med helikopter i forbindelse med frakt av nødvendig brensel og proviant til utleie hytte i Åseral kommune (gnr/bnr7/1).

RS 156/20 Innvilga søknad om dispensasjon til snøskuter og helikoptertransport i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 10/1 og 4/2, Sirdal kommune og Lusaheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 121/3, Hjelmeland kommune

RS 157/20 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til driftehytter og hytter aust for Frafjordhatten i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 55/16, 56/2, 57/2, 58/1-2, Gjesdal kommune

RS 158/20 Løyve til transport med helikopter med frakt av material og utstyr knyttet til rivning og flytting av hytte ved Øreknuten sør øst for Svartevassmagasinet i Sirdal kommune

RS 159/20 Tillatelse til frakt av nødvendig material, proviant o.l til hytte ved Skulebergjønn og Breisletthei i Åseral kommune

RS 160/20 Tillatelse til transport med helikopter knyttet til frakt av nødvendig ved, material, proviant, brensel og utstyr til hytte ved Hanselegå i Åseral kommune

RS 161/20 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport i samband med vedlikehald av stølsbu ved Fjellsenden i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 41/2, Hjelmeland kommune

RS 162/20 Tillatelse til å bruke drone 6 august 2020 ifm Blinkfestivalen, Kjeragplatået- Sandnes kommune

RS 163/20 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport i samband med NRK reportasje på Stranddalen i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 39/1, Suldal kommune - Stavanfer turistforening

RS 164/20 Innvilga søknad og helikoptertransport av båt til Storådalen i Lusaheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 121/3, Hjelmeland kommune - Storådalen, Grasdalen og Futen sameige

RS 165/20 Innvilga søknad om dispensasjon til innsamling av frø frå bergjunker i Stranddalen i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bne, 39/1, Suldal kommune - Stavanger botaniske hage

RS 166/20 Delvis innvilga søknad om landing med helikopter ved Josephsbu ved Store Halvorsvatn. 5/9. Hans Gaarder. Bygland kommune.



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 788 Stoa
4809 ARENDAL

Besøksadresse
Setesdalsmuseet Rysstad,
Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47
finavjth@fylkesmannen.no
www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2020/5702-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 02.07.2020

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	35/20	16.09.2020

Uttale til melding om oppstart av arbeidet med sti- og løypeplan i Kvinesdal kommune

Vedlegg:

- 1 Oppstart_sti og løypeplan for Kvinesdal kommune

Forvalters innstilling

Verneområdestyret syner til melding om oppstart av arbeid med sti- og løypeplan i Kvinesdal kommune datert 9.6.2020. Det er lagt stor vekt på kommunale sti- og løypeplanar i besøksstrategien for SVR og det er flott at kommunen tar til med arbeidet. Det er positivt at omsyn til natumangfold, og villrein spesielt, skal leggest særleg vekt på i planarbeidet.

Verneområdestyret har følgjande innspel til planarbeidet:

- Vidare planlegging må ta omsyn til villreinens bruk av desse områda og sikre at auka menneskeleg ferdsel vert styrt og kanalisert på ein god måte. Vurdering av samla belastning er vesentleg i den samanheng. Det er viktig at utfart frå Knaben, og eventuelt Nesjen på sikt, vert sett i samanheng med utfart i frå Åseral side av grensa slik at ein ikkje lagar nye aust-vestbarrierar for villreinen. Som hovudregel bør eventuelle nye sommar- og vinterløype leggest som rundløyper på kantane av høgheia.
- Kommunen bør ha merksemd på hekkelokalitetar for rovfugl ved planlegging av aktivitetar og eventuelle nye sommar og vinterløyper
- Om det er aktuelt å gå vidare med planlegging av ei ny turisthytte ved Bergetjønn på Knaben, må sti- og løypeplanen syne kor eit løypenett knytt til hytta er tenkt og korleis det vil påverke ferdselsmønsteret og verneverdiar i verneområdet.
- Verneområdestyret syner til tiltak på Knaben i besøksstrategien for SVR. Verneområdestyret ønskjer ei realisering av desse i nært samarbeid med Kvinesdal kommune. Det kan søkast om tiltaksmidlar frå SVR for realisering av tiltaka.
- Ved eventuell vedlikehald av merkinga på den gamle ferdselsåra mellom Knaben og Ljosland bør dette skje etter føringar i *Merkehåndboka*
- Verneområdestyret er negativ til etablering av ei ny merka vinterløype mellom Knaben og Lakkenstove/Ljosland. Dette vil opne nye område for ferdsel som i dag vert nytta av



villrein gjennom vinteren. Ei slik løype er heller ikkje i tråd med Åseral kommune sin sti- og løypeplan for nordleg del av Åseral

- Ei vidareutvikling av eksisterande maskinpreparerte løype til Knaberøysa bør skje som ei rundløypa attende til Knaben slik kommunen har nemnd i oppstartsmeldinga. Traseen må leggest slik at det ikkje vert naudsynt med inngrep i terrenget.
- For maskinpreparering av alle skiløyper i verneområdet krevst dispensasjon frå verneforskrifta. Rutinar for opning/stenging av løyper bør innarbeidast i planen.

Verneområdestyret syner til saksframstillinga i sin heilskap.

Verneområdestyret ber om at det vert halden ein tett dialog med forvaltningssekretariatet i det vidare planarbeidet om tema og problemstillingar som er relevant for verneområdet.

Saksopplysninger

Kvinesdal kommune har meldt oppstart av arbeidet med sti- og løypeplan for nordleg del av kommunen. Sjå vedlegg 1. Delar av planen området omfattar verneområdet SVR. Forvaltningsplanen og besøksstrategien for SVR inneheld føringar for styring og kanalisering av ferdsel. Av den grunn er det naturleg at verneområdestyret uttaler seg i saka..

Frist for uttale er 10.8.2020. Det var ikkje mogleg å få utsett frist. Forvaltar si innstilling er difor sendt kommunen men med atterhald om endringar ved handsaming i verneområdestyret 16.9.2020.

Stutt om innhaldet i oppstartsmelding

Hensikten med planen er å identifisere, ivareta og utvikle friluftslivets ferdselsårar. Samstundes ivareta omsynet til naturmangfald og villrein spesielt. Planen skal ta føre seg områda frå Eftestøl og nordover liggande i nasjonalt villreinområde og omsynssone villrein jamfør Heiplanen. Delar av planområdet ligg såleis innanfor verneområdet SVR. Fokus i planarbeidet vil vera dei lengre løypene (sommars og vinterløyper), til dømes Knaben – Lakkenstova, Lordehytta, Eftestøl og Salmeli/Kvinen. Konkret vert det beden om innspel om:

- Ny rundløype i samband med løypa til Knaberøysa.
- Sti- og løyper som på sikt vil kunne auka attraktiviteten for innbyggjarane og tilreisande.
- Trong for sikring på eksisterande stiar og løyper
- Mål for turane, til dømes utkikkspunkt, fine stader for overnatting og severdigheter
- Noverande og moglege parkeringsplassar for start og sluttspunkt for løypene

Planen vil bli utarbeida som temaplan utan juridisk binding.

Bakgrunn og styringsdokument for verneområdestyret si involvering i planarbeidet

Verneforskrifta for SVR

Etter verneforskrifta kap. 1.3.d kan det på nærare vilkår gjevast løyve til opparbeiding og merking av nye turstiar (barmark). Ein føresetnad er at det ikkje strir mot verneføremålet.

Motorisert ferdsel er i utgangspunkt forbode. Skal det til dømes nyttast snøscooter eller løypemaskin til preparering må det for nye trasear handsamast som unntak frå verneforskrifta etter naturmangfoldloven 48. Ein føresetnad er i så fall at det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig. Etter verneforskrifta kap. IV pkt. 5.5 bokstav j, er



det opna for at det etter søknad kan gjevast løyve til maskinpreparering av trase frå Knaben til Knaberøysa. Traseen har tidvis vore preparert dei seinare åra.

Forvaltningsplanen for SVR

Av kap. 2.4.3 går det fram at preparering av skiløyper i verneområdet berre vil vera aktuelt når konflikten med villrein er særst avgrensa og/eller der det kan ha ein sterk kanalisierende effekt. Oppkøyring av skiløyper bør berre skje i utkanten av verneområda.

Besøksstrategi for SVR

Knaben er peika ut som ein av innfallsportane til verneområdet og med fleire ulike tilretteleggingstiltak. Mellom anna ny skibru i eksisterande maskinpreparerte skiløype til Knaberøysa, utvikle traseen til ei rundløype samt informasjon om vernverdiar. Forvaltar syner til tiltak omtala i besøksstrategien kap. 4.1.2 i sin heilskap.

I kap. 4.4 i besøksstrategien er det lagt til grunn at etablering av nye sommar og vinterløyper i verneområdet føreset utarbeiding av kommunale sti- og løypeplanar og at slike skal ligge føre før verneområdestyret kan vurdere å gi dispensasjon. Som hovudregel skal oppkøyrte og merka løyper leggest utanfor verneområdet. Ein føresetnad for nye løyper er at dei ikkje kjem i konflikt med funksjonsområde for villrein og hekkelokalitetar for rovfugl.

Verdiskapingsprosjektet i SVR

Verneområdestyret er prosjekteigar for verdiskapingsprosjektet *Kunnskapsformidling om villrein og villrein fjell*. Kvinesdal kommune har fått innvilga kr. 100 000 frå prosjektet til utarbeiding av kommunal sti- og løypeplan.

Vurdering

I det følgjande er det fokusert på den delen av planområdet som gjeld verneområdet SVR og heiområda inn mot dette. I praksis vil det si områda nord og aust for Knaben.

Status for villreinens bruk av områda

Dei høgreliggjande områda aust og nordover frå Knaben har sporadisk vore nytta som vinterbeite samt sommarbeite for bukk. Bruken har gjennomgåande vore mindre dei tjue siste åra. Dette skuldast truleg ein kombinasjon av redusert stammestorleik og ulike ferdselshindre lenger nord i heia. At villreinen har ein syklisk områdebruk kan også spele inn.

Områda har ein særleg viktig funksjon i vanskelege vintrar der vinterbeitene nordover i Bygland og Valle isar ned. Det var ein slik situasjon seinast vinteren 2020. Det var då observasjonar av spor og mindre flokkar heilt ned mot hyttebebyggelsen på Knaben (Reinshommen) og sør-vest for Knaberøysa. Også i normalår er det vanleg med små spreidde flokkar sørover til Storevatn i Åseral og vestover inn i Kvinesdal og då særleg på vinteren.

Vidare planlegging må ta omsyn til villreinens sporadiske bruk av desse områda og sikre at auka menneskeleg ferdsel vert styrt og kanalisert på ein god måte. Vurdering av samla belastning er vesentleg i den samanheng. Det er viktig at tilrettelegging vert sett i samanheng med utfart i frå Åseral side av grensa og Ljosland spesielt, slik at ein ikkje lagar nye aust-vestbarrierar for villreinen. Ved ei eventuell framtidig hytteutbygging ved Nesjen vil denne problemstillinga vera særleg aktuell. Som hovudregel bør eventuelle nye sommar- og vinterløype lagast som rundløyper på kantane av høgheia.

Rovfugl

Det er relativt få kjende hekkelokalitetar av raudlista rovfugl i Kvinesdal kommune sin del av verneområdet og områda inn mot dette, men dette kan også skuldast at det er gjort lite registrering i områda. Kommunen bør ha merksemd på slike lokalitetar i vidare planlegging av sommar og vinterløyper.

Planane om ny turisthytte i området Bergetjørni

Flekkefjord og oplands turistforening har planar om ei ny turisthytte og sikringshytte i området Bergetjørn på Knaben, om lag 350 meter på utsida av vernegrensa. Det er planar om ei ubetent hytte med 30 sengeplassar. Forvaltar syner til referat frå møte halden i Kvinesdal kommune 12.1.2018.

Forvaltningssekretariatet for SVR har tidlegare spela inn at det bør ligge føre ein godkjend sti- og løypeplan før det vert jobba vidare med ei turisthytte, slik at ein kan vurdere løypenett og ferdsel knytt til ei slik hytte i eit større perspektiv. Slik forvaltar har oppfatta planane skal ei slik hytte primært ha funksjon som dagsturhytte tur/retur Knaben evt. supplert med kortare rundløyper i nærområda. Den vil såleis ikkje inngå i eit tradisjonelt løypenett «hytte til hytte» til dømes vidare mot Lakkenstova (DNT sør). Ut i frå verneomsyn er eit slikt konsept å føretrekke framfor ei ny hytte som føreset etablering av nye lengre ruter nordover og austover i verneområdet. Om etablering av ei ny turisthytte framleis er aktuelt bør kommunen i arbeid med sti- og løypeplanen syne kor eit løypenett knytt til hytta er tenkt og korleis det vil påverke ferdselsmønsteret og verneverdiar i verneområdet.

Tiltaka i besøksstrategien

Som nemnd tidlagera i saka er det i besøksstrategien føreslått fleire tiltak på innfallspørt Knaben. Verneområdestyret ønskjer ei realisering av desse i nært samarbeid med Kvinesdal kommune. Det kan søkast om tiltaksmidlar frå SVR for realisering av tiltaka.

Maskinpreparering av eksisterande trase Knaben – Knaberøysa

Som nemnd er det ein eigen dispensasjonsheimel for denne traseen i verneforskrifta kap. IV pkt. 5.5. Ved løyve etter denne paragrafen er det krav om at løypekøyrar straks skal vende om og køyre attende om det vert observert villrein i eller nær traseen. Forvaltningsmyndigheita skal i slike tilfelle konsulterast før løypa eventuelt vert køyrd oppatt. Kommunen bør innarbeide rutinar for dette i arbeidet med sti- og løypeplanen.

Vurdering av dei konkrete tema og fokusområda nemnd i oppstartsmeldinga

Sommar- og vinterløyper Knaben – Lakkenstova (Ljosland)

Den gamle ferdselsåra mellom Knaben og Ljosland er delvis varda. Traseen vart merka for ein del år attende men få av merkene er synlege i dag. Det er ein strekning på om lag 25 km/12 timars gonge og med liten trafikk i dag. Ei eventuell vedlikehald av merkinga vil ikkje vera søknadspiktig etter verneforskrifta. For slik merking bør *Merkehåndboka* leggest til grunn.

Forvaltar er negativ til å etablere ei merka vinterløype på mellom desse områda. Sjølv om forventa ferdsel vil bli avgrensa vil det opne nye område for ferdsel som i dag vert nytta av villrein gjennom vinteren. Ei merka vinterløype her er heller ikkje i tråd med Åseral kommune sin sti- og løypeplan.

Sommar- og vinterløype Knaben – Lordehytta i Åseral



Skiløypa Knaben – Knaberøysa vert tidvis preparert gjennom vinteren og vert særleg nytta i vinterferie og påske. Ein del vel å gå vidare over Vivatna mot Lordehytta utanfor preparert løype. Ei vidareutvikling av eksisterande maskinpreparerte løype til Knabarøysa bør skje som ei rundløypa attende til Knaben slik kommunen har nemnd i oppstartsmeldinga. Traseen må leggast slik at det ikkje vert trong for inngrep i terrenget.

Kopi:
Kvinesdal kommune
Villreinnemnda for setesdalsområdet
Fylkesmannen i Agder
Åseral kommune

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Plan og miljøenheten

Dato: 09.06.2020

Vår ref: 20/01921-6


Deres ref:

Saksbeh.: Mari Egeland

Telefon: +47 38358515

Oppstart: Sti- og løypeplan for Kvinesdal kommune

Kvinesdal kommune skal utarbeide sti- og løypeplan, i tråd med overordnede planer. Vi har startet med å kartlegge stier og løyper i den nordligste delen av kommunen. Hensikten med planen er å identifisere, ivareta og utvikle friluftslivets ferdselsårer, samtidig som hensynet til naturmangfold, spesielt villrein, skal ivaretas. Dette er viktig å tenke på når du skal sende inn innspill. Har dere spørsmål kan disse sendes til mari.egeland@kvinesdal.kommune.no.



Postadresse: Nesgata 11, 4480 Kvinesdal
Besøksadresse: Nesgata 11, 4480 Kvinesdal

Telefon: 38357700
post@kvinesdal.kommune.no

www.kvinesdal.kommune.no
Org.nr.: 964 964 076
Bankkonto: 3000.28.66168

I denne omgang vil vi konsentrere oss om de lengre løypene, som i størst grad vil kunne påvirke villreinområdene. Dette vil for eksempel være løyper fra Knaben til Lakkenstova, Lordehytta, Eftestøl og Salmeli/Kvinen. Vi ønsker i denne forbindelse innspill til planen.

Vi ønsker konkrete innspill til blant annet:

- Ny rundløype i forbindelse med løype til Knaberøysa.
- Sti- og løyper som på sikt vil kunne øke attraktiviteten for innbyggerne og tilreisende turister.
- Behov for sikring på eksisterende stier og løyper.
- Mål for turene, for eksempel utkikkspunkt, fine overnattingssteder og severdigheter.
- Nåværende og mulige parkeringsplasser for start og sluttspunkt for løypene.

Ved vurdering av tiltak innenfor hensynssone H560 i kommuneplanens arealdel, skal Heiplanen legges til grunn jf. bestemmelsene til kommuneplanens arealdel, §7-4. I planbestemmelsene til kommuneplanens arealdel §2-2 er det også et rekkefølgekrav knyttet til etablering av fritidsbebyggelse innenfor spesifikke områder i nordlig del av Kvinesdal kommune. Dette medfører at det må utarbeides sti- og løypeplan, før kommunen kan videreutvikle hytte- og reiselivsområder med tiltak og/eller aktivitet som går inn i mot nasjonalt villreinområde eller videre.

Planen utarbeides som temaplan, uten juridisk binding.

Frist for å komme med innspill: **10. august 2020.**

Innspill kan sendes på mail til post@kvinesdal.kommune.no

Eller til

Kvinesdal kommune

Nesgata 11

4480 Kvinesdal

Ved henvendelse angående saken vennligst referer til saksnr 20/01921

Med hilsen

Mari Egeland

Arealplanlegger

Brevet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Mottakere: Kulturenheten - Knaben leirskole, Nesgata 11
, 4480 KVINESDAL
AGDER FYLKESKOMMUNE, Postboks 788 Stoa
, 4809 ARENDAL

FYLKESMANNEN I AGDER, Postboks 788 Stoa
, 4809 ARENDAL
SIRDAL KOMMUNE, Tonstadveien 28
, 4440 TONSTAD
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV AGDER, Postboks 101
, 4662 KRISTIANSAND S
KNABEN VEL, c/o Leif Hunsbedt
Hageteigen 1
, 4480 KVINESDAL
Villreinnemnda for Setesdalsområdet, Suldal kommune - Jarle Lunde
Sandsvegen 122, 4230 SAND
BYGLAND KOMMUNE, Sentrum 18
, 4745 BYGLAND
ÅSERAL KOMMUNE, Gardsvegen 68
, 4540 ÅSERAL
KNABENS VENNER, c/o Jan Rob
Robsvegen 27
, 4484 ØYESTRANDA
HÆGEBOSTAD KOMMUNE, Kommunehuset
Laukrokveien 4
, 4595 TINGVATN
KNABEN OG FJOTLAND IL, c/o Svein Kåre Stakkeland
Toddemonen 63
, 4473 KVINLOG
NORSK ORNITOLOGISK FORENING AVD. VEST-AGDER, FYLKETS
FUGLEVERNFORENING, c/o NOF avd. Vest-Agder
Postboks 355
, 4663 KRISTIANSAND S
SALMELI BEITELAG, c/o Per Øyvind B. Tørresen
Aurebekksveien 57
, 4516 MANDAL
KVINESDAL BEITELAG SA, c/o Arild Magne Stakkeland
Stakkelandsveien 244
, 4473 KVINLOG
KNABEN BEITELAG - FORENING, c/o Knut Risnes
Nesjenveien 24
, 4473 KVINLOG
KVINESDAL HISTORIELAG, v/Anne Berit Erfjord
Kloster 63
, 4480 KVINESDAL
FLEKKEFJORD OG OPLANDS TURISTFORENING, Postboks 190
, 4401 FLEKKEFJORD
Norsk Villreinsenter sør, Møsvannsvegen 1149, 3660 RJUKAN
Verneområdestyre for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane
Visit Knaben - Ann Helen Erichsen



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 788 Stoa
4809 ARENDAL

Besøksadresse
Setesdalsmuseet Rysstad,
Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47
finavjth@fylkesmannen.no
www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2019/3558-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 05.08.2020

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	36/20	16.09.2020

Prinsippsak om bruk av snøscooter etter 20. mai

Vedlegg:

- 1 Epost frå Spieler datert 7 juni 2020
- 2 Førebels tilsvar frå forvaltar datert 11 juni
- 3 Brev frå Spieler datert 12 juni 2020

Forvalters innstilling

Verneområdestyret vil halde på den generelle praksisen med 30. april som seinaste dato for transport med snøscooter.

For hytter inntil ein avstand på 1,5 km. frå Brokke – Suleskardvegen mellom Håhellervatn og toppen av Kvislevasskaret synt på kartet i saka, kan det gjevast løyve til bruk av snøscooter etter at vegen er opna 20. mai og t.o.m. 31 mai.

Løyve til slik transport etter verneforskrifta må halde seg til rammene i *Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag* som kommunane forvaltar.

Saksopplysninger

I denne saka skal verneområdestyret ta stilling til om det skal opnast for ein praksis der det vert gjeven snøscooterløyve etter 20. mai då veg Brokke – Suleskard er opna og til hytter som får



kortare transportstrekning i utmark når vegen er open for biltrafikk. Det må i den samanheng vurderast kva omfanget av slik transport vil bli og om det også må for gjelde andre vegstrekningar.

Bakgrunnen for saka er at ein grunneigar i Valle, Per Reidar Spieler, i ei henvending til styreleiar i juni 2020 ønskja å gjennomføre transport med snøscooter inn til hytta i Tjønndalen etter at vegen Brokke – Suleskard er opna 20. mai og mens det i normalår er godt snøføre i høgheia. Hytta i Tjønndalen ligg om lag 1,5 km. frå hovudveg. I grunngjevinga vart det synt til at dette var noko han hadde praktisert i mange år utan søknad, kortare transport og mindre tilleggsforstyrring sidan vegen allereie er open for trafikk. I tillegg at det til vanleg er store snømengder kring hytta tidlegare i sesongen.

I samråd med styreleiar ga forvaltar attendemelding om at eit løyve slik Spieler ønskjer vil kunne skape presendes i andre saker og at verneområdestyret difor bør handsame det prinsipielle ved saka som nemnd i første avsnitt ovanfor.

Brev og mailutveksling med Spieler ligg som vedlegg 1 – 3 i saka. Det nemnast for ordens skuld at Spieler 9.4.2019 fekk innvilga eit snøscooterløyve frå Brokke (Jarnsverk) og inn til Tjønndalen. Dette gjeldande for to år og der transporten grunna kryssing av ferdseforbodsone Vardsvatn - Kvislevassnuten måtte gjennomførast seinast 15.4.kvart år. Det vart ikkje klaga på vedtaket.

Vurdering

Forvaltar vil innleiingsvis slå fast at transporten det er tale om krev løyve etter verneforskrifta anten transporten er lang eller stutt.

Bør verneområdeforvaltninga endre praksisen med å nytte 30. april som seinast dato for snøscootertransport?

I verneforskrifta for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane er det ikkje sett ein bestemt dato utover det som gjeld for område med ferdseforbudsone (forbod 25. april – 31. mai eller 15. april – 20. mai). I forvaltningsplanen er det derimot i kap. 2.4.3 teken inn at snøscooterløyve normalt er avgrensa til 30. april. I motorferdsellova som kommunane forvaltar, er det ikkje sett noko eigen dato. 30. april synast likevel å vera ein dato som mange av kommunane nyttar. Lenger nord i landet noko seinare.

Grunngjevinga for å nytte 30. april er at ein etter denne datoen er inne i ein periode der fugl og dyr er særleg sårbar for forstyrring. Det nærmar seg kalvingstid for villrein (kring 17. mai) og dyra har brukt opp mykje av reservane gjennom vinteren. Enkelte rovfuglartar er særleg sårbare for forstyrring kring tida for etablering ved hekkeplassen.

Med bakgrunn i grunngjevinga ovanfor bør verneområdeforvaltninga halde på 30. april som hovudregel skal vera seinaste dato for transport. Røynsla er også at dette er ein dato som er godt innarbeida og som brukarane lev greitt med.

Skal det eventuelt kunne gjerast unntak for køyring til hytter som for kortare tilkomst når vegen er opna etter vinteren?

Utgangspunktet for saka er Brokke - Suleskardvegen som jamfør verneforskrifta kan opnast for biltrafikk 20. mai. Vegen til Lysebotn gjennom Grytdalen i Sirdal er også i same kategori men utan at det i verneforskrifta er sett ein dato for opning. I praksis vert denne brøytta opp til same

tid som Brokke – Suleskardvegen. År om anna kan nok delar av denne køyrast tidlegare om snøen reiser tidleg.

Som det kjem fram i bakgrunnen for saka kan det vera fleire gode argument for å tillate snøscootertransport etter 20. mai. Det vert kortare transportstrekning i heia og med utgangspunkt frå veg som allereie er mykje trafikkert. Inntrykket er likevel at det i mai månad er relativt lite annan ferdsel ut i terrenget frå vegen. Mindre snø kring hytta kan vera praktisk både for å få inn varer og drive vedlikehald. Samstundes er det ikkje uvanleg med mykje snø kring hyttene i høgheia men utan at andre hytteeigarar har problematisert dette.

Ein kan sjå føre seg ei ordning der hytter liggjande i stutt avstand frå ope veg vil kunne få løyve etter at vegen er opna. Sett ein til dømes ei grense på 1,5 km. vil det langs langs Brokke – Suleskardvegen, og innanfor vernegrensa, gjelde om lag 15 hytter på denne strekninga. Langs vegen over til Lysebotn vil det gjelde om lag 50 hytter, dei aller fleste liggjande i hyttefeltet i Grytdalen.

Transport til hyttene i Grytdalen vert utelukkande gjort av lokale med ervervsloyme og det har aldri vore problematisert at det må gjerast seinast 30. april. Her går nok snøen tidlegare au slik at det berre vil vera unntaksvis det kan køyrast seint i sesongen. Forvaltar vil ut i frå dette tilrå at ordninga med transport etter 30. april ikkje skal gjelde for denne strekninga.

For hytter langs Brokke – Suleskardvegen stiller det seg noko annleis kor snøen kan ligge i terrenget til ut i juni. Her vil hytter liggjande langs det høgaste partiet, og i ein viss avstand inn frå vernegrensa, kunna ha særleg nytte av snøscootertransport frå vegen etter at denne er opna 20. mai. Om ein lar dette gjelde på strekninga Håhellervatn – toppen av Kvislevasskaret vil om lag 8 hytter ligge i denne sona. Sjå kart over strekninga nedanfor.



Ved vurdering av saka må ein også ha i tankane avstandskravet i *Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag* som kommunane forvaltar. Der det ikkje er moglegheit for leigekøyring kan eigar av hytte få løyve til transport av bagasje og utstyr mellom bilveg og hytte der denne ligg minst 2,5 km. frå brøyta veg der. For fastbuande som driv leigekøyring til hytter gjeld ikkje krav om minste avstand. Nyleg har det vore på høyring av forskriftsending der det vert lagt opp til å fjerne avstandskravet også for eigar av hytte og det



er grunn til å tru at avstandskravet fell bort. Det vil då vera opp til kommunane å bestemme praksisen på området.

Verneområdeforvaltninga bør ikkje legge opp til ein praksis som strid mot kva kommunane kan gi løyve til etter *Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag*. Pr. i dag vil det berre vera fastbuande med ervervsløyve som kan stå for transporten til hytter nærmare vegen enn 1,5 km. Vert *Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag* endra kan det også gjevast løyve til eigar av hytta.

Konklusjon

Forvaltar meiner verneområdeforvaltninga bør halde på den generelle praksisen med 30. april som seinaste dato for transport med snøscooter. Ein er då inne i ein periode då viltet er særleg sårbart for forstyrring og sjølv område liggande i stutt avstand til open veg vil det normalt vera lite ferdsel.

Hytter liggande langs det høgaste partiet, og i ein viss avstand inn frå vernegrensa vil kunne ha særleg nytte av snøscootertransport frå vegen Brokke – Suleskard etter at denne er opna 20. mai og ut månaden. Forvaltar legg særleg vekt på at transportstrekninga i verneområdet vert monaleg stuttare. Ordninga bør gjelde for strekninga slik det går fram av kartet i saka.

Tillatinga til slik transport må halde seg til rammene i *Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag* som kommunane forvaltar.

Kopi
Per Reidar Spieler
Valle kommune
Sirdal kommune

Haug, Jørn Trygve

Fra: Bjørn Laugaland <Bjorn.Laugaland@hjelmeland.kommune.no>
Sendt: 8. juni 2020 14:21
Til: Haug, Jørn Trygve
Emne: Fwd: SVR dispensasjon til transport

Sjå Mail frå Spieler under.

Han ber etter dette eg skjönar om at styret behandlar dette på nytt med endra utfall.

Ei sak for AU?

Mvh Bjørn Laugaland
Ordförar
Hjelmeland kommune
Tlf 40439010

Sendt fra min iPad

Videresendt melding:

Fra: "per.reidar@spieler.no" <per.reidar@spieler.no>
Dato: 7. juni 2020 kl. 21:52:58 CEST
Til: Bjørn Laugaland <Bjorn.Laugaland@hjelmeland.kommune.no>
Emne: SVR dispensasjon til transport

Undertegnede er eier av en fjelleiendom i Valle kommune- gnr/bnr. 62/14- «Tjønndalen». Denne eiendom ble kjøpt av min bestefar i 1936. Her ble det i årene etter bygget en jakt og fiskehytte. Eiendommen har frem til i dag vært forvaltet av familien i 4 generasjoner. Forvaltningen har i alle disse årene tatt maksimalt hensyn til de unike plante- og dyreliv som finnes i dette området. Bevaring har det det viktigste for oss og «høstingen» har derfor vært begrenset og tilpasset de viktige og begrensede ressursene. Forvaltningen har også vært nært knyttet til familien Hallvard Rysstad, Rysstad gjennom de samme 4 generasjoner med hensyn til nødvendig vedlikehold/reparasjoner og mulig transport for å kunne bruke og ivareta eiendom og hytte. Før Brokke-Suleskarveien kom var hestetransport fra Evardalen eneste mulighet for å få brensel, vedlikeholdsmaterialer/utstyr og proviant inn til hytta. Vedlikeholdet begrenset seg til det aller nødvendigste for å holde hytta tett og unngå råteskader. Dette ble noe bedre da veien kom og gjorde transportveien kortere og regnet vi med, enklere!

Vi har i alle år siden veien åpnet (30 år!) hatt en ca. 5 min. tur med snøskuter/slede inn til

hytta fra vår parkeringsplass på veien høyeste punkt, utført av Hallvard K. og nå hans sønn Knut Rysstad, dersom snøforholdene har muliggjort bruk av snøskuter. Turen har vært etter samråd med Petter Hermansen i SNO og landbrukssjefen i Valle m.h.t. å forsikre oss om at det ikke var reinsdyr i eller i nærheten av den aktuelle kjøreruta. Tidligere verneforvalter Tarjei Haugen har også hatt kjennskap til denne praksisen uten at det derved forelå noen formell tillatelse.

Denne ene transporten har gjort det mulig å vedlikeholde hytta på en helt annen måte enn før, holde hytta i bedre stand, bevare verdier og bedre bruk for flere i familien. Dette er muliggjort uten at noen er forstyrret eller noe tatt skade. I så måte den eneste positive tingen med Brokke-Suleskarveien sett med grunneier øyne!

Tanken på å søke skuterløyve for denne ene transport- turen i året, som er vårt behov, har aldri slått meg!

Ikke før jeg snakket med verneforvalter Jørn Haug under et møte på Rysstad i april i fjor. Han anbefalte meg å søke om skuterløyve for å ha muligheten til å bruke dette ved evt. behov. Jeg mener bestemt å ha fortalt han at vårt behov kun er for den eneturen når veien åpnet fordi det normalt ikke er mulig å komme inn i hytta før i slutten av mai p.g.a. snømengder rundt hytta. Men nok av det, jeg søkte for orden skyld om skuterløyve 4. april 2019 og mottok løyve fra SVR datert 9. april 2019.

Informasjon og argumentasjon i søknadsbehandlingen er forståelig og grei den. Jeg har full respekt for vernebestemmelsene, men ut fra vår situasjon og behov blir en søknad om bruk av snøskuter med inntil 8 transportere i året og alle før 15. april ikke «riktig» og også ubrukelig ut fra de faktiske naturgitte forhold og omstendigheter.

Jeg har altså fått avslag på å gjøre det jeg har gjort i 30 år (kanskje ikke i.h.t. lovverket, men som nevnt i god tro og uten skade for noe eller noen).

Konsekvensene blir lite «hyggelige» for oss. Transport med hest er pr. i dag umulig å få til. Vi kan selvsagt bære med oss nødvendig proviant og annet utstyr med lite volum og vekt til vedlikehold. Andre større ting (som bl. a. en utskifting av en ødelagt ytterdør (etter 80 år!) og brensel må tas in med helikopter (hvis det er noe bedre og mulig?) Det er ikke mulig å transportere ting inn til hytta når den ikke er mulig å komme inn i og værforholdene i dette område gjør det ikke mulig/tilrådelig å lagre ting på utsiden av hytta.

Det blir en ny situasjon og fremtid som synes å være unødvendig med litt bruk av fornuft og forståelse.

Det må være mulig å søke om dispensasjon for en årlig tur ca. 10 min. t/r, når veien åpner, selvsagt forutsatt at villreinen ikke er i området. Dette for å holde eiendommen slik at familien også i fremtiden kan bruke og forvalte eiendommen i respekt og for bevaring av naturmangfoldet, plante- og dyreliv.

Man godtar at det fra den dagen veien åpner passerer opptil 1000 biler i timen og at folk (etter 20 mai!) kan parkere ulovlig og gå /oppholde seg fritt omkring på ski eller på beina overalt i det samme område vi snakker om (og mer till!).

Da er det vanskelig å forstå logikken for en grunneier som i sine 70 års bruk av eiendommen og ivrig engasjert i å sikre levevilkår og forvaltning av villreinstammen, fuglebestanden, bevaring av sauedriften m.m. ikke kan få lov til en kort transport i samme område!

Jeg har inntrykk av den lokale oppfatning i Setesdalen er at vi ivaretar vår fjelleiendom på en veldig god måte for å ta vare på et unikt og vakkert naturområde.

Forvaltningen av SVR må være et samspill mellom involverte parter- forvaltningsansvarlige, kommuner og grunneiere.

Det er viktig med engasjement fra grunneierne for å oppnå ting.

Man må ha flere ting i hodet samtidig og gjøre et avvik, hvor dette ikke skaper presedens eller problemer/ skader for noen.

Jeg anmoder derfor om at Vernestyret i SVR gir oss en løyve til transport en gang i året etter at veien er åpnet under forutsetning av at det ikke er villrein i området.

PS. Årets snøforhold har jo ikke gjort det enklere for oss. Vi er derfor takknemlig for et snarlig svar.

Med vennlig hilsen

Per Reidar Spieler

mobil 908 48735

Haug, Jørn Trygve

Fra: per.reidar@spieler.no
Sendt: 12. juni 2020 22:04
Til: Haug, Jørn Trygve
Kopi: bjorn.laugaland@hjemland.kommune.no
Emne: SV: SVR dispensasjon til transport
Vedlegg: Tilvasr til Jørn Haug og Laugaland SVR 12.6.20.docx

Hei.
Vedlagt finner dere mitt tilsvaret til din mail fra 11.6.2020.

Mvh

Per Reidar Spieler

Fra: per.reidar@spieler.no <per.reidar@spieler.no>
Sendt: torsdag 11. juni 2020 23:12
Til: 'Haug, Jørn Trygve' <fmavjth@fylkesmannen.no>
Emne: SV: SVR dispensasjon til transport

Fra: Haug, Jørn Trygve <fmavjth@fylkesmannen.no>
Sendt: torsdag 11. juni 2020 15:51
Til: per.reidar@spieler.no
Kopi: Bjørn Laugaland <Bjorn.Laugaland@hjemland.kommune.no>
Emne: SVR dispensasjon til transport

Hei, syner til epost til styreleiar Bjørn Laugaland 7. juni. Her ei lita attendemelding skriven i samråd med styreleiar.

Avgrensing av motorferdselløyva til 30. april (15. april i ferdseisforbodsona) er ein praksis som har vore i mange år og vert sett som standardvilkår i løyve vi skriv ut. Tanken bak dette er at ein etter denne dato er inne i ein sårbar tid på året der ferdsle bør avgrensast. Samstundes har eg forståing for argumenta dine for å tillate bruk av snøscooter etter desse datoane, det vert kortare transportstrekning i verneområdet, det er frå før mykje trafikk på vegen og det er meir praktisk ha tilsyn på hytta med mindre snø kring denne. På den anna side trur eg det er relativt lite ferdsel ut frå vegen før det vert bart i terrenget. Skal vi opne for dette vil det også måtte gjelde andre brukarar som har enklare tilkomst frå open veg. Omfanget av transport seint på våren kan såleis bli betydelig, også frå andre vegstrekningar enn Brokke – Suleskardvegen.

Sidan saka er prinsipielt viktig bør verneområdestyret få den til vurdering. Det mest ryddige er i så fall om du fremmar ein ny søknad som vi kan legge til grunn. Du må gjerne sende den direkte til min epost-adresse.

Venleg helsing

Jørn Trygve Haug
Verneområdeforvaltar



**Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane**

Fra: "per.reidar@spieler.no" <per.reidar@spieler.no>

Dato: 7. juni 2020 kl. 21:52:58 CEST

Til: Bjørn Laugaland <Bjorn.Laugaland@hjemmeland.kommune.no>

Emne: SVR dispensasjon til transport

Undertegnede er eier av en fjelleiendom i Valle kommune- gnr/bnr. 62/14- «Tjønndalen». Denne eiendom ble kjøpt av min bestefar i 1936. Her ble det i årene etter bygget en jakt og fiskehytte. Eiendommen har frem til i dag vært forvaltet av familien i 4 generasjoner. Forvaltningen har i alle disse årene tatt maksimalt hensyn til de unike plante- og dyreliv som finnes i dette området. Bevaring har det det viktigste for oss og «høstingen» har derfor vært begrenset og tilpasset de viktige og begrensede ressursene. Forvaltningen har også vært nært knyttet til familien Hallvard Rysstad, Rysstad gjennom de samme 4 generasjoner med hensyn til nødvendig vedlikehold/reparasjoner og mulig transport for å kunne bruke og ivareta eiendom og hytte. Før Brokke-Suleskarveien kom var hestetransport fra Evardalen eneste mulighet for å få brensel, vedlikeholdsmaterialer/utstyr og proviant inn til hytta. Vedlikeholdet begrenset seg til det aller nødvendigste for å holde hytta tett og unngå råteskader. Dette ble noe bedre da veien kom og gjorde transportveien kortere og regnet vi med, enklere!

Vi har i alle år siden veien åpnet (30 år!) hatt en ca. 5 min. tur med snøskuter/slede inn til hytta fra vår parkeringsplass på veien høyeste punkt, utført av Hallvard K. og nå hans sønn Knut Rysstad, dersom snøforholdene har muliggjort bruk av snøskuter. Turen har vært etter samråd med Petter Hermansen i SNO og landbrukssjefen i Valle m.h.t. å forsikre oss om at det ikke var reinsdyr i eller i nærheten av den aktuelle kjøreruta. Tidligere verneforvalter Tarjei Haugen har også hatt kjennskap til denne praksisen uten at det derved forelå noen formell tillatelse.

Denne ene transporten har gjort det mulig å vedlikeholde hytta på en helt annen måte enn før, holde hytta i bedre stand, bevare verdier og bedre bruk for flere i familien. Dette er muliggjort uten at noen er forstyrret eller noe tatt skade. I så måte den eneste positive tingen med Brokke-Suleskarveien sett med grunneier øyne!

Tanken på å søke skuterløype for denne ene transport- turen i året, som er vårt behov, har aldri slått meg!

Ikke før jeg snakket med verneforvalter Jørn Haug under et møte på Rysstad i april i fjor. Han anbefalte meg å søke om skuterløype for å ha muligheten til å bruke dette ved evt.

behov. Jeg mener bestemt å ha fortalt han at vårt behov kun er for den eneturen når veien åpnet fordi det normalt ikke er mulig å komme inn i hytta før i slutten av mai p.g.a. snømengder rundt hytta. Men nok av det, jeg søkte for orden skyld om skuterløyve 4. april 2019 og mottok løyve fra SVR datert 9. april 2019.

Informasjon og argumentasjon i søknadsbehandlingen er forståelig og grei den. Jeg har full respekt for vernebestemmelsene, men ut fra vår situasjon og behov blir en søknad om bruk av snøskuter med inntil 8 transportere i året og alle før 15. april ikke «riktig» og også ubrukelig ut fra de faktiske naturgitte forhold og omstendigheter.

Jeg har altså fått avslag på å gjøre det jeg har gjort i 30 år(kanskje ikke i.h.t. lovverket, men som nevnt i god tro og uten skade for noe eller noen).

Konsekvensene blir lite «hyggelige» for oss. Transport med hest er pr. i dag umulig å få til. Vi kan selvsagt bære med oss nødvendig proviant og annet utstyr med lite volum og vekt til vedlikehold. Andre større ting (som bl. a. en utskifting av en ødelagt ytterdør (etter 80 år!)og brensel må tas in med helikopter (hvis det er noe bedre og mulig?) Det er ikke mulig å transportere ting inn til hytta når den ikke er mulig å komme inn i og værforholdene i dette område gjør det ikke mulig/tilrådelig å lagre ting på utsiden av hytta.

Det blir en ny situasjon og fremtid som synes å være unødvendig med litt bruk av fornuft og forståelse.

Det må være mulig å søke om dispensasjon for en årlig tur ca. 10 min. t/r, når veien åpner, selvsagt forutsatt at villreinen ikke er i området. Dette for å holde eiendommen slik at familien også i fremtiden kan bruke og forvalte eiendommen i respekt og for bevaring av naturmangfoldet, plante- og dyreliv.

Man godtar at det fra den dagen veien åpner passerer opptil 1000 biler i timen og at folk (etter 20 mai!) kan parkere ulovlig og gå /oppholde seg fritt omkring på ski eller på beina overalt i det samme område vi snakker om (og mer till!).

Da er det vanskelig å forstå logikken for en grunneier som i sine 70 års bruk av eiendommen og ivrig engasjert i å sikre levevilkår og forvaltning av villreinstammen, fuglebestanden ,bevaring av sauedriften m.m. ikke kan få lov til en kort transport i samme område!

Jeg har inntrykk av den lokale oppfatning i Setesdalen er at vi ivaretar vår fjelleiendom på en veldig god måte for å ta vare på et unikt og vakkert naturområde.

Forvaltningen av SVR må være et samspill mellom involverte parter- forvaltningsansvarlige, kommuner og grunneiere.

Det er viktig med engasjement fra grunneierne for å oppnå ting.

Man må ha flere ting i hodet samtidig og gjøre et avvik, hvor dette ikke skaper presedens eller problemer/ skader for noen.

Jeg anmoder derfor om at Vernestyret i SVR gir oss en løyve til transport en gang i året etter at veien er åpnet under forutsetning av at det ikke er villrein i området.

PS. Årets snøforhold har jo ikke gjort det enklere for oss. Vi er derfor takknemlig for et snarlig svar.

Med vennlig hilsen

Per Reidar Spieler

mobil 908 48735

Gårsdagens (11.6.) svar fra verneforvalter Jørn Haug er uforståelig, men ikke overraskende. Jeg har i mitt innspill til styreleder i SVR Bjørn Laugaland sagt at jeg har full respekt for verneforskriftene og har gjennom alle år både direkte og indirekte, bidratt til å legge forholdene til rette for en vernevennlig forvaltning som bl. a skal bedre levevilkårene for villreinen.

Lover, forskrifter og bestemmelser er i sin form, naturlig nok, av generell natur og håndheves/ praktiseres deretter av forvaltere, i dette tilfelle av Verneområdestyret i SVR. Men som alle vet er det ikke mulig å lage bestemmelser og forskrifter for alle tenkelige forhold og muligheter som vil oppstå over tid av forskjellige grunner. Praksis og erfaring viser vel at mye ofte bedre kan løses med en dispensasjon med klare forutsetninger istedenfor å behandle slike «tilfeller» som saker av prinsipiell karakter som krever endring i lov/forskrifter. Konsekvensene av en slik forvaltningspraksis kan vel også da lett føre til uønskede og uoversiktlige forhold og blir vel da ofte ikke vedtatt forvaltningsstyrer.

Verneforvalter Jørn Haug legger i sitt svar til meg opp til at en søknad fra meg må behandles som prinsipiell av verneområdestyret med tanke på en forskriftsendring – som han, etter min mening ganske riktig, antar kan føre til økt «belastning» i området.

Nettopp derfor er det at jeg i min henvendelse til styreleder i SVR sier at det bør være bedre forvaltning å få en dispensasjon til å kjøre en kort tur for å få inn materialer til nødvendig vedlikehold av hytta og litt brensel(ved(propan) når veien er åpnet, ferdselsforbudet er over, hytta nå er mulig å komme inn i (ikke mulig før 14. april).og sist men ikke minst ; det skal ikke finnes villrein i området når det skjer.(garanteres av SNO) ! En slik dispensasjon skader ikke noen eller noe i naturen, det skaper ingen presedens og kan neppe være mange i verneområdet som har dekning for å søke lignende dispensasjon!. Et vedtak som vil åpne for alle «brukere» og som derved lett kan gi økt belastning for villreinen er det neppe behov for (og vil vel etter all sannsynlighet ikke bli vedtatt i verneområdestyret!).

Så hvorfor gi en tillatelse til meg nå? Er jeg så egoistisk at jeg tror at dette er et spesialtilfelle ?

Ja faktisk mener jeg det være det.! Jeg har beskrevet grunnene til det i mitt innspill 7.juni 2020 til styreleder i SVR og skal ikke gjenta det her. Men økonomisk blir det krevende å måtte ha helikoptertransport for å holde eiendommen noenlunde vedlike og ha brensel til bruk.

Det jeg dog ønsker å si, og som kanskje ikke bedrer saken min, er at som jeg nevner i mitt innspill er suksess i verneområdeforvaltningen avhengig av samarbeid mellom alle parter, herunder også grunneierne!. Det er disse som tross alt har fått påført størst bruksbegrensninger og fått minst igjen, herunder sterk verdireduksjon, på sine eiendommer ved verningen .

Det er få tilfeller jeg kjenner til hvor man i den praktiske lokale verneforvaltningen har gitt noe tilbake til dem når man har hatt anledning. Om det er mangel på vilje, fantasi eller mot til å ta beslutninger ut fra hva som fornuftig og kan oppmuntre grunneiere til positivt samarbeid skal være usagt. Er det for mye forskning og lite konkrete tiltak gjennom 30 år?. For konkrete tiltak for å redusere menneskelig aktivitet/ferdsel , bedre levevilkårene , øke bruksområde og derved bevare villreinstammen i området sitter hardt inne å få tatt beslutninger på – og gjennomført!

Det man imidlertid jobber aktivt med hos verneforvalter er å bygge opp en **besøksstrategi** med tiltak og anlegg for å få flere til å besøke verneområdet. Dette må jo innebære en skikkelig motsigelse for forvalter å jobbe med!

Er det ikke det motsatte som skal være hovedfokuset i vernearbeidet?

I sak AU 22/20 i Arbeidsutvalget i SVR har verneområdestyret 5. mai 2020 fått tillatelse til å merke natursti/carwalk ved Håhellerområdet. **Tiltaket er forankret i SVR's besøksstrategi.**

Du verden – tenk om SVR kunne ha en grunneierstrategi og forankre motsigelser i!!! Nei, det er nok ikke i Norge det!?

Man bør kunne ha to taker i hodet samtidig;

I den daglige forvaltninger være « synlig », lyttende og opptatt av et positivt engasjement hos både grunneiere, kommune og brukerne (turfolk, jegere og fiskere). Da nå man av og til gi litt for å få positiv adferd og medvirkning tilbake.

Da vil også den overordnede verneforvaltningen bli enklere og mer tilfredsstillende (også for villreinen!!)

Jeg syns faktisk det er grunn til bekymring på vegna av villreinen, som jo vel er hovedfokuset i landskapsvernet!?

Politisk sett er kanskje noe av dette en sak for Miljøverndepartementet, statsråden og stortingspolitikkerne. (eller pressen!)?

Sluttord

Alvorlig talt. Dette er vel ikke en sak for prinsippbehandling i verneområdestyret. Dette bør vel Forvalter kunne si ja til uten søknad slik som jeg i årevis har gjort det etter informasjon og klarering (ingen godkjenning) i kommunen og hos SNO. Det har beviselig ikke skadet eller skaper ulemper for noen, snaut nok brydd noen. Fornuft og erfaring med grunneiers håndtering bør tilsi at det daglige forvaltningsarbeid skal være orientert, men ikke mer. Å lage prinsippsak av dette er vel å be om unødige saksutredning i en lite viktig og komplisert «hendelse».

Det er her kun snakk om en ca. 10 min. tur (t/r). Det er mitt totale årlige behov som grunneier!

Er ikke det som man kan kalle adaptiv forvaltning?

Jeg kommer ikke til å sende inn en ny søknad, men anmode om at Verneområdestyret hastebehandler en tillatelse evt. søknad om dispensasjon til en transport inn til Tjønndalen fra p-plass ved veien høyeste punkt i løpet av juni i år basert på innhold i mitt innspill til styreleder Bjørn Laugaland, av 7. juni 2020 og innhold i dette mitt tilsvaret i dag 12.6. til Jørn Haug.

Mvh

Per Reidar Spieler

12.juni 2020



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 788 Stoa
4809 ARENDAL

Besøksadresse
Setesdalsmuseet Rysstad,
Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47
fmavjth@fylkesmannen.no
www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2019/917-26

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 06.08.2020

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	37/20	16.09.2020

Søknad om oppsetting av driftshusvære ved Vatnedalsvatnet og restaurering av båthus ved Ormsavatn, 6/14 Jo Breivegen. Bykle kommune.

Vedlegg:

- 1 Søknad om oppsetting av hytte og restaurering av gammelt båthus
- 2 Uttale frå villreinnemnda

Forvalters innstilling

Med heimel i naturmangfoldloven § 48 gir verneområdestyret Jo Breivegen løyve til å flytte eksisterande driftshusvære ved Ormsavatn ut til ny plassering ved Vatnedalsvatnet. Storleiken på driftshusværet er 20 m² BYA, inkludert veranda/platting og utedo totalt 30 m² BYA. Løyvet vert gjeven med følgjande vilkår:

- Driftshusværet skal plasserast innanfor tomta merka av på kart 2 i saka. Nøyaktig plassering skal godkjennast av forvaltningssekretariatet.
- Bygningen skal plasserast på fundament av naturstein eller støypte pålar med maksimal høgde 50 cm.
- All byggeverksemd skal utførast slik at det vert minst mogleg skade på terrenget. Planering av tomta er ikkje tillate.
- Taket skal tekkast med torv.
- Alt bygningsavfall skal samlast og leverast på godkjend mottak
- Løyvet gjeld fram til 16.9.2023. Forvaltningssekretariatet skal ha melding så snart byggearbeidet er avslutta.
- Det må søkast om tiltaket til Bykle kommune for løyve etter plan- og bygningsloven.
- For bruk av motorkøyretøy eller helikopter til frakt av driftshusværet til ny tomt må dette søkast om særskilt. Verneområdestyret føreset at frakt frå veg til tomt kan skje utan opparbeiding av tilkomst.

Verneområdestyret legg vekt på at bygningen er liten og vert liggjande tett opp til eksisterande inngrep i form av kraftmagasin, veg og straumline. Det er aktivt landbruksdrift på eigedomen. Behovet for bygningen er godt dokumentert av søkar og der den vil lette ressursutnyttinga på eigedomen knytt til sauehald, fiske og jaktutleige. Vidare legg verneområdestyrte vekt på at bygningen no er lagt vekk frå trekksona for villrein mellom Ormsavatn og Vatnedalsvatnet. Ny plassering ligg i ytterkanten av kalvingsområde med ferdselsforbod i perioden 25. april – 31. mai. Snøscooterløyve i dette område vil vera avgrensa til t.om. 24 april kvart år. I følge skjønn skal vegen ikkje opnast før 15. juni. Fram til denne datoen vil vegen normalt vera snødekt. Desse restriksjonane gjer at driftshusværet i praksis ikkje vil bli nytta gjennom kalvingsperioden og verke forstyrrende på kalvingsaktiviteten i området. Ut i frå dette vil løyve til tiltaket ikkje stri mot verneføremålet eller påverke verneverdiane nemneverdig.

Med heimel i Forskrift om vern av *Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde* kap. 4 pkt. 1.1 gir verneområdestyret avslag på søknad om restaurering av båthus ved Ormsavatn. Verneområdestyret legg vekt på at det i praksis er tale om eit nybygg med monaleg større areal enn det det er opna for i forvaltningsplanen. Det ligg i eit viktig trekkområde og kalvingsområde for villrein der det er særleg grunn til å skjerme allereie belasta område for nye inngrep. Eit båthus/lagerplass vil generere mindre opphald og ferdsel enn eit driftshusvære på same plass, men likevel noko auka aktivitet. Her kjem også inn at det gjeld ein bygning med storleik og funksjon utover tradisjonelt båthus. Førre – var – prinsippet i naturmangfoldloven § 9 vert her tillagt vekt. Vidare legg verneområdestyret vekt på at veg inn i området gjer at det ikkje er strengt naudsynt med båthus/lagerplass på staden.

Saksopplysninger

Jo Breivegen gnr. 6, bnr. 14 i Bykle kommune søker om løyve til å sette opp eit driftshusvære ved vegen inn langs Vatnedalsvatnet i Bykle kommune. Det er tidlegare oppførte driftshusvære ved Ormsavatn som skal flyttast ut sidan dette vart kravd fjerna jamfør Miljødirektoratet si avgjersle i klagesak (sjå omtale nedanfor). Storleiken på driftshusværet er 20 m² BYA i tillegg kjem storleiken på utedo og veranda/platting, totalt 30 m² BYA.

Det vert samstundes søkt om restaurering av eit gammalt båthus ved Ormsavatn. Storleiken på det gamle båthuset er 6,5 m x 4,5 m. Plassering, teikning og bilete av bygningane er teken inn nedanfor. Sjå også søknad vedlegg 1.

Jamfør søknad datert 31.5.2020 skal driftshusværet nyttast i samband med sauehald på garden. Driftshusværet vil også vera viktig av tryggleikssyn då det er 25 km. til garden og 14 km. frå anna driftshusvære lenger ut langs Vatnedalsvatnet (Troddedalstjønn). Søkar har bygd nytt sauefjøs og planen er å ha sau i dette om det vert lagt til rette for å bruke utmarka. Breivegen har i dag noko storfe på garden og treng også å bruke utmarka til beiteområde for desse. Det er under bygging eit gardsslakteri for vidare foredling av kjøttet.

Båthuset vart bygd i 1950 og opphaveleg ført opp som kombinert lager og sikringsbu i samband med rype- og reinsjakt, samt ved tilsyn av beitedyr i området. I seinare tid har det vore nytta som lager plass for båt. Det har ikkje vore vedlikehalden dei seinare åra og ber preg av dette. Søkar ønskjer å sette det oppatt slik det var og nytte det til kombinert båthus og lager i samband med fiskekultivering i Ormsavatn.


Verneområdestyret har handsama søknad om driftshusvære i dette området tidlegare. Sjå omtale nedanfor. Sjølv om det no er tala om ei anna plassering er vurderingar og utfall av førre sak relevant for saka. Nytt i saka er også at det gjeld oppføring av båthus/lagerplass.

Verneområdestyret ga i møte 7.2.2019 Jo Breivegen løyve til å sette opp eit driftshusvære ved Ormsavatn i Bykle. Fylkesmannen i Agder klaga på vedtaket og ved klagehandsaming gjorde Miljødirektoratet om vedtaket frå verneområdestyret. Miljødirektoratet har kravd bygningen fjerna med frist 31.12.2020. I si avgjer la Miljødirektoratet vekt på at det ikkje er heimel i naturmangfoldloven § 48 til oppføring av ei hytte i eit viktig kalvingsområde og trekkområde for villrein. Vidare:

- Dispensasjonsheimelen i NML § 48 kan ikkje nyttast for å utvide ramma som er trekt opp i vernevedtaket. Den skal vera ei sikringsventil for tiltak ein ikkje kunne føreseie eller i spesielle/særskilte tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet
- Villreinens bruk av trekkområdet er godt dokumentert. Det er stor sannsyn at hytta vil føre til auka aktivitet og ferdsel som verkar negativt inn på villreinens bruk av området.
- Villreinnemnda har råda i frå tiltaket og der dei har lagt vekt på lokalisering i trekkområde, kalvingsområde og at området generelt er mykje nytta av villrein gjennom store delar av året
- Eksisterande store inngrep knytt til vassdragsreguleringa gjer at det er særleg grunn til å skjærme eit allereie belasta område for fleire inngrep
- Det er stor usikkerheit om overnattingsmoglegheit ved tilsyn av dyr og utleige til reinsjegerar vil redusere trafikken på vegen slik søkar har argumentert for. Eventuell reduksjon i trafikken er uansett ikkje eit tilhøve som aleine veger opp for ulempa med oppføring av hytte på aktuelle plass. Miljødirektoratet legg til grunn at det er sær pårekleleg at ei hytte vil føre til auka ferdsel og aktivitet i nærområdet til hytta.
- Ved bygging i/ved eit viktig villreintrekk er det stor risiko for irreversible skadar på verneverdiane. Etter NML § 9 (føre- var omsyn) bør det difor ikkje gjevast løyve.
- Ein rekke studie syner at villrein opptrer i mindre tettheit i nærleiken av forstyringskjelder
- Oppføring av hytta i eit viktig kalvingsområde og trekkområde vil vera direkte i strid med verneføremålet
- Vedtaket frå verneområdestyret er mangelfullt grunngjeven og utan vurdering av kunnskapsgrunnlaget og verknad.

Målt på kart er det 11 km. frå eksisterande driftshusvære ved Troddedalstjønn til ny plassering ved Vatnedalsvatnet. Ny plassering er 3,2 km. lenger ute langs Vatnedalsvatnet enn ved førre plassering ved Ormsavatn, i luftline 2,5 km. Sjå kart 1 og bileta nedanfor.

Kart 1, plassering: blått punkt syner plassering av båhus/lager samt eksisterande hytte pålagt fjerna. Gult punkt syner den nye plasseringa av driftshusværet det no er søkt om. Raudt punkt syner plassering av eksisterande hytte ved Troddedalstjønn. Grøn skravur syner trekksoner for villrein.




Bilete av hytta og utedo ved Ormsavatn som er pålagt fjerna. Søkar ønskjer å flytte desse til ny plassering lenger ut langs Vatnedalsvatnet ref. kart ovanfor.







Kart 2: detaljkart som syner aktuelle tomt for plassering av nytt driftshusvære ved Vatnedalsvatnet



Bilete av eksisterande båthus ved Ormsavatn





Saka vart sendt på høyring til Villreinnemnda for Setesdalsområdet, Fylkesmannen i Agder. Agder fylkeskommune og Bykle kommune. Agder fylkeskommune v/kulturminnevernavdelinga vurderer at tiltaka ikkje kjem i konflikt med nasjonale eller regionale kulturminneinteresser. Dei har inga innvending til at tiltaket tvert godkjend.

Merknaden frå villreinnemnda ligg ved saka. Nemnda peiker at små tiltak kvar for seg ofte ikkje har stor konsekvens for villreinen men at summen av tiltak over tid kan gjere at belastninga vert

så stor at det ikkje vert råd å nå forvaltningsmåla. Nemnda konkludere likevel med at i den konkrete saka vert endring i ferdsla i området så liten at det ikkje vil verke inn på villreinen sin bruk av området. Dei tilrår difor tiltaka.

Formell bakgrunn for vurdering av tiltaket

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000.
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015
- Naturmangfaldlova

Heimelsgrunnlag

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

- Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
- Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Av verneforskrifta kap. 1.1 går det fram at oppføring av bygningar ikkje er tillate. Søknaden må difor vurderast etter dispensasjonsbestemminga i naturmangfoldlova § 48 (*dispensasjon frå vernevedtak*). Av denne går det fram av forvaltningsmyndigheita kan gjere unntak frå verneforskrifta om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Sjølv om begge desse vilkåra er oppfylt gir det inga krav på dispensasjon men der det kan gjerast ei konkret vurdering av tiltaket.

Det er gjeven utfyllande føringar for i forvaltningsplanen kap. 2.3.4. Det er sette ei øvre arealgrense på 30 m² BYA inkludert uthus. Det må også dokumenterast at bygningen er ein del av ei viktig driftsform på bruket. Storleik på eigedom må vera min. 3 000 dekar og avstand frå veg og anna husvære må vera så stor at det gir ei monaleg lettare drift. Retningsgivande er 3 km. eller ein times gåing.

Etter kapittel IV pkt. 1.2.b i verneforskrifta er vedlikehald av bygningar tillate. For *løer*, *naust/båthus* er det gjeven eigne føringar i forvaltningsplanen kap. 2.3.4. Når det ikkje strir mot verneføremålet eller er eit trugsmål mot verneverdiane, kan det etter søknad gjevast løyve til følgjande tiltak om konkrete behov kan dokumenterast:

- Restaurering innanfor eksisterande areal og oppsetting av bygningar som er skadde av brann eller naturskade
- Nye naust/båthus inn til 12 m² BYA
- Oppattbygging av nedfalne høyløer på eksisterande murar. Opphavelog plassering, storleik, funksjon og utsjånad må dokumenterast med bilete, skriftlege kjelder eller kulturhistoriske registreringar

Alle tiltaka ligg i særskild kalvingssone *Vatnedalsheii 2*. Etter verneforskrifta kap. 4.2 er all ferdsel forbode her i perioden 25. april – 31. mai. Unntak gjeld for ferdsel som følgjer veg og merka løype, samt naudsynt ferdsel for grunneigar for tilsyn av eigedom. Grunna ferdselsforbodet vil snøscooterløyve inn i området vera avgrensa til 25. april kvart år.

Vurdering

Søknaden gjeld andre tiltak (restaurering av båthus) og endra plassering av driftshusværet i høve til førre runde. Slik sett er det ei ny sak som må handsamast. Samstundes legg avgjerla i klagesaka føringar for kva som kan tillatast i desse områda og kva handlingsrom som ligg i bruk av § 48 i naturmangfoldloven.

Naturmangfoldlova §§ 8 - 12


Etter § 7 i Naturmangfoldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane

Kunnskapsgrunnlaget (§8)


Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase (www.naturbase.no), samt data frå GPS-merkeprosjekt i Setesdal Ryfylke. Ein har og nytta kartlegging gjennomført av Norsk Villreinsenter (NVS-rapport 6/210). Kunnskap om kulturminne i området støtter seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.askeladden.no).

Områda kring Ormsavatn og Vatnedalsvatnet er i naturbasen definert som kalvingsområde og sommarbeite for villrein. I Uraråjuvet og mellom Ormsavatn og Vatnedalsvatn er det merka av trekksoner for villrein. Sjå kart 1 ovanfor i saka. Kartet 3 nedanfor syner GPS – data frå åra 2007 – 2019. Kart 4 syner GPS – data frå dei same åra men avgrensa til månadane april og mai, dvs. tida kring kalving. Kalving skjer i praksis i heile dalføret kring Ormsavatn samt eit stykke ut langs Vatnedalsvatn.

Kart 3: GPS-posisjonar heile året 2007 -- 2019



Kart 4: GPS-posisjonar 2007 – 2019 april og mai måned.



Når det gjeld andre artar er det ikkje registrert informasjon om prioriterte artar, truga eller nær truga artar jfr. «Norsk rødliste». Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, truga eller nær truga naturtypar i aktuelle området.

I Askeladden er det registrert eit kulturminne (setervold) ved utlaupet av Ormsavatn men dette vert ikkje råka av tiltaka det er søkt om. Som nemnd har ikkje kulturminnemyndigheitane innvending til tiltaka.

Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget å vera tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. «Føre var prinsippet» i naturmangfoldlova § 9 vert likevel tillagt vekt i dei vidare vurderingane.

Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10 i NML).

Områda er prega av vasskraftutbygging, ikkje minst den store reguleringshøgda på Vatnedalsdammen. Det går anleggsveg inn i området. Denne er stengd med bom for ålmenta heilt ute ved Vatnedalsdammen. Rettighetshavarar har tilgang på bomnøkkel. Ein har ikkje ferdselsdata for anleggsvegen men i følgje lokalkjende vert det ført eit strengt regime på kven som skal ha nøkkel til bommen. I avgrensa omfang vert vegen frå bommen og innover nytta til sykling og turgåing. Straumline følgjer vegen inn til vestenden av Vatnedalsvatn. Det er ikkje merka turistløyper i området.

På sameiget 6/14 ligg det 3 – 4 andre driftshusværet som i første rekke vert nytta i samband med villreinjakta. Størst mengde ferdsel er naturleg nok knytt til villreinjakta der også delar av denne vert leigd ut. Ved Ormsaoson ligg det eit anna driftshusvære og ei hytte tilhøyrande regulant.

I luftline er det i overkant av 10 km. ut til hytteområda på Hovden. Frå Harteavatn på Hovden har det tidlegare vore preparert ei skiløype sørover i retning av Ormsavatn og Vatnedalsvatn. Av ulike årsaker har ikkje denne vore preparert dei siste åra. Ferdsla kring Ormsavatn er såleis i all hovudsak knytt til grunneigaranes eigen bruk i samband med jakt og tilsyn av eigedomane.

Vasskraftreguleringa med fleire store magasin med tilhøyrande anleggsvegar sett naturleg nok sitt preg på desse delane av Bykleheia. I tillegg kjem overføringsleidningar for straum aust for Vatnedalsdammen og ved Botsvatn lenger sør. Sør for Ormsavatn ligg Store Urevatn. Til Store

Urevatn går det open anleggsveg inn frå Botsvatn. Det går og ein anleggsveg frå Vatnedalsvatn og opp Uraråjuvet til Store Urevatn. I rapport frå GPS-merkeprosjektet (NINA Rapport 694) er områda kring Store Urevatn omtala. Regulering av Store Urevatn har ført til at fleire tidlegare trekkorridorar for villrein har gått ut av bruk. Det vert og peika på at monaleg ferdslar på anleggsvegen til Store Urevatn er medverkande årsak til at villreinen i perioden vegen er open i liten grad kryssar vegen.

Villreinnemnda har lagt vekt på at bygningane i liten grad vil endre/påverke ferdsle i området og at både byggetiltaka difor bør tillatast. Fagleg råd frå villreinnemnda skal vege tungt i slike saker. Samstundes ligg det til verneområdestyret å vurdere saka i si fulle breidde, ikkje minst vurdering av behovet for bygningane ut i frå drifta på garden.

Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§ 11 i NML) og Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12 i NML)

Ved ei eventuell gjennomføring av byggetiltak i området er tiltakshavar pliktig til å syte for ei miljømessig god gjennomføring. Vesentleg her er plassering, tid på året for bygging, uttransport av bygningsavfall, materialbruk og utforming av bygning. Ut i frå desse paragrafane må det også vurderast alternativ for drift av eigedomen utan bygningane det er søkt om.

Vurdering av behovet og plasseringa av driftshusværet

I saka handsama av verneområdestyret 7.2.2020 la forvaltar til grunn trongen for driftshusværet var godt grunngeven av søkar. Det er aktivt landbruksdrift på bruket der bygningen vil kunne legge godt til rette for å utnytte beiteareala i større grad. Vidare vil utleige av jaktrettar og husværet kunne gi viktig tilleggsinntekt på bruket. Det er monaleg areal som ligg til dei aktuelle eigedomane, og sjølvstøtt langt meir enn det som er lagt til grunn i forvaltningsplanen. Det går bilveg heilt inn til Ormsaosen. Slik sett støtter ikkje søknaden «kravet» om min. 3 km/ein times gange frå veg. Ut frå grunngevinga i søknaden ser ein likevel at eit driftshusvære kan gjere det enklare å ha sau på beite der inne, samt drive utleige av jakt.

Ved å flytte driftshusværet ut langs Vatnedalsvatnet blir behovet mindre då det ligg nærmare både garden og eksisterande husvære ved Troddedalstjønn. Vurderinga er at det framleis er tale om såpass store avstandar at plasseringa vil gje ei lette i tilsyn og slepp/sanking av sau samt utnytting av jakt og fiskeressursane på eigedomen. Oppføring av driftshusværet vurderast likevel ikkje å vera ein føresetnad for eksisterande og planlagt drift på bruket.

Ei plassering lenger ut langs Vatnedalsvatnet vil vera betre av omsyn til villrein. Spørsmålet er likevel om bygningen er flytt langt nok til at omsyna Miljødirektoratet la vekt på i si klageavgjerd ikkje framleis vert gjeldande. Fordelen med den nye plasseringa er at ein kjem godt unna trekksona mellom Ormsa og Vatnedalsvatn, dvs 1,5 km. Bygningen vil framleis ligge i kalvingssona. GPS-dataene kan tyde på mindre aktivitet i kalvingstida heilt ned mot vatnet men det er ikkje råd å trekke sikre konklusjonar på dette då kalvingsaktivitet her ikkje treng vera fanga opp av GPS – merkinga. Her kjem også føre-var – prinsippet i naturmangfoldloven § 9 inn der ein må vera varsam med å tillate tiltak der ein er usikker på konsekvensane.

Anleggsvegen inn langs Vatnedalsvatnet og til Ormsa er stengd med bom og der bruken er avgrensa til grunneigarar og regulant. I følgje skjønns skal vegen ikkje opnast før 15. juni. Fram til denne datoen vil vegen normalt vera snødekt. Bruk av snøscooter på vegen krev løyve etter verneforskrifta og vil vera avgrensa til 25. april som følgje av ferdselsforbodet som gjeld fram til 31. mai. Vegen langs Vatnedalsvatnet ligg delvis i rasutsette område og der snømengdene i skrånande terreng gjer tilkomsten vanskeleg. Samla sett gjer desse tilhøva at bruken av driftshusværet vert avgrensa og i all hovudsak knytt til barmarksperioden og etter kalvingstida for simlene. Vurderinga er difor at plassering av eit driftshusvære slik det er søkt om, ikkje vil påverke kalvingsaktiviteten i området negativt.

Når det gjeld dei påverknad på landskapet vert det lagt mindre vekt på dette då bygningen er liten og ligg klemmt inne mellom anleggsveg og reguleringssona på Vatnedalsvatn.

Særskilt vurdering av restaurering av båthus.

Bygningen har blitt nytta til ulike føremål. Forvaltar vurderer bygningen å vera i så dårleg stand at det i praksis er tale om oppføring av eit nybygg. Verneområdestyret har praksis for å tillate oppføring av nye båthus, men då avgrensa til ein storleik på 12 m² BYA. For alle nye bygningar i verneområdet er det uansett ein føresetnad at det ikkje strir mot verneføremålet eller er eit trugsmål mot verneverdiane. Plasseringa det er søkt om er i same område der Miljødirektoratet ga avslag på bygging av driftshusvære grunna plassering i trekkveg og kalvingsområde for villrein.

Eit bygg nytta til båthus og lagringsplass vil ha ein annan funksjon og klart meir avgrensa bruk enn eit driftshusvære i same område. Forstyrning i høve til trekkaktivitet vil såleis vera mindre. I praksis vil det heller ikkje vera aktivitet her i kalvingstida for simlene grunna snø og istilhøva og at det også gjeld eit ferdselsforbod 25. april – 31. mai. På den annan side har Miljødirektoratet lagt vekt på den samla belastninga i området og at det er særleg grunn til å skjerme eit allereie belasta område for ytterligere inngrep. Forvaltar vil også legge til at sidan det er vegtilkomst inn til Ormsavatn vil det strengt tatt ikkje vera naudsynt å lagre ein båt her gjennom vinteren. At det sjølv sagt vil vera praktisk er ei anna sak.

Det er positivt at eigar ønskjer å ta vare på dei gamle bygningane på eigedomen. Samstundes er ikkje eksisterande delvis nedfalne bygning frå 1950 av ein slik karakter at den har særskilt kulturhistorisk verdi.

Vurdering av presedens

I både Forvaltningsplan for SVR og Besøksstrategi for SVR er det gitt retningslinjer som ikkje opnar for byggetiltak i dei særskilte trekk- og kalvingssonene for villrein. Dette er svært sårbare område kor det er lagt opp til ei streng praktisering av verneføreskrifta. Å endre forvaltningspraksis i desse 8 sonene kan få vidtrekkande presedensverknader. Det er uråd å si kor mange byggesøknader ein kan få i desse sonene dei neste 10 åra, men i slike sårbare området vil sjølv eit fåtal nye bygningar kunne medføre stor skade for verneverdiane.

Vurdering etter § 48 i NML

Forvaltningsmyndigheita kan gjere unntak frå verneforskrifta om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Sjølv om begge desse vilkåra er oppfylt gir det inga krav på dispensasjon. Miljødirektoratet har i sin rettleiar M106 - 2014 lagt til grunn at moglegheita for dispensasjon etter § 48 er snever. Det skal vera ei sikringsventil for tiltak som ikkje vart føresett eller i særskilte tilfelle som ikkje ble vurdert på vernetidspunktet.

Bruken av driftshusværet ved Vatnedalsvatnet vil i praksis vera avgrensa til tida utanom kalvingsperioden. Med beskjeden storleik og plassering nær andre større tekniske inngrep vil dei landskapsmessige verknadane vera minimale. Avstanden til trekkkorridoren lenger nord er om lag 1,5 km og såpass stor at det ikkje vil verke negativt inn på trekkaktiviteten. Ut i frå dette vurderast bygging av driftshusværet ikkje å stri mot verneføremålet eller påverke verneverdiane nemneverdig.

Å oppretthalde ein funksjonell trekkkorridoren mellom Ormsavatn og Vatnedalsvatnet vurderast som vesentleg for at villreinen skal nytte områda på både sider av dalføret. Eit båthus/lagerplass vil generere mindre opphald og ferdsel enn eit driftshusvære på same plass, men likevel noko auka aktivitet. Her kjem også inn at det gjeld ein bygning med storleik og



funksjon utover tradisjonelt båthus. Forvaltar legg også vekt på Miljødirektoratet sin klageavgjerd der det er særleg grunn til skjærme allereie belasta område for nye inngrep. Grunna trekkorridoren sin viktighet må det også leggst vesentleg vekt på føre – var – prinsippet i naturmangfoldloven § 9. Ut i frå dette vurderast vilkåret for å tillate bygging av båthus/lagerplass etter § 48 i naturmangfoldloven ikkje å vera til stade då det vil stri mot verneføremålet og kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Konklusjon.

Det vert gjeven løyve til å flytte eksisterande driftshusvære og utedo ved Ormsavatn ut til ny tomt ved Vatnedalsvatnet. Oppføring av driftshusvære her vil gi ei lette i landbruksdrifta på bruket og legge til rette for utnytting av utmarksressursane på eigedomen. Grunna ferdselsrestriksjonar i området vil ikkje bygningen bli nytta i kalvingsperioden. Avstanden til trekkorridoren lenger nord er såpass stor at det ikkje vil verke negativt inn på trekkaktiviteten.

Det vert gjeven avslag på søknad om restaurering av båthus ved Ormsavatn. Det er i praksis tale om eit nybygg og der slike ikkje bør plasserast i område der det kan virke negativt inn på trekkaktiviteten. Veg inn i området gjer også at båthus/lagerplass ikkje vurderast som strengt naudsynt ut i frå driftsforma på bruket.

Kopi:

Bykle kommune

Fylkesmannen i Agder

Villreinnemnda for setesdalsområdet

Jo Breivegen
Løyningsvegen 31
4754 Bykle

SVR

v/Jørn Trygve Haug

Løyning, 31.05.20

Søknad om oppsetting av hytte og restaurering av gammelt båthus.

Bakgrunnen for søknaden er at jeg sette opp driftshusværet ved Ormsa som direktoratet har beordret fjernet. I den forbindelse har jeg vært i kontakt med dere for å se om det er en annen plassering som kan være aktuell. Det har vi funnet i felleskap, se vedlagt mail med kart (vedlegg 1). Bakgrunnen for at hytta måtte fjernes var at den lå i trekk korridoren til reinsdyra mellom Ormsa og Vatnedalen. Denne plasseringa tar hensyn til dette og kommer ikke i konflikt med dette trekket.

Når det gjelder behovet for dette driftshusværet, har jeg synliggjort dette tidligere. Det er ikke endret. Vi er nå så å si ferdige med sauefjøset på gården i Løyning, og planen er å ha sau i dette hvis vi kan tilrettelegge for å bruke utmarka. Jeg mener at det av hensyn til sikkerheten bør være et husvære her inne. Dette fordi området ligger ca 25 km fra gården og 14 km fra det andre driftshusværet. Området har veg, men får man motorstopp eller blir overrumplet av uvær i ettersankinga, er det ikke mobildekning, da er det langt å gå. Jeg er også avhengig av å ha ansatte for å hjelpe meg på gården, dette fordi jeg i dag også driver kjøttproduksjon med storfe og driver i tillegg en stor virksomhet i entreprenørbransjen med 59 ansatte. Hvis jeg får nærmere 200 vinterfora sau slik at jeg slipper mellom 500 og 600 stykker på beite, er jeg helt avhengig av dette området for å ha beite til de og storfeet. Jeg ønsker å bygge opp denne gården slik at jeg på sikt kan ha 1 til 2 ansatte. Da må jeg tilrettelegge slik at det blir en trygg og sikker arbeidsplass. Vi er også i gang med å bygge et gards slakteri for å videreforedle alt kjøttet.

Som du ser over er jeg en person som ønsker å bygge næring der jeg utnytter ressursene. Jeg mener dere er pliktige til å tilrettelegge for dette også samfunnsmessig. Vi ser i disse tider hvor viktig det er at vi kan utnytte de ressursene vi har på en fornuftig måte slik at vi øker matproduksjonen. Jeg må presisere at det var 5 gårder her inne i skiftet mellom 1800 og 1900. De utnyttet de beiteressursene som er her, de er veldig gode. Jeg har i dag to av disse gårdene, men ingen husvære her inne hvor de er demt ned.

Når det gjelder båthuset er ikke dette vedlikeholdt de senere årene, og jeg ønsker å bygge dette opp slik det var. Dette for å ha lager og båthus. Se vedlagt bilder. Huset er 6,5 meter langt og 4,5 meter breit. Jeg ser at konstruksjonen er for svak og taket har fått seg en kraftig trøkk av snøen. Derfor blir det litt mer omfattende en jeg først tenkte. Derfor ønsker jeg å søke om dette. Som tidligere så driver vi fortsatt med kultivering av Ormsa og trenger en plass til å lagre utstyr til dette.

Som tidligere er jeg fortsatt eier av grn4 brn8, grn6 brn4 og grn6 brn14. Dette har dere fått kart på tidligere. Hvis det er ønskelig kan dette ettersendes, men dere kan vel ta det ut på kartet.

Jeg håer at dere ser behovet for dette driftshusvære. Håper på velvillig saksbehandling.

Ved spørsmål, er det bare å ta kontakt.

Med hilsen



Jo Breivægen

Tlf. 915 51937



Villreinnemnda for Setesdalsområdet

SVR
v/ Jørn Haug

Dykkar ref.

Vår ref.
19/152-8 20/12210
Jarle Lunde

Arkivkode:
K2-K49

Dato:
27.08.2020

UTTALE TIL SØKNAD OM OPPSETTING AV DRIFTSHUSVÆRE OG RESTAURERING AV GAMALT BÅTHUS. ORMSA - VATNEDALSVATN I BYKLE KOMMUNE.

Kort om saka

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane Landskapsvernområde (SVR) ga i møte 7.2.2019 Jo Breivegen gnr. 6, bnr. 14 i Bykle, løyve til å sette opp eit driftshusvære ved Ormsavatn i Bykle. Fylkesmannen i Agder klaga på vedtaket og ved klagehandsaming gjorde Miljødirektoratet om vedtaket frå verneområdestyret. Vedtaket frå Miljødirektoratet dagsett 7.1.2020 var grunngjeven med at det etter naturmangfoldloven § 48 ikkje er heimel for å sette opp driftshusvære i eit viktig kalvingsområde og trekkområde for villrein. Miljødirektoratet har krevd bygningen fjerna med frist 31.12.2020.

I saka rådde villreinnemnda i frå i gi byggeløyve. Det blei lagt vekt på at lokaliseringa ligg like ved eit viktig trekkområde, at området er viktig i samband med kalving og at GPS-merkeprosjektet viser at området er sær s mykje brukt av villrein store delar av året.

I ny søknad dagsett 31.5.2020 søker grunneigar om å føre opp eit driftshusvære lenger søraust ved Vatnedalsvatn. Driftshusværet skal nyttast i samband med sauehald og utnytting av utmarksressursane på eigedomen. Storleiken på bygningen er om lag 20 m2 BYA inkludert uthus/utedo. Søkar har frå før eit driftshusvære ved Troddedalstjønnane. Det vert samstundes søkt om restaurering av eit gammalt båthus ved Ormsavatn for bruk som lager og båthus. Eksisterande bygning er til nedfall og grunneigar ønskjer å bygge det opp slik den var.

Jamfør verneforskrifta er føremålet med vernet blant anna «Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.» Av verneforskrifta kap1.1 går det fram at oppføring av bygningar ikkje er tillate. Søknad om driftshusvære må derfor vurderast etter dispensasjonsbestemminga i

Suldal kommune har sekretariat for Villreinnemnda for Setesdalsområdet.

Postadr.: Sandsvegen 122, 4230 Sand.
Tlf: 52 79 24 35 (404 18 967)
E-post: jarle.lunde@suldal.kommune.no.
Nettside: <http://villrein.no/setesdal-nemnd/>



naturmangfaldlova. Jamfør kap 1.3 kan det gis løyve til oppattbygging av bygningar som er gått tapt dersom det kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet.

Bakgrunn for uttale

Jfr § 21 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt skal Villreinnemnda arbeida for ei langsiktig berekraftig forvaltning av villreinen og villreinen sine leveområde. Det er eit nasjonalt mål at leveområda til villreinen skal oppretthaldast.

Vurdering og konklusjon

Kunnskapsgrunnlaget tilseier at me her er i kjerneområde i høve til villrein, og då i store delar av året. Saka er gjennom tidlegare dokument godt opplyst og gir føringar for saka. Spørsmålet er om tiltaka etter ny søknad framleis strir mot verneformålet og ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig.

I forhold til tidlegare søknad er den nye lokaliseringa av driftsbygninga endra slik at den ikkje lengre ligg i trekkområde slik denne går fram av Naturbase, men ligg framleis i kalvingsområde. Bygningsarealet er redusert frå 30 til omlag 20 m² BYA. Naustet som er planlagt restaurert ligg nær driftshytta som no er beordra fjerna, og då i trekkområde og kalvingsområde.

Søkar har tidlegare fått dispensasjon til eit driftshusvære lengre sør-aust i området. Også denne i kalvingsområde. Ulike små tiltak vil kvar for seg ofte ikkje ha noko stor konsekvens for villreinen. Legger man i midlertidig summen av tiltak over tid saman, kan den samla belastninga bli så stor at det ikkje er mogleg å nå forvaltningsmåla.

I denne saka meiner me at det ikkje er tilfelle. Den litle driftsbygninga og naustet skal nyttast til forvaltning av utmarksressursane. Endring i ferdsla vil bli særs liten og dermed også innverknaden på villreinen sin bruk av området. Med bakgrunn i det rår nemnda å gi løyve i tråd med søknad.

Vennleg helsing

Knut Hagen
leiar

Rolf Arne Haugen
lokal representant



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 788 Stoa
4809 ARENDAL

Besøksadresse
Garaneset, 4230 Sand

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47

www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2020/7190-3

Saksbehandler: Alf Odden

Dato: 09.09.2020

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	38/20	16.09.2020

Vedlegg:

- 1 SBK-BASE - Søknad om Heliboogie 2021
- 2 Miljødirektoratet - Klageavgjerd for Heliboogie 2020

SBK-BASE - Søknad om helikopterlandingar på Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde i samband med Heliboogie 2021, gnr/bnr, 22/1, Sandnes kommune

Forvalters innstilling

I medhald av §2 og §3, punkt 5.1, i Føreskrift om vern av Frافjordheiane landskapsvernområde, samt §48 i naturmangfaldlova, får SKB BASE v/ Stein Edvardsen dispensasjon til å bruke helikopter til persontransport i samband med arrangementet "Heliboogie 2021". Verneområdestyret legg til grunn at forstyrringa av fotturistar er avgrensa og går føre seg over eit så kort tidsrom at dette vurderast til å ikkje være i strid med verneføremålet. Det visast elles til Miljødirektoratet si klageavgjerd for Heliboogie 2020.

Dispensasjonen gjeld for tidsrommet 19-22. juni 2021.

Dispensasjonen avgrensast til totalt 200 landingar.

Transportane skal gå føre seg mellom dei tre landingspunkta Lysebotn, Kjerag og Geitaneset, og følgje flygeruter som er teikna inn på kartet som følgjer saksutgreiinga.

Verneområdestyret vil presisere at dispensasjonen berre gjeld for basehoppaparar og arrangørstab. Dispensasjonen omfattar ikkje transport av fotturistar og tilskodarar til og frå Kjerag.



Verneområdestyret vil presisere at det ikkje må takast med gjenstandar som kan medføre forsøpling utfor stupkanten. Verneområdestyret vil og understreke at oppsetting av mellombelse installasjonar og bruk av boreboltar er søknadspliktig etter verneføreskrifta.

På bakgrunn av Miljødirektoratet si klageavgjerd vil verneområdestyret invitere SBK-BASE til ein dialog om tidspunkt og varigheit på kommande arrangement.

Dispensasjonen blir gitt med desse vilkåra:

- Det må innhentast nødvendig dispensasjon frå Sandnes kommune og samtykke frå grunneigar.
- Det må leverast inn rapportskjema over kor mange transportar som er gjennomførde til forvaltningssekretariatet innan 1. august 2021.

Andre aktørar som filmmannskap og klatrarar, som blir nemnt i søknaden, må sjølv søke om dispensasjon til helikoptertransport.

Saksopplysninger


Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad datert 18.08.2020, og tidlegare handsamingar av liknande søknader i AU sakane 126/2012, 268/2012 og 62/2013, 30/2018, samt Delegasjonssak RO 49/2017. Viser og til handsaminga av Heliboogie 2020 i styresakene 30/19, 42/19 og 15/20, samt Miljødirektoratet si klageavgjerd datert 07.09.2020.

SBK BASE v/ Stein Edvardsen søker om dispensasjon til helikoptertransport til Kjerag i Fráfjordheiane landskapsvernområde. Søknaden gjeld persontransport i samband med BASE hopp arrangementet "Heliboogie" 23-26. juni 2021. Transportane vil gå føre seg mellom landingspunktane Lysebotn og Kjerag, kor det siste ligg inne i Fráfjordheiane landskapsvernområde. Landingspunktane og flygeruta mellom dei, er teikna inn på eit kart som følgjar søknaden.

Med bakgrunn i usikkerhet knytt til værtilhøva og talet på deltakarar, søker ikkje SBK BASE om eit fast tal transportar, men ber om å få gjennomføra så mange transportar som er naudsynt for arrangementet. Med grunnlag i erfaringar frå tidlegare år vil talet på transportar truleg ligge ein stad mellom 200 og 300. For arrangementet i 2017 rapporterte søkar om 278 gjennomførte transportar, mens talet låg på 157 i 2018. I 2019 gjorde dårleg vær at talet låg på 168, mens berre 44 transportar vart gjennomført i 2020 på grunn av reiserestriksjonar i samband med covid 19.

I følgje opplysningar frå søkar og informasjon på søkar si nettside <http://stavangerbase.com/about-the-helibooogie/>, vart dette arrangementet gjennomført første gang i 1998. Vanlegvis er om lag 25-30 land, og opp til 200 hopparar frå heile verden er representert. Noko som gjer det til det største arrangementet i verden av sitt slag. SBK seier at dei har gjennomført Heliboogie i fleire år med stor suksess, og at den har vore med på å sette Kjerag/Lysefjorden på verdskartet både blant hopparar og andre turistar. All hopping vil i følgje søkaren gå føre seg i kontrollerte former, styrt av SBK.



— Flyrute ned
— Flyrute opp

Handsaming av Heliboogie 2020

I styresak 30/19 av slo verneområdestyret søknaden om å arrangere Heliboogie 2020. Grunngevinga for avslaget var at motorferdsla verka forstyrrande på fotturistane si naturoppleving. Vedtaket vart påklaga av SBK-BASE, Forsand kommune og Lysefjorden utvikling. I styresak 42/19 gjorde derfor verneområdestyret om sitt vedtak og gav dispensasjon til Heliboogie 2020. Denne dispensasjonen vart påklaga av Naturvernforbundet i Rogaland. I si førebunde klagesakshandsaming i styresak 15/20, stod verneområdestyret fast ved dispensasjonen og saka vart sendt til Miljødirektoratet for endeleg klagehandsaming.

I si klageavgjerd datert 07.09.2020 avviser Miljødirektoratet klagen frå Naturvernforbundet i Rogaland, og opprettheld verneområdestyret sitt vedtak om dispensasjon i styresak 42/19, men med ei endring i form av eit nytt vilkår. Her heiter det at dispensasjonen avgrensast til totalt 200 landingar.

I klageavgjerda legg Miljødirektoratet vekt på at forstyrringa frå helikoptertrafikken er tidsmessig avgrensa på ein slik måte at det ikkje kjem i strid med verneføreskrifta sitt føremål om ålmenta sitt høve til naturoppleving. Når arrangementet heller ikkje påverkar verneverdiane negativt, er det grunnlag for å gje dispensasjon etter §48 i naturmangfaldlova. Samstundes meiner Miljødirektoratet at det ikkje er ønskeleg at arrangementet aukar ytterlegare i volum, og det derfor bør settast eit tak for talet på landingar.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde av 30.01.2004.
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015
- Naturmangfaldlova.

Heimelsgrunnlag

Frafjordheiane landskapsvernområde og dei tilgrensande naturreservata Ørestø og Migaren vart oppretta ved Kronprinsregenten sin resolusjon 19.12.2003. Direktoratet for naturforvaltning vedtok 30.01.2004 ei mindre endring i verneforskrifta.

Føremålet med opprettinga av Frafjordheiane landskapsvernområde er etter §2 mellom anna:

- å ta vare på eit representativt, særprega og vakkert landskap, med bratte fjord- og dalsider via lågheiar opp til glattskurt høgfjell.

- å ta vare på vatn og vassdrag, viktige leveområde for eit særmerkt plante- og dyreliv, geologiske landskapsformer, samt beite- og stølslandskap med automatisk freda og nyare tids kulturminne.

Vidare heter det at *"Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging"*.

Motorisert ferdsel i verneområdet blir regulert av verneforskrifta §3, punkt 5.1. Her heter det at motorferdsel er forbode på land og i vatn, og vidare at *"Flyging lågare enn 300 m over bakken, og landing og start med motordrivne luftfarty er forbode. Henting og bringing av passasjerar og gods, der luftfartyet ikkje er nær bakken, er og forbode"*. I §3, punkt 5.2 er det nemnt einskilte unnatak frå forbodet og i §3, punkt 5.3 er det lista opp fleire tiltak som forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til etter søknad.

Etter forvaltningsmyndigheita si vurdering kjem dei omsøkte helikoptertransportane ikkje inn under nokre av dei tiltaka som er nemnt i §3, punkt 5.2 og 5.3 i verneføreskrifta for Frarfjordheiane landskapsvernområde. Dispensasjonssøknaden må derfor handsamast etter §48 Naturmangfaldslova som har avløyst dei generelle dispensasjonsreglane i §4 i verneføreskrifta.

I §48 i Naturmangfaldslova heter det at "Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig".

Rundskrivet *Forvaltning av verneforskrifter* (Miljødirektoratet 2014) gir føringer for dispensasjonsbehandling etter § 48. I følge rundskrivet må følgende to vilkår begge være oppfylt for å kunne gi dispensasjon:

- Tiltaket kan ikke påvirke verneverdiene nevneverdig.
- Tiltaket må ikke stride mot vernevedtakets formål.

Det følger av samme retningslinjer at forvaltningsmyndigheten særlig bør vurdere presedensvirkninger av en dispensasjon.

Helikoptertransportar til Kjerag blir også særskilt omtala i Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og, kapittel 3.6.4 under overskrifta *"Retningslinjer for bruk av helikopter til Kjerag i samband med reiseliv, marknadsføring og basehopping"* på side 74. Her er det utarbeida nærare retningslinjer og vilkår for handsaming av dispensasjonssøknadar i samband med helikoptertransport til mellom anna filmopptak. Formålet med retningslinjene er mellom anna å gje ein mest mogleg avklara forvaltningspraksis, avgrense negative effektar på verneverdiar og opplevingskvalitetar, og å lette oppsynsoppgåvene. Retningslinjene er ei vidareføring av tilsvarande retningslinjer i Fylkesmannen i Rogaland si forvaltningsplan for Frarfjordheiane frå 2007. I Forvaltningsplanen heitar det vidare:

- "Tidsvindauga" vil bli strengt handheva, og avgrensa til fire samanhengande dagar i andre halvdel av juni, og fire dagar i september. "Tidsvindauga" skal definerast med datoar i kvar einskild dispensasjon, utan høve til forlenging grunna dårleg vêr eller liknande.
- I vurderinga av søknaden, skal det vere avgjerande om helikopterflyging er absolutt naudsynt for å gjennom- føre tiltaket.
- "Tidsvindauga" i september er reservert for reportasjeverksemd.
- Flyging og landing skal skje kortaste veg frå fjorden og inn til stupkanten ved Kjeragplatået, eventuelt Geitaneset, med retur same veg.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Frafjordheiane landskapsvernområde.


Vurdering

Naturmangfaldlova

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit. Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Innverknad på verneverdiar og verneføremål

Den omsøkte landingsplassen ligg om lag 950 moh nær kanten mot Lysefjorden. Området består av mykje fjell i dagen og flekkar med skrin vegetasjon. Hovudsakleg lav, mose og grasartar. Landingsplassen er lokalisert om lag 700 m nordvest for utkikkspunktet ved Nesatind og om lag 800 m nord for Kjeragbolten.



Kart over landingspunkt, Kjeragbolten og Nesatind.

Denne delen av Frafjordheiane blir i liten grad brukt av villreinen og denne låge bruken har vore mønsteret ei tid. Dette blir og stadfesta av resultatata frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011). Her er det dokumentert at ingen av dei ni simlene som har nytta sørområdet har vore i nærleiken av området der arrangementet skal gjennomførast den tida dei hadde sendar. Heller ikkje nyare GPS data frå www.dyreposisjoner.no har registrert plott frå området.

I Norsk Villreinsenters rapport Kartlegging av villreinsens arealbruk i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010) er det ikkje registrert villreintrekk i dette området.

Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon (www.naturbase.no) og tilsvarende informasjon frå Temakart Rogaland. Her er det registrert ein hekkelokalitet for Tårnfalk i den bratte fjellveggen om lag 400m frå det omsøkte landingspunktet på toppen av Kjerag. Tårnfalk er i oppført som livskraftig i den nasjonale røddlista, men arten er svært sårbar for forstyrningar i nærleiken av reirplassen. Dette gjelder særlig for perioden for egglegging og ruging frå slutten av mai og ut juni.

Så langt forvaltningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase, er det ikkje registrert informasjonen om prioriterte arter, trua eller nær trua arter på Norsk rødliste for arter 2015 eller andre verdifulle arter. Det er heller ikkje informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk rødliste for naturtypar 2011 eller andre verdifulle naturtypar. Det er ikkje komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike arter og/eller naturtypar i det aktuelle område som kan ta skade av motorferdsla det er søkt om. I følge Fylkesmannen i Rogaland (2001) er områda rundt Kjerag gjennomgåande artsfattige.

Kunnskap om kulturminne i området baserer seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.askeladden.no). Her er det ikkje registrert kulturminne i nærleiken av den aktuelle landingsplassen.

Det er svært mykje ferdsle i dette området i samband med fotturisme. Ferdselsteljingane i 2016 og 2017, dokumenterte at talet på besøkande på Kjerag nå var på 55-60.000 pr år. Noko som var langt høgare enn i 2011 og i 2014, da tidlegare forvaltningspraksis og innhaldet i forvaltningsplanen vart utarbeidd. Ferdselsteljingane viste og at det var svært mange besøkande på Kjerag rundt 20. juni når Heliboogie blir arrangert. Ein fekk nå dokumentert at 20. juni var ein del av hovudsesongen med om lag 150-1100 besøkande kvar dag, alt etter værtilhøve og vekedag.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som godt. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Det omsøkte tiltaket vil gå føre seg relativt nær dei registrerte hekkelokalitetane for tårnfalk, men på eit tidspunkt som gjer at det er liten fare for redusert hekkesuksess. I og med at det ikkje er registrert andre sårbare artar og naturtypar i på staden, vil desse helikopterturane, etter forvaltningssekretariatet si vurdering, berre i liten grad føre til større belastning på økosystemet i område.

Det er fare for at fotturistane som oppheld seg på Kjerag desse dagane vil dei kunne få ei redusert naturoppleving. Sjølv om avstanden til landingsplassen frå Nesatind og Kjeragbolten er 7-800 m, og svært få av dei besøkande går vidare enn Kjeragbolten og såleis kjem i direkte kontakt med BASE hopparane, vil ein både kunne sjå og høyre helikoptera når dei landar og tek av.

BASE hopp arrangement med helikoptertransport av hopparane, var ein pågåande aktivitet da Frafjordheiane landskapsvernområde vart oppretta i 2004. Nærare retningslinjer for gjennomføringa av arrangementet vart såleis nedfelt i den første forvaltningsplanen for verneområdet og vidareført i den eksisterande.

Om eit tek utgangspunkt i tilhøva ved vernetidspunktet, har talet på helikoptertransportar under arrangementet har auka samstundes som talet på besøkande til Kjerag har blitt mangedobla. Dermed har forstyrringane i samband med arrangementet blitt meir omfattande og påverkar mange fleire fotturistar. Eventuelle dispensasjonar bør derfor innehalde ei øvre grense for kor mange helikopter transportar som kan gjennomførast kvart år. Ei avgrensing til 200 transportar vil kunne redusere forstyrringane noko, utan at det medfører urimelege konsekvensar for arrangementet.

Vurdering av presedensverknader

Heliboogie er eit einestående arrangement i verneområda som Verneområdestyret for SVR har forvaltningsmynde for. Aktiviteten var etablert før Frafjordheiane vart verna i 2004, og retningslinjer for arrangementet vart fastsett i forvaltningsplanane for området i 2007 og 2015. Ein dispensasjon vil derfor ikkje ha direkte presedensverknadar for Frafjordheiane eller nokon av dei andre verneområda som Verneområdestyret for SVR har forvaltningsmynde for. Samstundes er det eit stort paradoks et det



blir gitt dispensasjon til så mange persontransportar med helikopter til Kjerag, når det er en streng praksis i høve til persontransport elles i verneområda.

§12 omhandlar miljøforsvarleg teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. I høve til transportbehovet som er skissert i søknaden, vurderer forvaltningsmyndigheita bruk av helikopter som eit aktuelt alternativ, sjølv om BASE hopp frå Kjerag gjennomførast utan helikoptertransport resten av året.

§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing. Dersom det blir påvist søppel frå arrangementet vil tiltakshavar bli pålagt og rydde opp.

Konklusjon

Det omsøkte tiltaket vil berre i liten grad ein negativ innverknad på verneverdiane knyt til naturmangfaldet i Frafjordheiane landskapsvernområde, og vil i liten grad komme i konflikt med verneføremålet på dette området.

På grunn av det avgrensa talet på dagar, flygeruta rett opp frå Lysefjorden og avstanden til Kjeragbolten og Nesatind, blir forstyrringa av fotturistane i området ikkje vurdert til å være av eit slik omfang at det er i strid med verneføremålet. Det er såleis grunnlag til å gje dispensasjon etter naturmangfaldlova si §48, første ledd, første alternativ.

SBK BASE

Galeivegen 6

4056 Tananger

Tlf: +47 90117115

Email: stein.edwardsen@lyse.net

18.08.2020

Verneområdestyre Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og Frafjordheiane.

Søknad om landingsløyve.

SBK BASE vil med dette søke om landingsløyve på Kjerag, Geitaneset og Lysebotn i forbindelse med Heliboogie 2021

Landingsløyvet det søkes om er fra og med onsdag 23. juni til og med Lørdag 26. juni 2021.

Løyyvet omfatter utstyr og persontransport under Heliboogie arrangementet.

Vi ønsker å transportere utstyr og personell opp og ned fra fjellet under disse dagene. Eksempelvis basehoppere, paraglidere speedflyere, hangglidere, klatrere, film mannskap, tilskuere og andre som ønsker å oppleve å se aktivitetene på nært hold.

Flyruten blir lagt slik at verneområdet eksponeres minimalt, se kart for flyvning opp og ned.

Landingspunktet på Kjerag er ca. 700 meter fra turist plassen ved den kjente Bolten og ligger delvis skjermet slik at andre turister blir minimalt plaget av støy.

Landing på Geitaneset blir begrenset til kun nødstilfelle eller annen prekær situasjon.

Litt om Heliboogien:

Heliboogie hadde sitt første arrangement i 1998 og har siden den gang vært arrangert årlig. Dette er et arrangement som trekker basehoppere, andre ekstremsportsutøvere, tilskuere, diverse TV og dokumentar produksjoner til fantastiske Lysebotn og Kjerag. Heliboogie er det største arrangementet som arrangeres i Lysebotn og er blitt en god tradisjon og varer vanligvis en hel uke. Arrangementet er verdenskjent og trekker aktører fra hele verden. Vi har deltakere fra typisk 25 - 30 forskjellige land under Heliboogie uken.



— Flyrute ned
— Flyrute opp

Mvh

Stein Edwardsen



Naturvernforbundet i Rogaland
Postboks 441, Sentrum
4002 STAVANGER

Trondheim, 07.09.2020

Deres ref.:
[Deres ref.]

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2020/4401

Saksbehandler:
Helene Mokkelbost

Avgjørelse i klagesak – klage på tillatelse til helikoptertransport for arrangementet Heliboogie 2020 – Frafjordheiane landskapsvernområde

Vi viser til klage av 31.12.2019 på verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheianes (verneområdestyret for SVR) vedtak i møte 13.12.2019. Klagesaken ble oversendt til direktoratet 23.3.2020.

Sakens bakgrunn

Basehopp-arrangementet Heliboogie har blitt avholdt siden 1998 i Kjerag, og fra 2004 innenfor grensene til Frafjordheiane landskapsvernområde.

Arrangøren SBK-Base As søkte 20.8.2019 om dispensasjon fra verneforskriften for avholdelse av arrangementet 17.-20.6.2020. Verneområdestyret for SVR avsto søknaden i vedtak 26.9.2019 da helikoptertrafikken ble vurdert å medføre en slik forstyrrelse av fotturister at aktiviteten var i strid med verneformålet og dermed ikke lenger kunne tillates. Vedtaket ble påklaget av søker SBK-Base As, Forsand kommune og Lysefjorden utvikling. Verneområdestyret omgjorde sitt vedtak på bakgrunn av disse i vedtak i møte 13.12.2019, slik at det ble gitt tillatelse til å benytte helikopter til persontransport i forbindelse med arrangementet "Heliboogie". Av vedtaket fremgår:

"Dispensasjonen gjeld for tidsrommet 18.-21. juni 2020.

Transportane skal gå føre seg mellom dei tre landingspunkta Lysebotn, Kjerag og Geitaneset, og følgje flygeruter som er teikna inn på kartet som følgjer saksutgreiinga.

Verneområdestyret vil presisere at det ikkje må takast med gjenstandar som kan medføre forsøpling utfor stupkanten. Verneområdestyret vil og understreke at oppsetting av mellombelse installasjonar og bruk av boreboltar er søknadspliktig etter verneføreskrifta.

Dispensasjonen blir gitt med desse vilkåra:

- *Eventuelt søppel må fjernast frå områda både over og under stupet så snart arrangementet er ferdig.*
- *Dispensasjonen gjeld berre for arrangørstab og betalande deltakarar på Heliboogie.*
- *Det må innhentast nødvendig dispensasjon frå Forsand kommune og samtykke frå grunneigar.*
- *Det må leverast inn rapportskjema over kor mange transportar som er gjennomførde til forvaltningssekretariatet innan 1.august 2020."*

Denne tillatelsen ble igjen påklaget av dere den 31.12.2019. Styret oppretthold sin tillatelse i møte den 18.3.2020, og saken ble deretter oversendt Miljødirektoratet for klagebehandling. Arrangementet ble avholdt i juni 2020.

Klagers anførsler

I klagen anføres at tillatelsen til arrangementet er gitt i strid med verneforskriften, at den heller ikke kan hjemles i naturmangfoldloven § 48, og at vedtaket dermed er ugyldig. Bruk av helikopter i forbindelse med basehopping er etter deres vurdering i strid med *"verneforskriftens formål, da denne aktiviteten mangler forankring i tradisjonelt friluftsliv og helikoptertransport må sies å representere en vesentlig teknisk tilrettelegging"*. Det vises til at det i forbindelse med arrangementet i 2017 ble montert ulike installasjoner på kanten av stupet, bl.a. festet med borebolter. Det har også vært tilfeller hvor basehopperne har hoppet med løse gjenstander som sykler, lenestoler, akebrett osv. og at dette har medført forsøpling ved foten av fjellet.

Det anføres videre at verneforskriftens formål ikke er å tilrettelegge for masseturisme eller lokalt næringsliv. I dispensasjonen til helikoptertransport under Heliboogien 2020, mener dere verneområdestyret vektlegger hensynet til turisme og lokalt næringsliv tyngre enn formålet med verneforskriften. Arrangementet har videre nærmest fått en "permanent" dispensasjon gjennom mange år, hvilket ikke er i tråd med intensjonen i nml § 48, der dispensasjon skal gis ved enkeltvis vedtak i særlige tilfelle. I klagen vises også til at Miljødirektoratet i sin oversendelse til Klima- og miljødepartementet 2.5.2019 har foreslått endring av verneform for Frafjordheiane, fra landskapsvernområde til nasjonalpark, som ble begrunnet bl.a. med at dette vil gi bedre beskyttelse.

Verneområdestyrets merknader

Verneområdestyret viser til at det å tillate aktuell transport i en tidsbegrenset periode en gang pr. år ikke vil ha nevneverdig negativ innvirkning på verneverdiene eller være i strid med verneformålet knyttet til allmennhetens mulighet for naturopplevelser gjennom utøvelse av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging. Det er ingen teknisk tilrettelegging i forbindelse med transporten og styret vurderer at den heller ikke hindrer naturopplevelser. Det vises videre til at det er gitt tillatelse for denne transporten i flere år uten at det har medført ulemper for friluftsliv eller verneinteresser tidligere.

Lovgrunnlaget

De omsøkte helikoptertransportene vil skje mellom landingspunktene Lysebotn, Kjerag og Geitaneset, hvorav de to siste ligger inne i Frafjordheiane landskapsvernområde. Verneområdet ble opprettet ved Kronprinsregentens resolusjon 19.12.2003. Formålet med vernet er å ta vare på et representativt, særpreget og vakkert landskap, jf § 2, men også at: *"Allmenta skal ha høve til naturopplevelse gjennom utøvelse av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging"*. Med liten grad av teknisk tilrettelegging menes ikke motorisert transport, men merking av stier, klopplegging, bygging av enkle bruer o.l. Flyvning lavere enn 300 meter over bakken, samt all landing og start med motorisert luftfartøy er forbudt, jf § 3 pkt. 5.1, og rammer dermed aktuelle søknad. Hverken unntaket fra dette forbudet inntatt i § 3 pkt. 5.2, eller den spesifiserte søknadshjemmelen i § 3 pkt. 5.3 kan anvendes, slik at søknaden må behandles etter den generelle dispensasjonshjemmelen i naturmangfoldloven § 48, som erstatter verneforskriften § 4. Etter bestemmelsen kan forvaltningsmyndigheten gi tillatelse dersom tiltaket ikke er i strid med verneformålet eller vil påvirke verneverdiene nevneverdig. At et tiltak ikke må påvirke verneverdiene nevneverdig viser at adgangen til å gi dispensasjon er snever, og bestemmelsen er ment å være en sikkerhetsventil. I tillegg til nevnte bestemmelser skal prinsippene i nml §§ 8 til 12 legges til grunn som retningslinjer ved behandling av søknaden, jf nml § 7.

I 2015 ble det utarbeidet en forvaltningsplan for Setesdal-Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, og Frafjordheiane landskapsvernområde er nærmere omtalt i denne i pkt 3.6. Bruk av helikopter til Kjerag i forbindelse med reiseliv, markedsføring og basehopping er særskilt omtalt, herunder arrangementet Kjerag-Boogie som er det samme som årets Heliboogie. Når det gjelder dette sies: "

Når det gjeld Kjerag Boogie har dette arrangementet vore gjennomført i 15 år, og har vist seg vanskeleg å gjennomføre utan bruk av helikopter". Det fremgår vidare at dersom vilkårene for å gi dispensasjon etter nml § 48 er til stede, skal følgende vilkår legges til grunn:

- *aktiviteten må skje i et tidsvindu som skal håndheves strengt og avgrenses til fire sammenhengende dager i andre halvdel av juni og fire dager i september. Tidsvinduet skal defineres med datoer i hver enkelt dispensasjon uten mulighet til å forlenge på grunn av dårlig vær eller lignende*
- *I vurderingen av søknaden skal det være avgjørende om helikopterflyvning er absolutt nødvendig for å gjennomføre tiltaket*
- *Tidsvinduet i september er reservert for ulike reportasjeverksemd*
- *Flyging og landing skal skje kortaste veg frå fjorden og inn til stupkanten ved Kjeragplatået, eventuelt Geitaneset, med retur same veg.*

Miljødirektoratets vurdering

Dere er klageberettiget, jf. forvaltningsloven (fvl) § 28, og har klaget rettidig, jf. fvl § 29. Klagen gjelder gitt tillatelse til arrangementet Heliboogie for 2020, som allerede er avholdt. Dette er et årlig arrangement og en avgjørelse i klagesaken vil derfor ha betydning for fremtidige arrangement.

Eksisterende kunnskap om naturverdiene i landskapsvernområdet er god, jf nml § 8 jf § 9, og finnes i Naturbase og forvaltningsplanen som ble ferdigstilt i 2015. Det er landskapet i området som er vernet, herunder "bratte fjord- og dalsider via lågheiar opp til glattskurt høgfjell", jf forskriften § 2, som nettopp er verdier som gjør området attraktivt for et arrangement som "Heliboogie". Forvaltningsmyndigheten har i tillegg god kunnskap om de særskilte verdiene på steder arrangementet skal benytte, og det vises til forvalters og verneområdestyrets redegjørelse i vedtaket. Videre er det gjort vurderinger og angitt noen rammer for aktuelle arrangement i forvaltningsplanen.

Når det gjelder kunnskap om arrangementet som volum, antall landinger, gjennomføring, og eventuelle effekter på verneverdier, vurderes også denne å være god. "Heliboogie" har siden starten i 1998 utviklet seg og er i dag ett av de største basehopp-arrangementet av sitt slag i verden. Det opplyses at i tillegg til basehoppere som er de hovedsakelige deltagerne, tiltrekker arrangementet seg aktiviteter som paragliding, speedriding, longboarding, klatring, samt at det på kveldstid er konserter. Statens naturoppsyn hadde oppsyn med arrangementet i 2019, uten merknader, og har også vært til stede i år. Arrangøren ble i år anmeldt for brudd på vilkårene for tillatelsen mht. hvilke personer som skal ha blitt fraktet i helikopter. Saken er ikke avgjort og vil ikke ha noen innvirkning på vurderingen i denne saken, idet den omhandler hvorvidt en tillatelse for 2020 skal gis. Konstaterte brudd på vilkår i en gitt tillatelse vil imidlertid kunne få betydning i vurderingen av hvorvidt en tilsvarende, ny tillatelse skal gis. Arrangementet ble i år avholdt med redusert deltagelse pga. covid 19, og det ble gjennomført 44 landinger. I tillatelsene til arrangementet har det med to unntak ikke vært satt et tak for antall landinger. I 2018 ble det satt et tak på 300 transporter, for 2019 ble dette tallet 250. Gjennomførte landinger for 2019 var 168 pga. dårlig vær og mindre hoppere. Samtidig har annen turisme i området, herunder fotturismen også utviklet seg i volum. I 2011 besøkte om lag 25.-30.000 fotturister Kjerag, og ved ferdselstillinger i 2016 og 2017 samt brukerundersøkelser fra NINA (2017) var dette tallet økt til ca 55.-60.000 besøkende pr. år. Dette er langt høyere enn da både forvaltningspraksisen om å gi tillatelse til arrangementet ble etablert, samt også da forvaltningsplanen ble laget. En annen dokumentert endring er at tiden rundt 20.juni har blitt høysesong for fotturismen, mens dette tidspunktet tidligere var i starten av sesongen.

Frafjordheiane er et landskapsvernområde. I forbindelse med prosessen rundt et supplerende vern har Fylkesmannen i Rogaland foreslått omgjøring til nasjonalpark. Det er så langt ikke tatt nærmere stilling til forslaget.

Spørsmålet klagesaken reiser er hvorvidt omsøkte helikopteraktivitet kan finne sted i landskapsvernområdet med hjemmel i nml § 48. Den konkrete vurderingen blir hvorvidt dette er i

strid med vernevedtakets formål eller kan påvirke verneverdiene nevneverdig. For å kunne gi dispensasjon kreves at begge vilkår er oppfylt. Selv om vilkårene er oppfylt, har søker imidlertid ikke krav på tillatelse. Forvaltningsmyndigheten avgjør i slike tilfeller om dispensasjonen skal gis ut fra en avveining av rettslig relevante hensyn. Inn i denne skjønnsvurderingen kommer i tillegg de rammene som er satt i forvaltningsplanen formulert som vilkår, herunder at helikopterflyvning skal være absolutt nødvendig for å gjennomføre arrangementet. Innledningsvis finner vi grunn til å kommentere at vi er enige med dere i at årlige dispensasjoner over så vidt mange år ikke er i tråd med intensjonen bak nml § 48. Årlig, gjentakende aktivitet som faller inn under noen av forbudsbestemmelsene i forskriften bør derfor reguleres særskilt. Når det er sagt medfører ikke at nml § 48 ikke kan benyttes, eller at en tillatelse til årlige arrangement vil være ugyldig.

Allmenhetens mulighet til naturopplevelser gjennom utøvelse av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging er en del av verneformålet, og den konkrete vurderingen blir om aktuelle helikopteraktivitet over inntil 4 dager i 2020 er i strid med dette. Etter forvaltningsplanen tillates slik aktivitet i to tidslommer i året; én i juni og én i september som skal forbeholdes reportasjevirksomhet. Som det fremgår av forvalters innstilling til styret i vedtak datert 18.12.2019, foreligger både nasjonal og internasjonal forskning som viser at menneskers forventning og motiv for å oppsøke naturen og særlig verneområder, i stor grad er for å oppleve naturen, dyreliv, samt fred og ro og fraværet av mekanisk støy. Det er samtidig dokumentert at det å se og høre fly og helikopter i slike områder generelt sett har en negativ effekt på opplevelsen. I saken fremkommer at klager på aktiviteten fra fotturister har vært fraværende, og at mange tvert imot har vært positive og sett på basehoppingen som en spennende opplevelse. Fraværet av klager sier imidlertid lite om den enkeltes reelle opplevelse av det å være fotturist i området, slik at man her må legge eksisterende forskning til grunn. Selv om det legges til grunn at aktiviteten er forstyrrende, er denne begrenset til inntil 4 dager. I formålsbestemmelsen er det ikke muligheten til uforstyrret friluftsliv som alene er beskyttet, men muligheten til naturopplevelser gjennom tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging. Forstyrrelse inngår som ett av flere aspekt i denne muligheten, men vi finner at en slik tidsmessig avgrenset forstyrrelse uten teknisk tilrettelegging ikke er i strid med den generelle muligheten til slike naturopplevelser i området. Arrangementet representerer heller ingen påvirkning av verneverdiene i i landskapsvernområdet, og vi finner at vilkårene etter nml. § 48 er oppfylt.

Selv om vilkårene for å kunne gi tillatelse vurderes å være til stede, må det foretas en konkret vurdering av om tillatelse skal gis, herunder skal rammene som er satt i forvaltningsplanen vektlegges. Her fremgår at flyvningen skal være absolutt nødvendig for å gjennomføre tiltaket. Direktoratet er enig i at enkeltvis basehopping i seg selv ikke krever helikoptertransport i dette området, da plataet kan nås gjennom en fottur på 2-3 timer. Som arrangement ser vi imidlertid at dette vil være nødvendig, noe det også konkluderes med i forvaltningsplanen. Vi vurderer derfor at de vilkår som er satt i forvaltningsplanen er til stede.

Omsøkte helikopteraktivitet er som et generelt utgangspunkt ikke ønskelig i et vernområde. Dersom dette hadde vært en førsteårssøknad, ville et avslag vært nærliggende. Saken er imidlertid spesiell: Arrangementet har langvarig praksis, og har funnet sted siden før verneområdet ble etablert. Videre krever arrangementet og basehoppingen spesielle naturgitte forhold som gjør at steder slike arrangement kan finne sted er svært begrenset. Avgjørende for direktoratet er imidlertid at arrangementet har begrenset varighet på inntil 4 dager, og at aktiviteten gjennom et tidsvindu i forvaltningsplanen styres til et gitt tidspunkt hvert år. Dette både begrenser forstyrrelsen, samt gjør det mer forutberegnelig når slik aktivitet vil finne sted. Dette kan igjen inngå i den generelle informasjonen til fotturister som evt. kan velge et annet tidspunkt for sin tur til området, om ønskelig. Videre kan arrangementet styres gjennom mer detaljerte vilkår dersom dette anses nødvendig. Vi er enig i at utviklingen i arrangementets størrelse kombinert med en økning i antall fotturister kan medføre en konflikt mellom brukerinteresser. Det er ikke ønskelig at arrangementet øker ytterligere i volum, og det bør derfor settes et tak for antall landinger. Vi finner at denne for 2020 bør begrenses til 200 landinger. For fremtiden kan det også vurderes å redusere antall aktive dager med helikoptertransport i løpet av en 4-dagers tidsramme. Videre bør

forvaltningsmyndigheten vurdere hvorvidt tidsvinduet for aktuelle arrangement bør flyttes, idet dette nå sammenfaller med høysesongen for fotturisme.

Vedtak

Miljødirektoratet opprettholder verneområdestyrets vedtak fattet i møte 13.12.2019 med følgende endring i form av nytt vilkår for dispensasjonen:

Dispensasjonen begrenses til totalt 200 landinger.

Denne avgjørelsen er fattet med hjemmel i forvaltningsloven § 34 fjerde ledd, verneforskriften for Frafjordheiane landskapsvernområde og naturmangfoldloven § 48.

Direktoratets vedtak er endelig og kan ikke påklages, jf. forvaltningsloven § 28 tredje ledd.

Hilsen

Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Knut Fossum
seksjonsleder

Helene Mokkelbost
seniorrådgiver

Tenk miljø - velg digital postkasse fra e-Boks eller Digipost på www.norge.no.

Kopi til:

SBK Base AS

Sandnes kommune

Fylkesmannen i Rogaland

Verneområdestyret for Setesdal vesthei, Ryfylkeheiane,

Frafjordheiane

Gaileiveien 6 4056 TANANGER

Postboks 583 4302 SANDNES

Postboks 59 4001 Stavanger

Postboks 24 4748 RYSSTAD



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 788 Stoa
4809 ARENDAL

Besøksadresse
Garaneset, 4230 Sand

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47

www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2017/10970-26

Saksbehandler: Alf Odden

Dato: 09.09.2020

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	39/20	16.09.2020

Vedlegg:

- 1 Notat om villrein og ferdsel i Holmavassåno biotopvernområde og tilgrensande areal

Villreinfaglege råd om tiltak for å betre trekkmoglegheitene i Holmavassåno biotopvernområde og tilgrensande areal

Forvalters innstilling

Verneområdestyret godkjenner framlegg til brev til Hydro.

Verneområdestyret tek vedlagt notat om villrein og ferdsel i Holmavassåno biotopvernområde til orientering.

Saksopplysninger

Verneområdestyret skal i denne saka ta stilling til innhaldet i framlegget til brev til Hydro. Brevet inneheld SVR sine råd om aktuelle tiltak som kan betre trekkmoglegheitene for villreinen i Holmavassåno biotopvernområde.

Anleggsvegen mellom Sandvatnet og Holmavatnet og bruken av denne er ikkje omtala i verneføreskrifta. Verneområdestyret si rolle vil derfor i første rekke være å gi rette forvaltningsmynde råd som kan sikre at verneverdiane blir tatt vare på. I denne saka vil dette være Hydro som har fått delegert mynde frå Olje- og energidepartementet. NVE vil og spele ei rolle i ein eventuell revisjonssak.

Bakgrunn for saka

I samband med utarbeiding av Forvaltningsplan for SVR, vart det gjennomført ei statusvurdering av trugsmål mot verneføremål og verneverdiar i alle verneområde verneområdestyret for SVR har forvaltningsmynde for. Her fekk Holmavassåno status som truga ettersom trekkvegane som var

utgangspunktet for vernet hadde svært avgrensa bruk. Grunneigaren i området, Odd Kjos-Hanssen, meinte mellom anna at villreintrekket gjennom området nærast hadde opphøyr i barmarkssesongen. Han peika på motorferdsla på den 7 km lange anleggsvegen gjennom verneområdet som ein viktig årsak. I ei tilbakemelding på arbeidet med forvaltningsplanen uttrykte og Miljødirektoratet bekymring for statusen i biotopvernområdet.

Kjos-Hanssen har skrivne fleire brev til Hydro og NVE om problemstillinga. I sitt svarbrev (med SVR og Hydro som kopimottakar) 23.05.2018, går NVE gjennom saken og konkluderer med følgjande: *«Noverande retningslinjer for tildeling av nøklar vart etablert i 1982. Etter dette, i 1997, vart Holmevassåno biotopvernområde oppretta. NVE kan ikkje ta stilling til om eksisterande retningslinjer og praksis tek tilstrekkeleg omsyn til villrein. Vi konstaterer at dagens retningslinjer vart etablert før oppretting av Holmevassåno biotopvernområde. SVR sin forvaltningsplan for 2014 konkluderte med at trekkvegen er under sterkt press på grunn av ferdsla på anleggsvegen. Etter NVE si vurdering tilseier dette at retningslinjene bør gjennomgåast på nytt. Dette kan med fordel finne stad før prosessen med fornying av reguleringskonsesjonen, då dette ligg noko fram i tid».*


I sitt tilsvaret til NVE, datert 01.08.2018 skriv Hydro mellom anna at revisjonsprosessen for Røldal/Suldal allereie er i gang, og at noverande konsesjon går ut i 2022. Ein bør derfor vente med endringa av retningslinjer for anleggsvegen til planlagde utgreiingar av vegen si innverknad på villreinen er gjennomført. Hydro viser i denne samanheng til eit utgreiingsprogram som er under utvikling saman med vertskommunane. Hydro avsluttar med at dei ønskjer at Suldal kommune og NVE skal avgjere bruken av anleggsvegen i dei reviderte vilkåra, og at andre forvaltningsorgan (t.d. SVR) overtar administrasjonen av bruken av anleggsvegen. Hydro peikar og på at grunneigarane rundt Holmavatnet er usamde om retningslinjene for bruken av vegen, og at dette ikkje kan løysast på ein enkel måte.

Arbeidsutvalet i verneområdestyret for SVR drøfta breva frå NVE og Hydro i møte 10.09.2018. Etter møtet sendte SVR eit brev til NVE 20.09.2018. AU gav i brevet uttrykk for at det er riktig å engasjere seg i denne saka ettersom SVR ikkje har ein direkte lovheimel til å regulere bruken av anleggsvegen, og derfor er avhengig av eit godt samarbeid med NVE og Hydro for å kunne ta vare på verneverdiane i Holmavassåno biotopvernområdet. AU støtta og NVE si tilråding om å fastsette nytt regelverk for anleggsvegen før prosessen med fornying av reguleringskonsesjonen. AU meinte og at kunne være fornuftig å vente med fastsetting av eit nytt regelverk, til etter den varsla utgreiinga om anleggsvegen sin påverknad på villreinen sine trekkmoglegheiter ligg føre. AU påpeika og at det var mest naturleg at og eit nytt regelverk blir handheva av konsesjonær, slik det er for andre anleggsvegar i SVR området.

I Besøksstrategi for SVR heiter det mellom anna på side 46-47, at SVR skal være ein pådrivar for å skaffe betre dokumentasjon om ferdsla på anleggsvegen og kva for effekt den har på villreinens trekkmoglegheiter. Det heiter og at SVR skal arbeide for at biltrafikken på anleggsvegen blir redusert.

Norconcult har på oppdrag frå Hydro utarbeidd ein fagrapport om villrein i Røldal-Suldal sitt konsesjonsområde. Denne rapporten vart offentleg i august 2020. Kartlegging av ferdsl ligg utanfor mandatet til denne rapporten. I 2019 gjennomførte derfor SVR registreringar av biltrafikk på anleggsvegen og anna ferdsl i nærliggande områder. Det vart og gjennomført ei kartlegging av villreinen sin bruk av området. Resultata frå SVR sine undersøkingar er samla i notatet «Villrein og ferdsl i Holmavassåno biotopvernområde og tilgrensande areal» som ligg ved denne saka. I notatet er og Norconcult sine viktigaste funn og tilrådingar innarbeidd.

I 2019 var det tre hovudbrukarar av vegen. Hydro stod for 14% av biltrafikken, grunneigar i verneområde Odd Kjos-Hanssen stod for 40%, mens grunneigarane på austsida av Holmavatnet i Vinje og Bykle stod for 30% av trafikken. Hovudtyngda av biltrafikken til grunneigarane var i samband med utleige av beite, hytter, jakt og fiske.



Kart over området

Vurdering

Kunnskapsgrunnlaget baserer seg på vedlagt notat frå SVR, Norconsult sin fagrapport på villrein, samt rapportar og forskingsartiklar av Olav Strand, Manuela Panzacchi, og resten av fagmiljøet ved NINA som er knytt til GPS-prosjektet (sjå til dømes .

Kunnskapsgrunnlaget for både omfanget av ferdselen i området og villreinen sin arealbruk er nå på plass, og ein kan nå ta opp att tråden frå 2018 med å sjå nærare på ferdselen på anleggsvegen.

Villreinen trekker framleis gjennom Holmavassåno biotopvernområde, men i eit avgrensa omfang og område blir ikkje bruka av forstringsflokkar i barmarkssesongen.

Isolert sett er ikkje ferdsla på anleggsvegen særleg omfattande. Til saman 330 passeringar av køyretøy i tidsrommet juli-september vil normalt ikkje være nok til å skape større barriereeffektar for villreinen. Samstundes er området frå før sterkt påverka av tekniske inngrep i samband med Røldal-Suldal reguleringa, og ferdsla på anleggsvegen kjem som ei tilleggsbelastning som kan være kritisk. NINA miljøet si forskning på kumulative effektar, viser den negative verknaden av kvart enkelt vandringshinder for villrein blir større dersom et finnes fleire slike hinder på same staden. Situasjonen i Holmavassåno er ikkje ulik den vi har i Steinbuskardområdet, kor fleire store inngrep i samband med vasskraftutbygginga, gjer at ein relativt avgrensa ferdsel blir antatt å ha negative konsekvensar for trekkaktiviteten. Det er derfor grunn til å tru at sjølv denne relativt avgrensa trafikken på anleggsvegen har ein negativ innverknad på villreinen sine trekkmoglegheiter. Dette gjeld særleg i tidsrommet 10. juni – 20. juli da fostringsflokkane normalt søker vestover på sommararbeite, og i området under Sandvassbrekka kor fostringsflokkane årvisst søker ned mot Sandvatnet på denne tida av året. Det er og grunn til å tru at dei negative effektane av ferdsla på anleggsvegen vil bli større dersom planlagde villreintiltak lenger sør, medfører at det blir meir villrein i områda ved Holmavassåno.

Etter verneområdeforvaltar si vurdering er det derfor villreinfagleg grunnlag for at SVR gjev Hydro råd om tiltak som kan betre tilhøva for villreinen i område. Det er likevel ingen garanti for at tiltaka verkar slik ein har sett føre seg. Villreinenens åtferd blir styrt av svært mange faktorar og forskinga på temaet har eit avgrensa omfang.

Når det gjeld anleggsvegen kan eit aktuelt tiltak være at ferdsla avgrensast til å berre omfatte Hydro sitt behov, samt grunneigarane sitt behov for tilsyn med eigedommane. Ferdsla i samband med



utleigeverksemd må da skje på andre måtar. Eit slik tiltak vil redusere biltrafikken med om lag 75%. Det vil særleg være viktig med eit slik strengt regime fram til om lag 25. juli.

Elles vil det være villreinfagleg grunnlag for å tilrå at Hydro gjennomfører andre tiltak som flytting av eit båtutsett og plasseringa av bommen på anleggsvegen. Det vil og være grunnlag for tilrå at Hydro følgjer opp Norconcult sitt forslag om ei landbru over den vinteropne Holmavassåno.

I tillegg bør SVR gå i dialog med Hydro, grunneigarane og Stavanger turistforeing om ei mindre flytting av turistløypene i område.

Verneområdeforvaltar vil tilrå at verneområdestyret ber Hydro om at dei skisserte tiltaka blir gjennomført med ein gong. I dag er det framleis uavklart om konsesjonen for Røldal-Suldal går til heimfall i 2022, om det kjem på plass ein ny konsesjon før den tid, eller om det blir ein ordinær vilkårsrevisjon. Uansett kan dette ligge langt fram i tid, og SVR vil støtte NVE si vurdering om at gjennomføringa av villreintiltak ikkje treng å vente på ein revisjonsprosess.

Framlegg til brev til Hydro

Framlegg til brev kjem på neste side.



Hydro Energi AS
Roalkvamvegen 118
4244 Nesflaten

Saksbehandler Alf Odden

Vår ref. 2020/2465-0 432.2

Deres ref.

Dato 08.09.2020

Villreinfaglege råd om tiltak for å betre trekkmoglegheitene i Holmavassåno biotopvernområde og tilgrensande areal

Viser til brevutveksling mellom Hydro, NVE og SVR hausten 2018.

Ein vart da einige om å vente med drøftingane om eit eventuelt nytt bomregime på anleggsvegen Sandvatnet-Holmavatnet til planlagde villreinundersøkingar var gjennomført.

Norconcult har nå utført sitt oppdrag for Hydro, og har utarbeidd ein fagrapport om villrein i Røldal-Suldal sitt konsesjonsområde. I 2019 gjennomførte SVR i samarbeid med dykk, registreringar av biltrafikk på anleggsvegen og anna ferdsel i nærliggande områder. Det vart og gjennomført ei kartlegging av villreinen sin bruk av området. Resultata frå SVR sine undersøkingar er samla i notatet «Villrein og ferdsel i Holmavassåno biotopvernområde og tilgrensande areal» som ligg ved dette brevet. I notatet er og Norconcult sine viktigaste funn og tilrådingar innarbeidd.

Kunnskapsgrunnlaget for både omfanget av ferdselen i området og villreinen sin arealbruk er nå på plass, og ein kan nå ta opp att tråden frå 2018 med å sjå nærare på ferdselen på anleggsvegen og andre aktuelle tiltak.

Verneområdestyret tek utgangspunkt i føremålet med vernet av Holmavassåno biotopvernområde som er å « .. å sikre viktige trekkveggar for villreinen i fjellområdet mellom Kvanndalen landskapsvernområde og Dyraheio landskapsvernområde». Sjølv om anleggsvegen og bruken av denne er ikkje omtala i verneføreskrifta, har verneområdestyret eit overordna ansvar for å ta vare på verneverdiane i biotopvernområdet. SVR ønskjer derfor eit samarbeid med Hydro for å få på plass tiltak som kan betre villreinens trekkmoglegheiter i område.

Verneområdestyret tek og utgangspunkt i at dagens ferdselsregime for anleggsvegen vart utarbeidd før Holmavassåno biotopvernområde vart oppretta, og at det derfor kan være behov for ei oppdatering. Verneområdestyret tek vidare utgangspunkt i at tekniske inngrep i form av regulerte vatn, opne elver om vinteren, demningar, kraftlinjer og anleggsveggar skaper fysiske vandringshinder for villreinen. Aktivitet og ferdsel på og ved anleggsveggar, turiststiar og kvista skiløyper medfører forstyrring av villreinen. Summen av effekten av tekniske inngrep og forstyrring frå ferdsel vil på nokre stader til bestemte tider på året, være omfattande nok til at trekkveggar blir blokkerte og områder går ut av bruk. Områda ved Holmavassåno biotopvernområde er tungt belasta med tekniske inngrep. Å ta vare på villreintrekka i området var føremålet med opprettinga av verneområdet, og verneområdestyret vil derfor be Hydro om å gjennomføre tiltak som kan betre tilhøva for villreintrekka i område.

Aktuelle tiltak på snødekt mark

- Ei eller fleire kunstige landbruer over den vinteropne Holmavassåno. Tiltaket vil kunne sikre lettare tilkomst til og frå dei viktige vinterbeiteområda i Gravetjønnuten, og lette bruken av det viktige villreintrekket i område. Villreinen kan krysse over via isen på Sandvatnet, men isen på slike sterkt regulerte magasin er noko den helst vil unngå. Tiltaket er foreslått av Norconcult, og SVR vil gje dette forslaget si støtte.

- Omlegging av den kvista turistløypa mellom Sandvatnet og Holmavatnet.
I dag går den kvista løypa Bleskestadmoen-Holmavasshytta over isen på Sandvatnet, vidare opp langs Holmavassåno og til slutt over isen på Holmavatnet. Ei omlegging av løypa til Naustdalen vil gje mindre belastning av trekkoridoren over Holmavassåno. Tiltaket er foreslått av Norconcult. SVR er i utgangspunktet positiv til ei slik omlegging, men ønskjer ein nærare prosess med Stavanger turistforening, grunneigar og Hydro før eit slik tiltak blir gjennomført.

Aktuelle tiltak på barmark

- Flytting av båtutsettet ved Sandvassdammen.
I dag er det eit båtutsett innafor Sandvassdammen. Dette er ein del i bruk. Ei flytting av dette til den vestre vika av Sandvatnet, vil gje større avstand og dermed mindre forstyrring av villreintrekket ned Sandvassbrekka i månadsskiftet juni/juli. Ei slik flytting må skje i samråd med grunneigar.
- Flytting av bom.
I dag står bommen på anleggsvegen mellom Sandvatnet og Holmavatnet på austsida av Sandvassdammen. Ei flytting av denne til rett etter avkøyringa til Hydrohytta lengst vest i Sandvatnet, vil gje mindre ferdsel i området under Sandvassbrekka og dermed mindre forstyrring av dette villreintrekket. I dag er denne vegstrekninga open for alle og det er ein del biltrafikk i området. Om bommen skal flyttast må det etablerast eit nytt båtutsett som nemnt i punktet over. Grunneigarane på Bleskestad må kunne bruke anleggsvegen mellom ny og gamal plassering av bommen. Flytting av bommen må inngå som ein del av ein større diskusjon av bomregimet på anleggsvegen.
- Strengare bomregime på anleggsvegen Sandvatnet-Holmavatnet.
Eit strengare bomregime som gir mindre ferdsel på anleggsvegen blir i Norconcult sin fagrapport, framheva som eit billig og effektivt tiltak som vil ha stor positiv effekt på villreinen sin trekkaktivitet gjennom område. I dag skaper ferdsel og aktivitet på anleggsvegen ein del uheldig forstyrring av villreinen. Dette handlar særleg om aktivitet i samband med at sauen sleppast på beite under Sandvassbrekka heilt i slutten av juni, i same tidsrom som beitetrekket ned Sandvassbrekka finn stad. I tillegg kjem ein periode frå midten av august og midten av september da samla biltrafikk i samband med jakt, utleige og sauesamling er såpass omfattande at den verkar forstyrrande på villreinen sin trekkaktivitet. Bortsett frå nokre få helger i august og september, er ikkje ferdsla etter anleggsvegen så omfattande at den normalt skulle skape ei barriere for villreinen. På bakgrunn av dei kumulative effektane av dei mange tekniske inngrepa i området, er det likevel sannsynleg at ferdselen på anleggsvegen verkar negativt inn på villreinen sine trekkmoglegheiter. Når ein har samla tekniske inngrep som demningar, reguleringsmagasin, kraftlinjer og ein anleggsveg på eit avgrensa areal, vil villreinen være meir var for tilleggsforstyrringar. Dermed kan eit ferdselsnivå som er uproblematisk ein stad være det som stoppar eit villreintrekk ein annan stad. Derfor vil all reduksjon av bruken av anleggsvegen være positivt for villreinen, og da særleg ein redusert bruk i dei nemnte tidsromma.
Ein må og gå ut frå at dei negative verknadane av forstyrringane frå ferdsel på anleggsvegen vil forsterke seg i tida framover. Dersom tiltaka som gjennomførast lenger sør i villreinområde har dei verknadane ein trur, så vil villreinstamma kunne utvide sin arealbruk og i større grad bruke områda ved Sandvatnet og Holmavatnet som sommarbeite. Det vil da bli ennå viktigare at bruken av vegen ikkje hindrar villreinen sine trekk mot områda lenger vest.



Dersom eit tek utgangspunkt i villreinen sine behov, bør ferdsla på anleggsvegen reduserast. I praksis kan dette bety at ein står att med Hydro sin bruk av vegen, samt grunneigarane rundt Holmavatnet si bruk i samband med tilsyn og vedlikehald av hyttene i område. Dette vil innebere at ferdsel i samband med utleige av hytter, jakt, fiske og sauebeite i hovudsak må skje på andre måtar. Ved eit slik bomregime vil ferdsla etter anleggsvegen bli redusert med om lag 75% i høve til dagens nivå. Den attverande ferdsla på anleggsvegen vil i så fall bli så låg at den i liten grad vil ha negativ innverknad på villreinen sine trekkmoglegheiter. Det er særleg viktig at ferdsla på vegen ligg på eit lågt nivå fram til om lag 20. juli, mens det er aktuelt for villreinen trekke vidare vestover på sommarbeite.

SVR vil tilrå at ein slik reduksjon i ferdsla skjer gjennom utarbeiding av eit nytt bomregime for anleggsvegen. På bakgrunn av erverv av ny kunnskap og opprettinga av biotopvernområdet i 1997, ville det være naturleg at det kom på plass eit bomregime som tek høgde for den nye situasjonen.

Verneområdestyret vil og tilrå at dei skisserte tiltaka blir gjennomført med ein gong. I dag er det framleis uavklart om konsesjonen for Røldal-Suldal går til heimfall i 2022, om det kjem på plass ein ny konsesjon før den tid, eller om det blir ein ordinær vilkårsrevisjon. Uansett kan dette ligge langt fram i tid, og SVR vil støtte NVE si vurdering om at gjennomføringa av villreintiltak ikkje treng å vente på ein eventuell revisjonsprosess. Verneområdestyret vil og gjere merksam på at Kvalitetsnorm for villrein vart vedteken i kongeleg resolusjon 23.06.2020. Gjennom implementeringa av denne kjem det til å bli eit sterkt fokus på gjennomføring av villreintiltak dei kommande åra.

Verneområdestyret for SVR handsama framlegget til brev i styremøte 16. september 2020.

Om dykk har behov for fleire opplysningar kontakt verneområdeforvaltar Alf Odden på telefon 48044583 eller e-post fmroaod@fylkesmannen.no

Med vennlig helsing
Alf Odden
områdeforvalter

Etter våre rutiner er dette brevet godkjent og sendt uten underskrift

Villrein og ferdsel i Holmavassåno biotopvernområde og tilgrensande areal

Dette notatet tek føre seg resultatane av kartlegginga av ferdselen i Holmavassåno biotopvernområde i 2019, samt ein gjennomgang villreinen sin arealbruk i området i tidsrommet 1950-2020.

Notatet vil fungere som bakgrunnskunnskap for SVR sine råd til Hydro i høve til bomreglementet på anleggsvegen Sandvatnet-Holmavatnet, og SVR sine innspel i den kommande revisjonsprosessen.

SVR vil takke Hydro, Reidar Sandal, Knut Haukelid, Odd Kjos-Hanssen, Nils Bleskestad og Ola Jordebrekk for verdifulle bidrag til dette arbeidet.

Arbeidet med notatet er forankra i Besøksstrategi for SVR, kor det mellom anna heiter at SVR skal være ein pådrivar for å skaffe betre dokumentasjon om ferdsla på anleggsvegen og kva for effekt den har på villreinens trekkmoglegheiter.

Bakgrunn

Holmavassåno biotopvernområde vart verna 26.09.1997, og føremålet med biotopvernet er å sikre viktige trekkvegar for villreinen i fjellområdet mellom Kvanndalen landskapsvernområde og Dyraheio landskapsvernområde.

I samband med utarbeiding av Forvaltningsplan for SVR vart det gjennomført ei statusvurdering av trugsmål mot verneføremål og verneverdiar i alle verneområde verneområdestyret for SVR har forvaltningsmynde for. Her fekk Holmavassåno status som truga ettersom trekkvegane som var utgangspunktet for vernet hadde svært avgrensa bruk.

På grunn av denne statusen som truga, plikter verneområdeforvaltninga å vurdere om det er mogleg å gjennomføre tiltak som kan endre status til ikkje truga. At trekkvegane gjennom Holmavassåno er funksjonelle for villreinstamma, vil og få aukande betydning dei kommande åra. Det går føre seg eit systematisk arbeide med å auke storleiken på stamma i Setesdal-Ryfylke villreinområde. Det arbeidast og med fleire omfattande tiltak for å auke trekkaktiviteten i dei belasta trekkkorridorane ved Blåsjø og Store Urar. Fleire dyr og betra trekkmoglegheiter vil kunne medføre endringar i villreinstamma sin arealbruk, som på litt sikt kan føre til auka bruk av områda ved Sandvatnet og Holmavatnet.

Kartlegging av ferdselen i 2019

Innhenting av ferdselsdata baserer seg på ein bilteljar på anleggsvegen innanfor bommen på Sandvatnet, ei registreringsbok ved bommen og gjennomgang av besøksprotokollen på Holmavasshytta.

Bilteljaren

Bilteljaren stod ute i perioden 16.07-31.09.2019. I den tida vart det registrert 322 passeringar eller 161 køyretøy.

I dei første fem vekene (15.7-18.8) vart det registrert totalt 105 passeringar, dvs. i gjennomsnitt 21 passeringar pr veke eller 3 passeringar kvar dag.

I dei neste fem vekene (19.8-22.9) vart det registrert totalt 200 passeringar, dvs. i gjennomsnitt 40 passeringar pr veke eller 5.7 passeringar kvar dag. I denne perioden er trafikken særleg konsentrert om helgene, mens trafikken på kvardagar er mykje lågare.

I dei siste fem vekene (23.9-27.10) vart det registrert totalt 46 passeringar, dvs. i gjennomsnitt 9.2 passeringar pr veke eller 1.3 passeringar kvar dag.
(Frå 1-28.10 bygger statistikken på innføringane i registreringsboka).

For heile perioden var det registrert 6 dagar med 10 eller fleire passeringar. Størst biltrafikk var det 7.9 med 20 passeringar.

Data frå bilteljaren er kvalitetssikra av NINA, og alt tydar på at teljaren har fungert som den skulle gjennom heile perioden.

Registreringsboka

Registreringsboka frå Hydro låg ute ved bommen på Sandvatnet i perioden 16.07-28.10.2019. Her vart det registrert 165 køyretøy eller 330 passeringar, 17 av desse registreringane kom etter at teljaren var tatt ned.

Når det gjeld tolkinga av registreringsboka vil tala ha ein feilmargin. I nokre høve er det uklart om fleire har køyrt i same bil og i andre høve kan det være vanskeleg å halde orden på tur og retur reisene.

Registreringsboka er tolka etter beste evne og etter mi vurdering vil feiltolkingane ikkje være av eit slik omfang at dei endrar på hovudtrekka i statistikken, men ettersom gjestene til dei ulike grunneigarane er ukjente, vil denne mellombelse oversikta lett innehalde ein del feilføringar.

I den perioden kor bilteljaren og registreringsboka er samanfallande (16.07-31.09.2019) er det registrert 161 køyretøy i teljaren og 148 i registreringsboka. Dette betyr at 8% av køyretøya ikkje er registrert i boka.

Den følgjande statistikken tek utgangspunkt i 165 køyretøya i registreringsboka for perioden 16.07-28.10.2019.

På bakgrunn av oppføringane i registreringsboka har vi sett opp nokre grove kategoriar for å få oversikt over biltrafikken inn til Holmavatnet.

Desse kategoriane blir brukt:

Hydro	Omfattar Hydro og ulike underkontraktørar
SNO/SVR	Omfattar SNO, SVR, STF og Norconsult
Lokale	Omfattar andre busett på Nesflaten og Suldal. Det er brukt nøkkel som tilhøyrar Hydro i 2-3 høve, Odd Kjos-Hanssen i resten
OKH - totalt	Omfattar grunneigar (Kjos-Hanssen) si eiga køyring, samt køyringa til dei som leigar hytte/jakt/fiske eller leiger sauebeite i området
Aust - totalt	Omfattar grunneigar si eiga køyring (Haukelid, Sauro, Hovelsrud), samt køyringa til dei som leigar hytte/jakt/fiske

Køyretøy og passeringar 2019

	Hydro	SNO/SVR	Lokale	OKH-totalt	Aust-totalt	Totalt
Køyretøy	23	7	19	66	50	165
Passeringar	46	14	38	132	100	330
Prosent av total	13.9	4.3	11.5	40.0	30.3	100

I tillegg var det til saman 4 sykkelistar fordelt på to grupper som skreiv seg inn i registreringsboka. Det er grunn til å tru at det reelle talet på sykkelistar er noko høgare enn dette, men sykling inn anleggsvegen har ikkje noko stort omfang.

Besøksprotokollen for Holmavasshytta

Stavanger turistforeining sin besøksprotokoll for Holmavasshytta inneheld nøyaktige opplysningar om kor dei som overnatta kom i frå og kor dei skulle vidare neste dag. Det er dermed mogleg å få oversikt over kom mange som skulle til eller frå Sloaros eller Hovden, og dermed har passert gjennom Holmavassåno biotopvernområde. Dei fleste av desse har truleg gått den nødda stien frå Naustdalen, vidare over Gravetjønnten og Holmavassdammen før dei har haldt fram mot Fisketjønn og Sloaros. Om vinteren går ferdsla mellom Holmavasshytta og Sloaros, samt ferdsla mellom Holmavasshytta og Bleskestadmoen/Sandvatnet over isen på Holmavatnet.

Tala frå Hytteprotokollane vil være minimumstal. Det er ei kjent problemstilling at ein liten del av dei besøkande ikkje skriv seg inn i protokollen. Ein liten del av fotturistane vil og berre gå forbi Holmavasshytta utan å være innom. Om vinteren er besøkstala frå protokollen meir usikre. Når ein går på ski er det meir vanleg å gå ruta Haukeliseter-Sloaros/Hovden utan å gå innom Holmavasshytta.

I 2019 var det til saman 73 personar som hadde komme gjennom Holmavassåno biotopvernområde på veg mellom Holmavasshytta og Sloaros. Desse var fordelt på 28 ulike grupper.

Ferdsla Holmavasshytta-Sloaros/Hovden fordelt på personar og grupper gjennom 2019

Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni	Juli	August	September	Oktober	November	Desember	Sum
0	6	4	5	0	1	17	21	16	3	0	0	73
0	2	2	2	0	1	10	5	4	2	0	0	28

Ferdselen frå skiløparar og fotturistar gjennom Holmavassåno biotopvernområde har berre eit nemneverdig omfang i perioden frå juli til september. Da passerte 56 personar gjennom området. Dette utgjer 0.6 passeringar kvar dag. Ferdselen var størst i tidsrommet 18. august- 22. september. Da passerte 25 personar gjennom området. Dette tidspunktet er samanfallande med sauesamlinga som bidrar til ekstra mykje ferdsel. I periodane oktober-januar og mai-juni var det nesten ikkje trafikk i området. I perioden februar-april vart det registrert nokre få skiløparar. Den samla ferdsla i denne perioden er nok ein del høgare i og med at nokre skiløparar ikkje vil gå innom Holmavasshytta. I tillegg kjem ein del motorferdsel i regi av Hydro og Stavanger turistforeining. Den samla ferdsla for perioden februar-april vil anslagsvis ligge på om lag 50 passeringar eller 0.5 pr dag. Om ein ser på den samla ferdsla frå bilar, sykkelistar og fotturistar i barmarksperioden vil tala sjå slik ut

Samla ferdsel gjennom Holmavassåno biotopvernområde i barmarksperioden juni-oktober

Periode	10.juni–14.juli	15.juli–18.aug	19.aug–22.sept	23.sept-27.okt	Sum
Passeringar	30	142	210	53	435
Snitt pr veke	6	28	42	11	22
Snitt pr dag	1	4	6	1.5	3

I dei første fem vekene (10.6-14.7) vart det registrert totalt 10 passeringar frå fotturistar. Registreringane av biltrafikken var ikkje komen i gang ennå, men ein kan rekne med at anslagsvis 20 passeringar frå vegen var fri for snø om lag 25. juni. Ein kan dermed rekne med til saman 30 passeringar denne perioden. Dette utgjer i gjennomsnitt 6 passeringar pr veke eller snautt 1 passering kvar dag.

I dei neste fem vekene (15.7-18.8) vart det registrert 29 passeringar av fotturistar, 105 passeringar med bil og 8 passeringar med sykkel. Ein kan dermed rekne med til saman 142 passeringar denne perioden. Dette utgjer i gjennomsnitt 28 passeringar pr veke eller 4 passeringar kvar dag.

I dei neste fem vekene (19.8-22.9) vart det registrert 10 passeringar av fotturistar og 200 passeringar med bil. Ein kan dermed rekne med til saman 210 passeringar denne perioden. Dette utgjer i gjennomsnitt 42 passeringar pr veke 6 passeringar kvar dag. Det er likevel viktig å framheve at ferdsele er konsentrert til helgene og særleg i samband med starten av villreinjakta og i sauesamlinga. Ved to av helgene vart det registrert 20 passeringar kvar dag, men talet på passeringar var nede i 2-3 for mange av vekedagane.

I dei siste fem vekene (23.9-27.10) vart det registrert 7 passeringar av fotturistar og 46 passeringar med bil. Ein kan dermed rekne med til saman 53 passeringar denne perioden. Dette utgjer i gjennomsnitt snautt 11 passeringar pr veke 1.5 passeringar kvar dag.

Til saman er det om lag 435 passeringar gjennom Holmavassåno biotopvernområde i tidsrommet 10.06-27.10. Dette omfattar både bilar, sykkelistar og fotturistar.

Tidleg i barmarkssesongen fram til midten av juli er trafikken etter anleggsvegen såpass liten at den ikkje vil medføre systematiske forstyrringar av villreinstamma i Holmavassåno biotopvernområde. Normalt vil heller ikkje vegen bli brøytta og være køyrbar heilt inn til Holmavatnet før i månadsskifte juli/august. Vegen fram til bommen ved Sandvatnet og den første delen av vegen etter bommen, smelter normalt fram, eller blir brøytta, i løpet av perioden 15. juni -15. juli. Her vil det normalt være ein god del bruk av vegen som vil være forstyrrende for villreinstamma i området. Heller ikkje mot slutten av barmarkssesongen (frå 23. september) har ferdsele eit slik omfang at den medfører anna enn tilfeldige forstyrringar.

I midten av barmarkssesongen (15. juli-22.september) og særleg i perioden 19. august-22. september, er ferdsele på anleggsvegen såpass omfattande at ein kan snakke om systematiske forstyrringar. Dette gjeld særleg nokre helger i august og september kor trafikken er såpass omfattande at den vil ha ein barriereeffekt. Ein ferdsel av eit slik omfang vil kunne resultere i endra trekkåtferd som avbrotne forsøk på å krysse vegen og kryssing av vegen i stor fart. Samstundes vil det og i denne perioden være dagar midt i vekene kor trafikken er svært avgrensa.

Det er og viktig å ta med i vurderingane kva slags dyr som kan tenkjast å krysse anleggsvegen og kor sterk motivasjonen er for trekkaktiviteten. Når det gjeld beitetrekket ned Sandvassbrekka på forsommaren blir dette i hovudsak gjennomført av simler og kalvar. Desse søker gode beiteområde og stader dei får beite i fred. Desse fostringsflokkane er sårbare for forstyrringar og vil søke tilbake til «tryggare» beiteområde dersom dei blir uroa nede ved Sandvatnet. For desse dyra kan sjølv eit fåtal menneske eller køyretøy om dagen være nok til at dei trekker bort frå området. Bukkane vil normalt tole meir forstyrring enn fostringsflokkane i høve til trekkaktivitet. Frå om lag 15. august vil det helst være bukk det er aktuelt for å trekke over anleggsvegen. Desse kjem da helst frå vest over Gravetjønnuten og kryssar anleggsvegen mellom Holmavatnet og Sandvatnet. Nokre dyr kan og krysse vegen i Sæbyggedalen og opp i Hongsnuten på veg frå nord. Desse vil være på veg mot sør og aust for å finne simlene til brunsten. I tillegg vil ein allereie sterk motivasjon for å trekke, bli ytterlegare forsterka av forstyrringar i samband med starten av jakta frå 20. august. Desse dyra vil krysse anleggsvegen sjølv om det skulle være ein del biltrafikk.

Kartlegging av villreinen sin arealbruk og trekkveggar

Denne delen omfattar ei beskriving av villreinen sin områdebruk frå om lag 1950 og framover. Den ser og nærare på dei viktigaste trekkområda.

Teksten bygger på samtaler og skriftelege innspel frå Knut Haukelid, Ola Jordebrekk, Odd Kjos-Hanssen og Reidar Sandal. Av skriftelege kjelder kan nemnast Skuncke 1950 (Villreinundersøkingar i Njardarheim veidemark og tilgrensande område 1947-1949), Kjos-Hanssen og Gunnerød 1977 (Villreinundersøkingar i Setesdalsheiene 1975-1976) og Bitustøyl 2017 (Tamreindrifta i Setesdalsheiane). Arealbruk og trekkveggar for perioden 2007-2019 er og gjort greie for ved hjelp av GPS-data frå www.dyreposisjoner.no

Arealbruk og trekkveggar før kraftutbygginga

Villrein og tamrein

Eigedommen Sandvassbeitet som omfattar Holmavassåno biotopvernområde og dei andre areala på sør og vestsida av Holmavatnet, vart utleidd som tamreinbeite i heile tidsrommet 1930-1978.

Eigedommen Langesæhalline som omfattar areal på nordsida av Holmavatnet vart ikkje utleidd som tamreinbeite i denne perioden, med ei mogleg unnatak for nokre år før 1950. Dette betyr at det var både tamrein, forvilla tamrein og villrein i områda rundt Holmavatnet fram til tamreindrifta i Bykle vart avvikla i 1978.

Det hadde og vore ei omfattande tamreindrift i desse områda før 1930, slik at villreinbestanden i området og var svært avgrensa tidleg på 1900-talet.

Etter om lag 1940 var områda sør for Sandvatnet og Holmavatnet først og fremst brukt som sommarbeite av tamreinselskapet. Likevel vart det ofte gåande att halvwill tamrein i desse områda om vinteren. Lokalbefolkninga i Øvre Suldal dreiv vinterjakt som matauk i området sør og vest for Holmavatnet fram til tidleg på 1960-talet. Det var i hovudsak forvilla tamrein som vart felt under denne jakta. Det vart meir villrein i området frå midten av 1960-talet og utover 1970-talet. Dette skyldast truleg at villreinstamma var relativt i denne perioden. Teljingar viser jamt ein bestandsstorleik på mellom 3000 og 4000 dyr. Større tilsig av villrein til desse områda skapte store problem for tamreindrifta, og områda ved Holmavatnet og resten av Vestheia gjekk i praksis ut av bruk som beiteområde etter midten av 1960-talet. Både jegerar og tamreingjetarar fortel at det det var svært tydelege forskjellar i åtferda til villrein og forvilla tamrein. Frå tidleg 1960-tal til seint 1970-tal gjekk det føre seg ei gradvis utvikling frå å ha ein stamme med halvwill tamrein med nokre innslag av villrein, til å ha ei stamme som kan karraktriserast som villrein. Den offisielle villreinjakta i området tok til på slutten av 1950-talet, men i eit svært avgrensa omfang dei første åra.

Områdebruk

Ein har relativt få sikre opplysningar om villreinen sin bruk av områda rundt Holmavatnet og Sandvatnet før kraftutbygginga. Dette skyldast både at det var mindre villrein på den tida og at tamreindrifta framleis hadde ein stor innverknad på området. Opplysningane om arealbruk i avsnittet under er derfor i delvis henta frå den første tida etter kraftutbygginga. Noko kunnskap kan ein og hente ut frå den forvilla tamreinen sin områdebruk og trekkåtferd.

Områda rundt Holmavatnet og vidare vest mot Kvanndalen har gode sommarbeite. Særleg oppe i høgda kor stadig avsmelting av nye snøleiar gir frisk vegetasjon. Vinterbeita er ikkje av like god kvalitet, men det tilgangen til beiteressursane som er avgjerande. I vintrar med mykje snø og/eller ising vil reinen føretrekke andre vinterbeiteområde.

Dyra trakk årvisst nordvestover gjennom området i løpet av seinvinteren. Om beitetilhøva var gode vart bukkane varande, mens eventuelle flokkar med simler og ungdyr raskt trakk søraustover tilbake

mot kalvingsplassane. Trekket tilbake var dermed meir spreidd og tidspunktet kunne variere frå år til år med vindretning og beitetilhøve. Normalt trakk dei fleste dyra mot sør og aust allereie om våren, men ein del av bukkane gjekk ofte att til litt ut på hausten. Når jakta tek til vil dyra raskt trekke ut av området og ikkje komme tilbake i løpet av hausten.

Sør for Holmavatnet og aust for Holmavassåno var det i tillegg årvisst forstringsflokkar om sommaren frå om lag 1930 og fram til utbygginga. Dette kunne både være tamrein og blandingsflokkar av tamrein og villrein. Desse flokkane heldt særleg til i områda ved Meien, Storhidlerfjell og Fisketjønn, mens det i Gravetjønnuten og vidare vestover mot Isvatnet stort sett berre var bukk.

Trekkveggar før vasskraftutbygginga

Før vasskraftutbyggingane i området hadde villreinen tre hovudtrekkveggar både når dei skulle inn og ut av områda ved Sandvatnet og Holmavatnet. Hovudtrekket gjekk frå områda i Såtedalen og Svartepodd mot Sloaros, deretter trakk dei gjennom dalføret frå Fisketjønnuten og vidare over Gravetjønnuten. Det gjekk og ein trekkveg frå Meien via Reinskvelven og Hongsnuten over Sæbyggedalen og vidare mot Melen. Det gjekk og ein markert trekkveg frå Holmevasskilen og vidare på nordsida av Holmavatnet.

Om ein går langt tilbake i tid har det truleg vore eit meir omfattande trekk på vestsida av Sandvatnet og Holmavatnet. Dette området har ein relativt høg konsentrasjon av dyregraver som vitnar og ein relativt stabil tilgang på dyr. Trekket forbi Holmavasskilen må og være svært gammalt. I dag ligg ei dyregrav ved Fisketjønn, og det låg tre dyregraver i Holmavasskilen som var øydelagt av bygginga av dammen.

Arealbruk og trekkveggar etter kraftutbygginga

I 1966 og 1967 vart Holmavatnet og Sandvatnet regulert i samband med Røldal-Suldal utbygginga. Desse vatna fekk ei reguleringszone på 10m og 26m. Anleggsvegen fram til Holmavatnet vart bygd i 1965 og kraftlinjene gjennom området vart sett i drift i 1972 og 1988.

Bukkeområde

Områda nord for Holmavatnet har i alle fall etter 1950 i hovudsak vore eit bukkeområde i sommarhalvåret. Både bukkar og simler kjem inn i området i løpet av seinhausten og vinteren og mens bukkane kan halde seg i området gjennom sommaren og fram til første del av jakta, trekker simlene ut av området tidleg på våren. Gjeldsimler kunne følgje bukkflokkane om somrane, men at reine fostringsflokkar trakk inn sørfrå sommarstid skjedde berre unntaksvis. Før vasskraftutbygginga, og ein kort periode på slutten av 1960-talet, var det likevel nokre år ein kunne treffe på mindre flokkar med simle og kalv i området sommar og tidleg haust. I dei seinare åra har det vore fleire døme på at blandingsflokkar, i periodar med austavind, kjem trekkande frå sør mot slutten av jakta. Desse passerer på austsida av Holmavatnet og vidare mot vinterbeiteområda nord for Hovden. Om det er vestavind på seinhausten vil desse dyra og trekke inn i områda ved Holmavatnet.

Også områda sør for Holmavatnet er i dag eit bukkeområde i barmarkssesongen. Her kjem og bukkane tilbake på seinhausten eller tidleg om vinteren og trekker først ut når jakta er i gang. Simlene kjem om lag samstundes med bukkane, men trekker ut av området i god tid før kalvinga i mai.

Frå slutten 1960-talet vart det generelt mindre trekkaktivitet gjennom Holmavassåno biotopvernområde. Fostringsflokkane beita oppe i Storhidlernuten på Rogalandssida, men dei kom aldri over anleggsvegen. I ein periode på 1990-talet vart det på nytt meir vanleg å sjå fostringsflokkar nord for Holmavatnet. Det vart og sett ein stor fostringsflokk på minst 300 dyr ved Litlavatnet først i jakta eit år sist på 1990-talet. Dette har truleg samband med at den totale villreinstamma var stor

på denne tida. Når det samla talet på villrein gjekk ned etter tusenårsskiftet, vart og fostringsflokkane borte. Mellom 2000 og 2010 var stammestorleiken nede i under 2000 dyr, noko som er om lag halvparten av stamma på 1970-talet. Dei siste 15 åra har ein på nytt byrja å sjå mindre fostringsflokkar både i Storhidlernuten og Sandvassbrekka og vidare ned mot Sandvatnet tidleg på sommaren. Det vart og observert ein liten flokk i Gravetjønnuten under jakta i 2018.

Dei større fostringsflokkane er heller ikkje langt unna. Områda ved Meien, Skyvatn og Storhidlervatn og Storhidlernuten er eit viktig sommararbeiteområde for villreinstamma i Setesdal-Ryfylke og er årvisst i bruk.

Når bukkane trekker ut av området om hausten brukar dei både trekkvegen på nordsida av Holmavatnet og den på sørsida over Gravetjønnuten. Under dette trekket vart og passasjen over Sæbyggedalen brukt. Det er og døme på at bukkflokkar har lagt på svømm over deler av Holmavatnet vest for Naustdalsholmen.

Utveksling med områda nordover

Det er mykje som tydar på at i alle fall områda på nordsida av Holmavatnet til tider har ei viss utveksling av dyr med Hardangervidda og områda ved Haukelivegen. Haukelivegen vart sett på som ein barriere for villreinen også før heilårsvegen kom i 1967. Det er likevel slik at mindre bukkflokkar trekker over veggen og har vinterbeite i Røldalsfjella. Truleg hadde og fostringsflokkane som heldt til i nord for Holmavatnet på 1990-talet same trekkmønsteret. Det kan og hende at nokre av desse simlene kalva i områda mellom Holmavatnet og Haukelivegen. Det er og nokre døme på at dyra har kryssa Haukelivegen i større flokkar. Dette skjedde truleg i 1968 da flyteljingane i Vestheia viste ei auke på om lag 1000 dyr får det eine året til det andre. Det har og kome fram tankar om at deler av Hardangerviddastammen til tider kan bruke områda sør for Haukelivegen som vinterbeite nokre år, men det mest vanlege er likevel at dyr frå Setesdal-Ryfylke stamma beiter nor for Haukelivegen i korte periodar.

Arealbruk og trekkveggar belyst gjennom GPS-data 2007-2019

Dei siste 12 åra har ein og ein del data frå dei to GPS-merkeprosjekta som NINA har gjennomført. Desse åra har til saman 15 simler og 4 bukkar vore i dette området den tida dei hadde sender. Dette betyr at ein har eit rimeleg representativt bilete av simlene sin arealbruk, mens ein diverre ikkje veit like mykje om korleis bukkane brukar området. Opplysningane om bukkane må derfor hentast frå andre kjelder.

I det følgjande blir hovudtrekka i arealbruken og bruken av trekkvegane presentert, men på grunn av lite GPS data på bukk vil særleg bruksfrekvensen om sommaren bli undervurdert.

Det er til saman 13 registreringar av simler, som i perioden 18. juni-9.juli, har kommet frå Såtedalen og gått ned Sandvassbrekka til Sandvatnet. Ei av desse tok og ein runde i Hongsnuten, men alle trakk opp at i Såtedalen etter 1-2 dagar. Eit dyr kom og ned til Sandvatnet frå Storhidlernuten. Dette må tolkast som eit årvisst sesongbeitetrek. Det kan være mogleg at forstyrringar nede ved Sandvatnet som gjer at dei trekk så raskt opp att i Såtedalen. På denne tida er anleggsveggen normalt køyrbar til Sandvatnet noko som fører med seg ein del aktivitet. I tidsrommet 15-25 juni sleppast det kvart år og om lag 120 sau og lam ut frå anleggsveggen ved Sandvatnet under Sandvassbrekka. Det er og ein betydeleg trafikk på turiststien mellom Holmavasshytta og Bleskestadmoen som går gjennom området. I 2019 var det minimum 80 personar som nytta denne stien i perioden 15. juni-10. juli. Samstundes meiner Reidar Sandal, som har observert dette beitetrekket sidan midten av 1980-talet, at dyra uansett ville ha gått tilbake opp Sandvassbrekka etter to-tre dagar når det beste beite var oppbrukt.

Ingen av åra har det vore GPS merka dyr ved Sandvatnet eller Holmavatnet i perioden 9. juli-29. oktober. Det har vore gjort nokre observasjonar av simler i denne perioden, men GPS-data bekreftar


inntrykket av at det er svært få fostringsflokkar i området om sommaren og hausten. Dei siste åra har det likevel vor fleire døme på at relativt store flokkar har komme ned Sandvassbrekka heilt mot slutten av jakta.

På seinhausten (november og desember) tek aktiviteten seg opp og den held seg gjennom vinteren (januar-mars). På seinhausten/vinteren er det særleg områda på nordsida av Holmavatnet som blir mykje brukt. Her er det til saman gjort 20 registreringar med Skurvenutkilen, Bamsebu og Dyrskardnuten som dei mest sentrale områda. Det er og ein del bruk av områda på vestsida av vatnet mellom Naustdalen og Vivik. Her er det til saman gjort 8 registreringar. Gravetjønnnuten blir og ein del brukt frå november-mars med til saman 6 registreringar. Elles er det og ein del bruk av Hongsnuten og Havrevassnibba med 5 og 3 registreringar.


Det er ein klar tendens til at det er færre dyr i området i mars enn tidlegare om vinteren. Dette skuldast at simlene trekker mot kalvingsområda mot slutten av vinteren.

Sjølv om det i liten grad kjem fram av GPS registreringane er det ein del bukk i områda ved Holmavatnet og Sandvatnet både om sommaren, på seinhausten og om vinteren.

Om våren (april-15. juni) er det berre registrert 2 GPS-merka dyr i området. Dette var ei simle som var i Hongsnuten til 15. mai i 2010 og ein bukk ved Vivik 17-18 mai 2011. Utover dette, og det nemnte beitetrekket ned Sandvassbrekka i juni/juli, har det faktisk ikkje blitt registrert GPS merka dyr i området mellom slutten av mars og slutten av oktober. Når det gjeld bukkane sin bruk av området tydar likevel andre observasjonar på at desse også held seg i desse områda ved Holmavatnet og Sandvatnet utover våren og sommaren fram mot jakta. Som tidlegare nemnt vil talet på bukkar variere litt frå år til år.




Kartet som viser alle GPS registreringane i Vinje for perioden 2006-2019. Her ser ein tydeleg at områda nord og aust for Holmavatnet blir mykje brukt. Nesten alle GPS-plotta er frå perioden frå november til mars.



Kartet som viser alle GPS registreringene i Suldal for perioden 2006-2019. Her ser ein at Hongsnuten, Havrevassnibba, Gravetjønnuten og Sandvassbrekka er områda med størst bruk. Med unntak av Sandvassbrekka kor registreringane er frå juni-juli, er nesten alle GPS-plotta er frå perioden frå november til mars.

GPS registreringane gir og ein del interessante opplysningar om trekkvegane i området. Trekket mellom Hongsnuten og Havrevassnibba over Sæbyggedalen er framleis i bruk sjølv om trekkaktiviteten er avgrensa. Her er det registrert til saman 6 passeringar fordelt på 2 ulike dyr både om våren og om hausten. Trekket over Gravetjønnuten er noko meir brukt med 6 passeringar fordelt på 4 ulike dyr om seinhausten og på vinteren. Frå aust kjem dyra ned dalføret sør for Fisketjønnuten og passerer Holmavassåno anten rett nedanfor Holmavassdammen eller heilt nede ved innlaupeet til Sandvatnet om vinteren. På barmark går dette trekker ved den siste lona om lag 1km lengre oppstraums Sandvatnet. Frå Naustdalen i vest trekker dyra opp i Gravetjønnuten fleire stader. På nordsida av Holmavatnet er trekkaktiviteten størst. Det er likevel knapt registrert dyr som har hatt eit samanhengande trekk langs heile vatnet. I staden har området ein jamn bruk som er prega av at dyra tek seg tid til å beite. To trekkvegar er likevel mogleg å identifisere. Den eine går frå Holmavasskilen langs vatnet til Skurvenutkilen og vidare opp dalføre til Skurvevatnet og Langesæ. Det er registrert 12 dyr som har tatt denne vegen. Den andre går frå Vivik og oppover dalen i retning av Langavatnet eller Turistskardet. Dette trekket forbi Vivik heng og saman med trekket som går frå Naustdalen og langs Holmavatnet på vestsida forbi Fidjeflatene. Langs dette trekket er det gjort til saman 10 registreringar. Trekk på nordsida av Holmavatnet er i hovudsak i bruk frå seinhausten og gjennom vinteren til litt ut på våren.


Det er og registrert tre andre trekkvegar med ein viss bruk. Det går eit trekk frå sør til nord som passerer ved Holmavasskilen. Her er det registrert 4 passeringar av 4 ulike dyr, hovudsakleg seinhaust og vinter. Det går og eit trekk over Storhidlernuten og ned til Sandvassbrekka og Sandvatnet. Her er det registrert 4 passeringar av 4 ulike dyr. Det går og eit trekk frå områda ved Sandvassdammen og ned dalføret til Reinskvelven. Her er det registrert 6 passeringar av 3 ulike dyr. Det er og interessant å sjå at desse trekkvegane i stor grad samsvarar med trekkvegane som er kartfesta gjennom registreringar dei siste 45 åra i samband med fjellplanen, fleirbruksplanen, verneprosessen og utarbeidinga av Heiplanen.



Kartfesta trekkvegar i området. Kartet er henta frå Miljødirektoratet sin Naturbase.

Vinterbeiteområde

Både GPS-data og andre observasjonar, viser tydeleg at områda rundt Holmavatnet og Sandvatnet først og fremst er eit vinterbeiteområde for den nordlege delen av villreinstamma i Setesdal-Ryfylke villreinområde. Beiteressursane er verken særleg gode eller lett tilgjengelege, men det er meir lav og mindre snø enn mange andre stader nord for Steinbuskardområdet. Dette medfører at områda ved Holmavatnet og Sandvatnet faktisk er av dei mest brukte vinterbeita. Det er særleg Gravetjønnuten som peikar seg ut som eit område med mange beitedøgn. I tillegg blir og områda aust for Holmavatnet, Hongsnuten og Havrevassnibba mykje brukt. I Norconsult sin fagrapport om villrein frå 2020, er det særleg Gravetjønnuten og områda søraust for Langesæ og Holmavatnet som blir framheva som dei mest brukte vinterbeiteområda.



Tegnforklaring

- | | |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------|
| Stabil bruk vinter (>95% konfidens) | — Veg |
| Trekkorridor | ▲ Inntakspunkt |
| Vinterbeiteområde | — Vannvei |
| Sommerbeiteområde | ● Kraftverk Røldal/Suldal- reguleringa |
| — Trekkeveg | ■ Magasin Røldal/Suldal- reguleringa |
| — Avgrensning SR villreinområde | ■ Kommunedelplan Vågsli |
| ● GPS- posisjon villrein | |

0 1.25 2.5 5 Kilometers

Datakilde:
 Norsk institutt for naturforskning
 GPS- merkeprosjektet i SRV
 Kartgrunnlag:
 Kartverkets grunnkart gråtone
 WGS84/UTM32N
 Norconconsult

Kartet til Norconconsult viser det mest brukte arealet for merka individ i vintersesongen i områda ved Holmvassåno biotopvernområde. Kartet viser og tidlegare registrerte vinterbeiteområde, samt trekkvegar og område regulert for hytteutbygging (Vågsli) i Vinje kommune

Oppsummering av områdebruk og trekkveggar

Midten av 1960-talet var ei tid med mange og store endringar i området ved Holmavatnet og Sandvatnet. Tamreindrifta vart gradvis avslutta og tamreinen vart stadig villare, det trakk inn meir villrein i området samstundes med at ein fekk dei store inngrepa i samband med kraftutbygginga. Dette medfører at det ikkje er mogleg å få til ein klar beskriving av «førsituasjon» når det gjeld villreinen sin arealbruk og trekkveggar i høve til kraftutbygginga. Det var fleire fostringsflokkar ved Sandvatnet før 1965, men dette var i hovudsak tamrein eller forvilla tamrein.

I dag er området først og fremst eit vinterbeiteområde. Dyra trekker inn i området frå sør og aust på seinhausten eller tidleg på vinteren. Dei oppheld seg her gjennom vinteren, men simlene trekker tilbake mot kalvingsplassane alt i mars april. Ein del av bukkane blir gåande att i området fram til starten av jakta.

Samanlikna med perioden ca 1965-1975, kor det vart meir villrein og forvilla tamrein i områda rundt Holmavatnet og Sandvatnet, er det mykje som tydar på at simlene sin bruk av trekkvegane over Hongsnuten og Gravetjønnnuten i barmarkssesongen har blitt redusert. Trekket over Hongsnuten og Havrevassbrekka brukast nå berre sporadisk og av relativt få dyr, og i hovudsak når det ligg snø. Trekket over Gravetjønnnuten blir brukt meir regelmessig, men også dette helst om vinteren, Ingen av desse trekkvegane ser ut til å bli brukt av simler om sommaren eller første del av hausten. Om det hadde vore fleire GPS merka bukk i materialet ville det ha blitt registrert ein høgare bruk av desse trekkvegane, Dette gjeld for så vidt om sommaren, men kanskje særleg om hausten og på vinteren. Trekket på nordsida av Holmavatnet må karrakteriserast som hovudtrekkevegen i området. Denne brukast av alle typar dyr om vinteren og særleg bukkar om sommaren og tidleg haust. Til dømes ville dyr som før utbygginga stod ved Isvatnet normalt trekke over Gravtjønnnuten eller Sæbyggedalen, mens dei nå i større grad vil trekke nord for Holmavatnet.

Forstyrning av villreintrekk

Seinhaust og tidleg vinter er det svært lite menneskeleg aktivitet i områda ved Holmavatnet og Sandvatnet, og villreinen får stort sett beite i fred. Verken trekket inn i område eller dei lokale beitetrekka vil være utsett for nemneverdig forstyrning. Samstundes er det mykje som tydar på at trekket til og frå Gravetjønnnuten blir hindra av ope vatn og stor vassføring i Holmavassåno. Norconsult har i sin rapport påvist at dyr ser ut til å ønskje å krysse åno, men at dei blir hindra av det opne vatnet. Desse dyra har til slutt kryssa over isen på Sandvatnet. Frå vinterferien blir skiløypa mellom Haukeliseter og Holmavasshytta kvista. Da blir det meir folk i terrenget, og da særleg over isen på Holmavatnet etter den kvista løypa mellom Holmavasshytta og Sloaros. Ein har ikkje sikre tal på kor omfattande denne ferdsla er, men i helger med fint vær kan trafikken være så stor at det oppstår systematiske forstyrningar slik at dyra unngår areal arealet nær skiløypa eller blir hindra i trekka mellom beiteområde. Ei slik forstyrning i vinterbeiteområde er ikkje ønskjeleg. Når simlene trekker mot kalvingsplassane i mars og april, er det med unnatak av påskeferien, lite menneskeleg aktivitet i området. Der derfor lite som tyder på at dette trekket blir forstyrra i nemneverdig grad. Dette er og eit trekk kor motivasjonen for å trekke er sterk, slik at det uansett må relativt omfattande forstyrning til får at trekket stoppar opp.

I ein kort periode i månadsskiftet juni/juli ser ein at simler og kalvar kjem ned Sandvassbrekka til Sandvatnet. Her beiter dei i områda på begge sider av anleggsvegen og mellom anleggsvegen og vatnet. Dei fleste held seg i eit relativt avgrensa område under Sandvassbrekka, men nokre dyr beveger seg ganske langt i retning av Holmavatnet. Eit GPS merka dyr drog og over i Hongsnuten. Felles for alle desse dyra er at besøket nede ved Sandvatnet blir kortvarig. Dette dreier seg om 1-2 dagar, der det er fleire døme på at dyra trekker ned om kvelden første dagen og opp att Sandvassbrekka dagen etter. Når besøket i dei gode beiteområda ved Sandvatnet blir såpass kortvarig er det lett å tenkje at dette kan skyldast forstyrningar. Dette er ikkje tidspunktet med mest trafikk ved Sandvatnet, men det er likevel ein del aktivitet. Sjølv om anleggsvegen inn til Holmavatnet

normalt ikkje er køyrbar heilt inn 1. juli, så er den open til Sandvatnet. Dette medfører noko biltrafikk frå Hydro og andre mellom anna ved utsetting av båtar på Sandvatnet. Fotturesongen er nå i gang og det går i snitt tre personar i døgnet på ruta til og frå Bleskestadmoen. I tillegg sleppast det kvart år 120 sau og lam ved Sandvatnet på denne tida. Dette medfører ei kort periode med omfattande forstyrningar når sauane skal sleppast av bilar og spreast utover i terrenget der reinen ønskjer å beite. I tillegg kjem store tekniske inngrep i samband med Sandvassdammen. Simler med relativt små kalvar vil og være særleg vare for forstyrningar, og ettersom dei og kan finne beite i rolegare omgjevnadar er det heller ingen sterk motivasjon knyt til dette beitetrekket. Det skal derfor svært lite til før dette trekket blir avbrote. Det er samstundes verd å tenkje gjennom om dette trekket ned Sandvassbrekka kunne vore starten på eit meir omfattande trekk vidare mot vest, over Hongsnuten eller Gravetjønnnuten, dersom dyra ikkje hadde møtt på tekniske inngrep og forstyrningar frå menneskeleg aktivitet. Samstundes er det og mogleg at dette først og fremst er eit tidsavgrensa beitetrekk, kor føremålet berre er å utnytte dei gode beita ned mot Sandvatnet. Reidar Sandal som har observert dette trekket sidan midten av 1980-talet har mest tru på at det siste er tilfellet.

Bukketrekka tidleg i jakta møter på til dels store og systematiske forstyrningar frå biltrafikk når dei skal krysse anleggsvegen. Dette gjeld særleg trekket over Sæbyggdalen til Hongsnuten, men og trekket austover frå Gravetjønnnuten. Samstundes er ikkje desse forstyrningane av eit slik omfang at trekkaktiviteten blir stoppa. Bukkane ville på denne tida uansett vore på trekk mot der simlene står, og når dei i tillegg er uroa av jakta blir motivasjonen for å trekke svært sterk.

Moglege tiltak

Kva kan så gjerast for å redusere forstyrninga frå menneskeleg verksemd, og gje villreinen betre kår i områda ved Sandvatnet og Holmavatnet? I det følgjande vil eg driste meg til å peike på nokre moglege tiltak.

Utover dette notatet baserer rådene seg på villreinforinkinga som har blitt gjennomført ved NINA dei siste 15 åra. I samband med dei mange GPS-merkeprosjekta i Noreg har det blitt samla inn store mengder data om korleis villreinen beveger seg i terrenget. På bakgrunn av dette har forskarane ved NINA utvikla modellar som til ein viss grad kan talfeste effekten av ulike vandringshinder som til dømes reguleringsmagasin, kraftlinjer, bilvegar, turistløyper m.v.

Dei følgjande tiltaka tek utgangspunkt i dagens situasjon slik den er omtala i avsnitta over, men tek og høgde planlagde tiltak som vil kunne endre villreinstamma sin arealbruk. For det første er det truleg færre villrein nord for Blåsjø enn bestandsmålet. Om det blir fleire dyr dei neste åra vil og arealbruken endre seg. For det andre er det planlagd tiltak lenger sør i villreinområde som truleg vil betre trekkmoglegheitene gjennom Steinbuskardområde, og såleis medføre at det kan bli aktuelt for fleire dyr og bruke beiteområda rundt Sandvatnet og Holmavatnet både sommar og vinter. Dette dreier seg konkret om ferdselsrestriksjonar på anleggsvegen til Store Urar og flytting av turisthytta Storsteinen med tilhøyrande løypenett. For det tredje er det planlagt fleire tusen nye hytter i Vågslid og på Hovden. I tillegg har Stavanger turistforening planar om å utvide Haukeliseter og ruste opp Holmavasshytta. Auka ferdsel i samband med desse hyttene vil medføre auka forstyrring i dei viktige vinterbeiteområda frå Langesæ og ut mot Rv9 og E134. Dette kan igjen medføre at vinterbeiteområda ved Sandvatnet og Holmavatnet blir ennå viktigare for villreinen.

Dei følgjande tiltaka har som målsetting å redusere forstyrninga av villreinen i områda ved Sandvatnet og Holmavatnet, betre trekkmoglegheitene i dei etablerte villreintrekka og opne for at villreinstamma i større grad skal kunne ta i bruk beiteområda lenger vest. Det er og eit mål at desse områda skal kunne ta i mot fleire dyr dersom ulike tiltak gjer at ein får endringar i villreinstamma sin arealbruk.

Moglege tiltak på snødekt mark

- Ei eller fleire kunstige landbruer over den vinteropne Holmavassåno.
Tiltaket vil kunne sikre lettare tilkomst til og frå dei viktige vinterbeiteområda i Gravetjønnuten og lette bruken av det viktige villreintrekket i område. Villreinen kan krysse over via isen på Sandvatnet, men isen på slike sterkt regulerte magasin er noko den helst vil unngå. Tiltaket er foreslått av Norconcult, og er omtala i fagrapporten om villrein dei har utarbeidd for Hydro i 2020.
- Omlagging av den kvista turistløypa mellom Sandvatnet og Holmavatnet.
I dag går den kvista løypa Bleskestadmoen-Holmavasshytta over isen på Sandvatnet, vidare opp langs Holmavassåno og til slutt over isen på Holmavatnet. Ei omlagging av løypa til Naustdalen vil gje mindre belastning av trekkoridoren over Holmavassåno. Tiltaket er foreslått av Norconcult, og er omtala i fagrapporten om villrein dei har utarbeidd for Hydro i 2020. Det må til ein nærare prosess med Stavanger turistforening, grunneigar og Hydro før eit slik tiltak blir gjennomført.
- Utsett kvisting av turistløypa Holmavasshytta-Sloaros.
Denne løypa blir i dag kvista til vinterferien (frå om lag 10. februar). Om kvistinga blir utsett til påske (frå om lag 15. mars – 1. april) vil dette medføre mindre forstyrning i eit viktig vinterbeiteområde. Det er Verneområdestyret for SVR som gir dispensasjon til slik kvisting.

Moglege tiltak på barmark

- Flytting av båtutsett ved Sandvassdammen.
I dag er det eit båtutsett innafor Sandvassdammen. Dette er ein del i bruk i samband med fiske. Ei flytting av dette til den vestre vika av Sandvatnet, vil gje større avstand og dermed mindre forstyrning av villreintrekket ned Sandvassbrekka i månadsskiftet juni/juli. Ei slik flytting må skje i samråd med grunneigar.
- Flytting av bom.
I dag står bommen på anleggsvegen mellom Sandvatnet og Holmavatnet på austsida av Sandvassdammen. Ei flytting av denne til rett etter avkøyringa til Hydrohytta lengst vest i Sandvatnet, vil gjere at færre bilar kan ta seg inn i området nær Sandvassbrekka og dermed mindre forstyrning av dette villreintrekket. Om bommen skal flyttast må det etablerast eit nytt båtutsett som nemnt i punktet over. Grunneigarane på Bleskestad må kunne bruke anleggsvegen mellom ny og gamal plassering av bommen.
- Strengare bomregime på anleggsvegen Sandvatnet-Holmavatnet.
Eit strengare bomregime som gir mindre ferdsel på anleggsvegen blir i Norconcult sin fagrapport, framheva som eit billig og effektivt tiltak som vil ha stor positiv effekt på villreinen sin trekkaktivitet gjennom område. I dag skaper ferdsel og aktivitet på anleggsvegen ein del uheldig forstyrning av villreinen. Dette handlar særleg om aktivitet i samband med at sauen sleppast på beite under Sandvassbrekka heilt i slutten av juni, i same tidsrom som beitetrekket ned Sandvassbrekka finn stad. I tillegg kjem ein periode frå midten av august og midten av september da samla biltrafikk i samband med jakt, utleige og sauesamling er såpass omfattande at den verkar forstyrrande på villreinen sin trekkaktivitet. Bortsett frå nokre få helger i august og september, er ikkje ferdsla etter anleggsvegen så omfattande at den normalt skulle skape ei barriere for villreinen. På bakgrunn av dei kumulative effektane av dei mange tekniske inngrepa i området, er det likevel sannsynleg at

ferdselen på anleggsvegen verker negativt inn på villreinen sine trekkmoglegheiter. Når ein har samla tekniske inngrep som demningar, reguleringsmagasin, kraftlinjer og ein anleggsveg på eit avgrensa areal, vil villreinen være meir var for tilleggsforstyrningar. Dermed kan eit ferdselsnivå som er uproblematisk ein stad være det som stoppar eit villreintrekk ein annan stad.

Derfor vil all reduksjon av bruken av anleggsvegen være positivt for villreinen, og da særleg ein redusert bruk i dei nemnte tidsromma.

En må og gå ut frå at dei negative verknadane av forstyrningane frå ferdsel på anleggsvegen vil forsterke seg i tida framover. Dersom tiltaka som gjennomførast lenger sør i villreinområde har dei verknadane ein trur, så vil villreinstamma kunne utvide sin arealbruk og i større grad bruke områda ved Sandvatnet og Holmavatnet som sommarbeite. Det vil da bli ennå viktigare at bruken av vegen ikkje hindrar villreinen sine trekk mot områda lenger vest.

Dagens regelverk for bruk av anleggsvegen vart utarbeidd av Hydro i 1990, på bakgrunn av føringar frå Olje- og energidepartementet frå 1982. Departementet sine føringar for etableringa av bomregimet er lite detaljerte, og Hydro har i praksis stort handlingsrom når det gjeld utforminga av innhaldet i eit bomregime. Dagens bomregime har ikkje vore handheva, og ferdsla på anleggsvegen er truleg høgare enn når Hydro gjennomførte ei undersøking av bruken av vegen i 1989.

Dersom eit tek utgangspunkt i villreinen sine behov, bør ferdsla på anleggsvegen reduserast. Ideelt bør biltrafikken ned på eit nivå kor ein står att med Hydro sin bruk av vegen, samt grunneigarane rundt Holmavatnet si bruk i samband med tilsyn og vedlikehald av hyttene i område. Ved eit slik bomregime vil ferdsla etter anleggsvegen bli redusert med om lag 75% i høve til dagens nivå. Den attverande ferdsla på anleggsvegen vil i så fall bli så låg at den i liten grad vil ha negativ innverknad på villreinen sine trekkmoglegheiter. Det er særleg viktig at ferdsla på vegen ligg på eit lågt nivå fram til om lag 20. juli når villreinen kan trekke vestover på sommarbeite.

Ein slik reduksjon i ferdsla kan anten skje ved utarbeiding av eit nytt bomregime eller ei strengare oppfølging regimet som eksisterer i dag.



Saksfremlegg

Arkivsaknr: 2019/7767-10

Saksbehandler: Alf Odden

Dato: 09.09.2020

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	40/20	16.09.2020

Stavanger turistforening - Søknad om dispensasjon til bygging av Skansen turisthytte i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 22/1, Sandnes kommune

Vedlegg:

- 1 Stavanger turistforening - Søknad om dispensasjon til bygging av Skansen turisthytte
- 2 Stavanger turistforening - Tillegg til Langtidsplan for STF, rutenettet ved Blåsjø

Forvalters innstilling

I medhald av §2 og §3, punkt 1.1 i føreskrift om verneplan for Frafjordheiane, blir det gitt avslag på Stavanger turistforening sin søknad om dispensasjon for bygging av ei ny sjølvbetent turisthytte ved Skansen. Ei samla bygningsmasse på nær 300m² (BYA) plassert ute på stupkanten, blir vurdert til å ha ein negativ påverknad verneverdiane knytt til landskapet. Ein dispensasjon vil og ha omfattande presedensverknader i høve til andre turisthytter, både i regi av turistforeiningane og private interesser. Bygging av Skansen turisthytte oppfyller dermed ikkje vilkåra for ein dispensasjon etter naturmangfaldsloven sin §48, første ledd, første alternativ.

Saksopplysninger

Verneområdestyret skal i denne saka ta stilling til om Stavanger turistforening (STF) skal få dispensasjon til bygging av Skansen turisthytte. I lys av prosessen mellom styret og Stavanger turistforening i denne saken, vil styret også kunne vurdere alternativ plassering av turisthytta og/eller kompensierende tiltak ved ein eventuell dispensasjon.

Bakgrunn for søknaden


Viser til søknad datert 05.09.2019, synfaring på staden 23.09.2019, STF sin presentasjon av søknaden på styremøte 18.09.2019 og 12.06.2020, samt saksutgreiing og vedtak i styresak 46/19 da verneområdestyret handsama søknaden fyrste gong.

Stavanger turistforening søker om dispensasjon til å få bygge Skansen turisthytte i Frafjordheiane landskapsvernområde. Det er søkt om ei hovudhytte på inntil 250m² BYA og 42 overnattingsplassar,

samt ei sikringshytte på inntil 45m² og 6 sengeplassar. Det søkast og om å få etablere nye tilkomstløyper frå eksisterande turistløype.

STF grunngjev behovet for ei ny hytte med mellom anna den omfattande satsinga på reiseliv og fotturisme i Lysefjordområdet, og etableringa løypetilbodet «Lysefjorden rundt» for om lag ti år sidan. Det er stor interesse for dette tilbodet i både inn og utland, men erfaringane viser at strekkingen mellom Flørli og Øydegardsstøl eller Langavatn er for lang og krevjande for stor gruppe fotturistar. Denne turen tek om lag 10 timar og det er dermed stort behov for ei ny turisthytte på denne strekkinga. STF reknar med at denne hytta i all hovudsak vil bli brukt i barmarkssesongen.

STF ønskjer å bygge hytta heilt ute på kanten av stupet mot Lysefjorden. På grunn av topografien går turistløypa Flørli-Øydegardsstøl eit stykke inne på fjellet utan utsikt mot Lysefjorden. Ein ønskjer derfor at fotturistane skal få høve til å oppleve denne utsikta frå hytta.



Plassering av ny turisthytte ved Skansen og eksisterande turistløype mellom Flørli og Øydegardsstøl



Illustrasjonsskisse av Skansen turisthytte



Situasjonsplan av ny turisthytte og sikringshytte

STF framhevar at konseptet Lysefjorden rundt er basert på at hyttene og rutene skal tilby tilleggsopplevingar utover «berre» en tradisjonell fottur. STF ønskjer derfor at ei ny turisthytte på ruta Lysefjorden bør byggjast i moderne norsk arkitektur og etter aller høgste miljøstandard. Dette vil bidra til å gi gjestene ei tilleggsoppleving og understreke Lysefjorden rundt som eit berekraftig reisemål av høg kvalitet. Koplinga mellom innovative miljøløysningar i eit bygg inne i landskapsvernområdet gir en rekke interessante moglegheiter og vil være med på å definere Lysefjorden som reisemål.

STF ønskjer og å få bygge hytta utan at eksisterande turisthytter i området leggst ned. I Forvaltningsplanen for SVR er flytting av turisthytta Langavatn ut mot Lysefjorden nemnt som eit mogleg tiltak for å betre tilhøve for villreinen om den på nytt skulle etablere seg i Frafjordheiane. STF meiner at villreinen sitt fråvær frå Frafjordheiane skyldast heilt andre forhold enn den avgrensa trafikken rundt STF sine hytter. Dei påpeikar og at besøket på Langavatn i vintersesongen er så lågt at det ikkje vil ha betydning for ei eventuell kommande bruk av området som vinterbeite. Ei nedlegging av Langavatn vil og skape problem i høve til det eksisterande rutenettet i Frafjordheiane. Skansen vil i praksis blir vanskeleg tilgjengeleg frå Sandvatn og Blåfjellenden på grunn av lange etappar langs sommarrutene

STF framhevar vidare at besøket på Langavatn truleg vil gå noko ned når Skansen blir etablert. Ein forventar at den i hovudsak vil bli brukt av lokale brukare til kortare helgeturar og rundturar. Rutenettet i Frafjordheiane har i dag ganske korte dagsetappar og brukast mykje av barnefamiljar. Etter STF si meining vil derfor ikkje Langavatn være eit trugsmål mot verneverdiane sjølv om Skansen blir bygd. Dei påpeikar og at rutenettet i Frafjordheiane fungerer som avlastning for hytter og ruter i dei meir sentrale villreinområda.



Tidlegare saksqang

Søknaden vart 16.09.2019 sendt på høyring til Forsand kommune, Rogaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Rogaland, FNF-Rogaland og Villreinnemnda for Setesdalområdet ned høyringsfrist 01.11.2019.

Det kom inn høyringssvar frå Villreinnemnda for Setesdalområdet og Outdoorlife Norway.

I sin uttale datert 28.10.2019 meiner Villreinnemnda for Setesdalområdet at det ikkje bør gis dispensasjon til ei ny sjølvbetent turisthytte på Skansen før ein har ein plan for korleis ein kan flytte ferdsel slik at villreinen blir tatt omsyn til.

I sin uttale datert 27.09.2019 er Outdoorlife Norway positive til at det byggjast ei turisthytte ved Skansen. Ei slik turisthytte vil bidra til auke tryggleik og færre redningsaksjonar. Den vil og ha positive verknadar for lokale reiselivsaktørar.

Det visast til saksutgreiinga i styresak 46/19 for ein fyldigare gjennomgang av desse uttalene.

Saman med søknaden sendte STF og over ein langtidsplan for si verksemd, slik verneområdestyret tidlegare har bedt om. Denne planen inneheld ei rekke større og mindre utvidings- og vedlikehaldstiltak som kan være aktuelle i eller like utanfor verneområda dei kommande åra.

Av dei meir omfattande tiltaka kan desse nemnast:

- Erstatningshytte for Grasdalen like ved eller i Vormedalsheia landskapsvernområde
- Nytt anneks/uthus på Eidavatn i Lusaheia landskapsvernområde
- Ny turisthytte i Hunnedalen rett sør for Fráfjordheiane landskapsvernområde
- Full renovering av Holmavasshytta og Nilsebu (3km nord for Kvanndalen landskapsvernområde og rett vest for Lusaheia landskapsvernområde)

På bakgrunn av villreinnemnda sin høyringsuttale og innhaldet i STF sin langtidsplan, vart vidare saksqang vart drøfta i AU møte 11.11.2019. I tråd med tilråding frå forvaltningssekretariatet ønskja arbeidsutvalet at ein tok seg litt betre tid i denne saka. Det kunne være gode grunner til å sjå ei ny turisthytte ved Skansen i samanheng med STF si samla verksemd, samt moglege avbøtande tiltak i Fráfjordheiane og andre verneområde

Saken var opp til handsaming på styremøte 13. desember 2019. Her gjorde ein dette vedtaket i styresak 46/19:

« Handsaminga av dispensasjonssøknaden blir utsett fram til det ligg føre ein langsiktig strategi for korleis ein skal forhalde seg til Stavanger turistforening si samla verksemd i verneområda.

Verneområdestyret sitt utgangspunkt er at ein må sjå heile STF si verksemd i verneområda i samanheng, og ein har som siktemål at den samla belastninga denne verksemda har på verneverdiane ikkje skal auke framover.

Verneområdestyret inviterer STF til ein dialog om korleis STF kan redusere og legge om aktiviteten andre stadar i verneområda, for å skape rom for bygging av ei ny turisthytte på Skansen.»

Styret slår her fast at STF må redusere verksemda si andre stader for å kunne bygge Skansen, og at dei i den kommande dialogen med styret bør legge fram ein strategi for korleis ein kan oppnå dette.

Det har vore eit slik dialogmøte 13.02.2020. Her kom det fram at STF måtte ha ein intern prosess før dei kunne ta stilling til kva for avbøtande tiltak dei kunne gå for i eit eventuelt «bytte» mot å få bygge Skansen. Om SVR sett vilkår om riving av Langavatn/Børsteinen, vil dei truleg kunne avklare dette relativt raskt. Om SVR sitt vilkår blir å flytte/rive Storsteinen, vil dei ikkje kunne gå inn for dette på det

nåverande tidspunkt. Det går likevel føre seg ein intern prosess i STF knytt til omlegging av hytte og rutenettet ved Blåsjø, men det er mykje som må avklarast før dei kan konkludere. Mykje tyder derfor på at STF ikkje kan bidra med noko utover dette som svar på verneområdestyret si etterlysing av ein langsiktig strategi.

Skansen turisthytte var opp som drøftingssak på styremøte 12.06.2020, etter innleiingar frå STF og forvaltningssekretariatet. I drøftinga kom det fram at ei nedlegging av Langavatn som eit kompensierende tiltak for å bygge Skansen ikkje var ønskjeleg, men at ei nedlegging av Storsteinen ville være meir interessant. Her vart det bestemt av dialogen med STF skulle halde fram, og at ein skulle ta kontakt med Miljødirektoratet for å avklare det juridiske handlingsrommet om ein ønskja å kople bygging av Skansen opp mot nedlegging/flytting av turisthytta Storsteinen. I samråd med STF sendte forvaltningssekretariatet ein slik førespurnad 26.06.2020. Vi fekk eit munnleg svar frå Miljødirektoratet 18.08.2020. I si tilbakemelding var Miljødirektoratet tydelege på at dei ikkje kunne tilrå ein slik framgangsmåte. Miljødirektoratet meinte at §48 i naturmangfaldlova sin omtale av kompensierende tiltak, ikkje opna for ein «bytehandel» mellom Skansen og Storsteinen slik vi hadde skissert i vår førespurnad. Det ville derfor ikkje være juridisk grunnlag for å stille vilkår om riving av Storsteinen i ein dispensasjon til å bygge Skansen. Dei signaliserte og at spørsmålet om bygging av nye turisthytter vart avklara gjennom verneprosessen, og at §48 derfor ikkje kan brukast som heimel for å tillate ei ny turisthytte på Skansen.

I styremøte 31.08.2020 handsama Stavanger turistforeining ei mogleg flytting av Storsteinen og omlegging av rutenettet ved Blåsjø. Sjølv om Miljødirektoratet ikkje kunne tilrå ei kopling mot søknaden om å bygge Skansen, ønskjer STF likevel å fortsette prosessen med Storsteinen. I møte vedtok dei følgjande tillegg til sin langtidsplan:

«Stavanger turistforeining er opptatt av å holde totalbelastningen av vår virksomhet på naturverdiene så lav som mulig. Foreningen støtter opp under arbeidet med å bedre villreinsens levekår. Vi håper at vårt vedtak vil bidra til å utløse andre viktige tiltak for villreinen, som nevnt i sluttrapporten fra GPS merkeprosjektet.

Som ledd i dette vil STF arbeide for en omlegging av rutenettet slik at 3 av 4 ruter som i dag går gjennom den kritiske passasjen mellom Blåsjø og Svartevassmagasinet flyttes:

- *Storsteinshytta fjernes og erstattes av ny hytte litt lengre nord. Ny hytte reduseres i sengekapasitet til ca 16 senger i hovedhytte og 4 i sikringshytte.*
- *Ruta fra Storsteinen til Litle Aurådalen legges over Storsteinsheia, krysser Kvilldal, opp Litle Kvilldal og videre over Auråhorten. Det bør etableres en nødbu med vedovn, men uten annen tilrettelegging for overnatting.*
- *Ruta fra Storsteinen til Eidavatn følger traséen mot Litle Aurådalen over Storsteinsheia, og følger deretter dagens trasé.*
- *Ruta fra Storsteinen til Hovatn legges direkte fra ny hytteplassering opp til Storvassdammen, krysser damkronen og videre opp til dagens trasé.*
- *Ruta fra Storsteinen til Kringlevatn følger i hovedsak dagens trasé. Det vurderes om den opprinnelige stien opp bak Gyvasshytta er gunstigere for villreintrekk enn dagens rute opp Skorpeskaret.*
- *En forutsetning for slik omlegging er at alle nødvendige tillatelser fra grunneiere og offentlige myndigheter innvilges, og at alle tiltakene fullfinansieres, evt. i kombinasjon med spillemidler.»*

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Fráfjordheiane landskapsvernområde av 30.01.2004.

- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015
- Naturmangfaldslova

Heimelsgrunnlag

Frafjordheiane landskapsvernområde og dei tilgrensande naturreservata Ørestø og Migaren vart oppretta ved Kronprinsregenten sin resolusjon 19.12.2003. Direktoratet for naturforvaltning vedtok 30.01.2004 ei mindre endring i verneforskrifta

Føremålet med opprettinga av Frafjordheiane landskapsvernområde er etter §2 mellom anna:

- å ta vare på eit representativt, særprega og vakkert landskap, med bratte fjord- og dalsider via lågheiar opp til glattskurt høgfjell.
- å ta vare på vatn og vassdrag, viktige leveområde for eit særmerkt plante- og dyreliv, geologiske landskapsformer, samt beite- og stølslandskap med automatisk freda og nyare tids kulturminne.

Vidare heter det at *"Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging"*.

Byggetiltak i verneområdet blir regulert av verneforskrifta si §3, punkt 1.1 Her heiter det at det må ikkje gjerast inngrep som vesentleg kan endra eller verka inn på landskapet sin art eller karakter. Vidare heitar det at med dei unntak som følgjer av forskrifta pkt. 1.2 og 1.3, er det forbod mot inngrep som: *"oppføring og ombygging av bygningar, anlegg og faste innretingar, framføring av røyr, luft- og jordleidningar, bygging av vegar og rasteplassar, oppsetting av autovern, drenering og anna form for tørrlegging, graving og påfylling av masse, bakkeplanering, sprenging og boring, bryting av steinar, mineral og fossil, fjerning av større steinar og blokker, bergverksdrift, vassdragsregulering, gjødsling, sprøyting med kjemiske middel, nydyrking, planting, såing, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, merking av stiar, løyper o.l. Kulturminne skal ikkje skadast eller øydeleggjast. Opplistinga er ikkje uttømmmande"*.

I verneføreskrifta sin §3, punkt 1.3 blir det rekna opp ein del byggetiltak som forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til etter søknad. Etter forvaltningsstyresmakta sitt syn, vil ikkje ei ny turisthytte ved Kjerag falle inn under nokon av desse formuleringa i verneføreskrifta. Ettersom oppføring av bygningar er spesifikt forbode etter verneføreskrifta, og verneføreskrifta heller ikkje inneheld ein spesifikk dispensasjonsheimel som kan nyttast, må dispensasjonssøknaden om ny turisthytte ved Skansen handsamast etter den generelle dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova sin §48.

Ordlyden i §48 er som følgjer: *«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig»*.

Lovteksten inneheld dermed tre alternativ som kan utgjøre grunnlaget for ein dispensasjon.

Alternativ 1. I vurderinga av om eit tiltak er i strid med verneføremålet er konsekvensane av tiltaket både på kort og lang sikt relevant. Det same gjeld for tiltaket sitt bidrag av den samla belastninga i eit område. Dersom det er mange eksisterande inngrep i eit verneområde vil den samla belastninga på verneverdiane lettare kunne medføre at eit tiltak vurderast å være i strid med verneføremålet.

I vurderinga av om eit tiltak påverkar verneverdiane nemneverdig medfører dette ei konkret vurdering i høve til verneverdiane som omfattast av verneføremålet. Kravet om at tiltaket ikkje skal påverke verneverdiane nemneverdig medfører at moglegheita til å gje dispensasjon er snever, og at det berre kan gis dispensasjon der tiltaket vil ha ubetydeleg eller avgrensa verknad på verneverdiane.

Alternativ 2. Dispensasjon når tryggleiksomsyn gjer det naudsynt. Med tryggleiksomsyn siktast det mellom anna til tryggleik for liv og helse og tryggleik mot omfattande og direkte skade på eigedom.

Alternativ 3. Dispensasjon av omsyn til vesentlege samfunnsinteresser. Med vesentleg samfunnsinteresse meinast det tungtvegande omsyn av nasjonal betydning som til dømes flyplassar, jernbane og større samferdselsprosjekt. Saker som har stor lokal interesse eller regional betydning er ikkje tilstrekkeleg grunnlag for dispensasjon.

I Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane blir ei ny turisthytte ved Skansen omtala. I samband med omtalen av Lysefjordløypa på side 75 står det at nye hytter på denne løypa i utgangspunktet må leggest utanfor verneområdet. Det står og at verneområdestyret vil vurdere tiltak som kan redusere forstyringa av villrein, og at flytting av Langavatn til Lysefjordløypa er eit tiltak som kan vurderast.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Frafjordheiane landskapsvernområde.

Vurdering

Naturmangfaldlova

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Innverknad på verneverdiar og verneføremål

Den omsøkte byggeplassen ligg om lag 770 moh nær kanten mot Lysefjorden. Området består av grunnlendt mark med skrinnet vegetasjon som hovudsakleg består av lav, mose, lyng og grasartar. Det er og fleire knausar med bart fjell i området.

Denne delen av Frafjordheiane blir i svært liten grad brukt av villreinen og denne låge bruken har vore mønsteret i om lag 30 år. Dette blir og stadfesta av resultatane frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011). Her er det dokumentert at ingen av dei ni simlene som har nytta sørområde har vore i nærleiken av Skansen den tida dei hadde sendar. Heller ikkje nyare data frå www.dyreposisjoner.no tydar på at det har vore GPS merka villrein i området etter 2010. I Norsk Villreinsenters rapport Kartlegging av villreinsens arealbruk i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010) er det ikkje registrert villreintrekk i dette området.

Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon (www.naturbase.no) og tilsvarende informasjon i Temakart Rogaland. Så langt forvaltningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase, er det ikkje registrert informasjon om prioriterte arter, trua eller nær trua arter på Norsk rødliste for arter 2015 eller andre verdifulle arter utanom villrein. Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk rødliste for naturtypar 2011 eller andre verdifulle naturtypar. Det er heller ikkje komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike arter og/eller naturtypar i det aktuelle område. I følgje Fylkesmannen i Rogaland (2001) er desse områda gjennomgåande artsfattige.

Kunnskap om kulturminne i området baserer seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.askeladden.no). Her er det ikkje registrert kulturminne i nærleiken av den aktuelle byggeplassen.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som tilstrekkeleg til at forvaltningsstyresmakta kan fatte vedtak i saka. §9 om "Føre var prinsippet" vil bli tillagt vekt i høve til vurdering av moglege presedensverknader.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området.

Eksisterande inngrep og ferdsel

Mellom Flørli og Øydegardsstøl går det ei merka turistløype. Stien går over fleire våte område kor det er omfattande erosjonsskadar. Det er noko klopplegging av stien i ein del myrområde, men dette er ikkje tilstrekkeleg til å unngå slitasje. Det er ikkje gjennomført teljingar av ferdsla på stien, men STF anslår bruken i barmarkssesongen til å ligge rundt 500. Utover turistløypa er det ikkje andre tekniske inngrep nær Skansen. Dei siste åra har det heller ikkje vore søknadar om motorferdsel i dette området. På bakgrunn av eksisterande inngrep, ferdsel og motorferdsel må den samla belastninga på områda ved Skansen karraktriserast som låg.

Nye inngrep og motorferdsel

Ei ny turisthytte med sikringshytte, vil bli eit nytt og synleg element i landskapet ved Skansen. Bygningane vil til saman ha eit areal på inntil 295m² (BYA). Turisthytta er planlagt bygd lågt i terrenget slik at den ikkje vil bli synleg før ein kjem relativt tett innpå. Den vil heller ikkje være synleg frå den eksisterande turistløypa. Det vil være mogleg å skimte hytta frå nokre stader ute i Lysefjorden, men den vil ikkje være noko dominerande element i landskapet.

Helikoptertransport i samband med bygginga, vil bli handsama i ein separat delegasjonssak. Det er likevel viktig å ha med i vurderinga at det kan bli naudsynt med om lag 75 transportar i byggeperioden. I tillegg vil ein måtte rekna med eit årleg transportbehov på om lag 8 flygingar i samband med frakt av ved og proviant.

Byggetiltaket vil i liten grad påverke truga artar eller naturtypar, men motorferdsla vil verke forstyrrande for dyre- og fuglelivet den sesongen byggearbeida går føre seg. På grunn av det svært sparsame dyre- og fuglelivet og den relativt låge ferdsla i området, vil denne negative innverknaden bli avgrensa. Den årlege helikoptertransporten til hytta vil bli såpass avgrensa at dei negative verknadane ikkje blir særleg store.

Bygging av Skansen vil kunne gje ei mange dobling av ferdsla i området. Verneområdeforvaltar vurderer 2000 overnattingar i året som eit realistisk tal ut frå erfaringa med turisthytta Jonstøl som vart bygd i 2014. Dette vil bidra til auka slitasje på turistløypa, men dette kan i stor grad motverkast gjennom klopplegging av våte område.

Etter verneområdeforvaltar si vurdering vil bygginga av Skansen få ein negativ innverknad på verneverdiane knytt landskapet i Frafjordheiane. Stupkanten er eit sentralt element i landskapsrommet som Lysefjorden utgjør, og er såleis av stor verdi både nasjonalt og internasjonalt. At stupkanten i all hovudsak er urørt av tekniske inngrep aukar denne verdien. Hytta vil derfor innebere eit omfattande inngrep i eit område som elles er relativt urørt. At hytta er plassert lågt i terrenget er med på å dempe den negative verknaden. På grunn av det sparsame dyre og fuglelivet vil tiltaket berre i liten grad føre til større belastning på dette elementet av økosystemet i område (§10).

§12 omhandlar miljøforsvarleg teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. Slik forvaltningsstyresmakta vurderer det, ville ei hytte som var trekt bort frå kanten til Lysefjorden ha ein mindre innverknad på landskapet. Sjølv om alle bygningar i dette området på verkar landskapet negativt, ville ei hytte ha plassert ved den eksisterande turistløypa gitt ei betre løysing.

§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.

Andre vurderingar

Tryggleik

Kvart år er det eit fåtal leite- og redningsaksjonar langs turistløypa Flørli-Øydegardsstøl. Ei ny turisthytte på denne strekninga ville truleg gje betre tryggleik for fotturistane og redusere talet på slike aksjonar.

Friluftsliv, reiseliv og kanalisering

Frafjordheiane er eit verneområde kor friluftsliv er ein del av verneføremålet, og ei utviding av hytte- og rutenettet vil være positivt for friluftslivet. Fotturen på kanten av Lysefjorden er spektakulær oppleving som fleire vil kunne ta del i om avstanden mellom turisthyttene blir kortare. Reiselivet er eit viktig satsingsområde rundt Lysefjorden, og betre tilrettelegging av «Lysefjorden rundt» løypa vil gje området ennå ei attraksjon.

Ei utbygging av rutenettet i Frafjordheiane er og i samsvar med Besøksstrategi for SVR, kor ein ønskjer ei kanalisering av turistferdsla til område utan villrein. I Frafjordheiane er det allereie mykje fotturisme og konfliktane med villrein er svært avgrensa.

Anna plassering av turisthytta

Etter verneområdeforvaltar si vurdering ville ei turisthytte som var trekt bort frå kanten til Lysefjorden ha ein mindre innverknad på landskapet. Ikkje minst fordi ein da ville spare stupkanten for inngrep. Sjølv om alle bygningar i dette området påverkar landskapet negativt, ville ei hytte plassert ved den eksisterande turistløypa gitt ei betre landskapsmessig løysing. Også ved ei slik lokalisering må hytta tilpassast landskapet i høve til plassering, utforming og materialval.

I løpet av prosessen har fleire styremedlem har peikt på risikoen for fallulykker dersom turisthytta plasserast heit ute på stupkanten. Ei plassering bort frå stupkanten vil truleg og gje auka tryggleik for dei besøkande.

Riving av Langavatn som kompensierende tiltak

I sin søknad har Stavanger turistforening bedt om at nedlegging av Langavatn ikkje blir sett som eit vilkår for å kunne bygge Skansen. Stavanger turistforening vil naturleg nok helst behalde Langavatn, ettersom Skansen berre delvis kan ta over Langavatn sin funksjon i løypenettet i Frafjordheiane. Verneområdestyret står likevel fritt til å knytte eit slik vilkår til ein eventuell dispensasjon. Eit vilkår om riving av Langavatn ville være i samsvar med dei to siste forvaltningsplanane for Frafjordheiane, kor flytting av Langavatn ut mot Lysefjorden blir peika på som eit godt tiltak med ein positiv effekt for villreintrekka i område.

Hovudhytta på Langavatn har 12 overnattingsplassar og ei grunnflate på 90 m², men sikringshytta er på 20 m² og har 4 senger. At hyttene på Langavatn rivast vil derfor være positivt for verneverdiane knytt til landskapet i området.

Når det gjeld villrein så vil ei riving av Langavatn truleg ha mindre effekt. Sjølv om Frafjordheiane er ein del av Setesdal-Ryfylke villreinområde og er definert som nasjonalt villreinområde, så er det ikkje observert villrein her sidan midten av 1990-talet. Når det i tillegg har vore ei omfattande hyttebygging ved Ådneram i Sirdal dei siste 30 åra, er det svært vanskeleg å sjå føre seg at villreinen vil komme tilbake til Frafjordheiane i særleg omfang. Vinteren 2020 da nedising av beiteområda gjorde at villreinen trakk heilt ned i bjørkeskogen mange stader i Ryfylke, var det likevel ikkje rein i Frafjordheiane. Villreinnemnda for Setesdalområde har og signalisert at ein bør sjå etter andre kompensierende tiltak enn riving av Langavatn.

Juridiske vurderingar

Ein dispensasjon til bygging av Skansen ute på stupkanten, utan vilkår om kompensierende tiltak, vil ha eit svakt fundament i høve til naturmangfaldlova sin §48. At det ikkje skulle byggjast fleire turisthytter i Frafjordheiane vart avklart i verneprosessen, mens §48 skal fungere som ein tryggleiksventil for behov som ikkje var forutsett. Det er og eit krav i §48 at tiltak som får dispensasjon ikkje skal være i strid med verneføremålet eller påverke verneverdiane nemneverdig. Ei ny hytte på nær 300 m² vil ikkje kunne oppfylle desse krava.

Ved ein eventuell klagesak, er det etter verneområdeforvaltar si vurdering, stor moglegheit for at Miljødirektoratet vil gjere om verneområdestyret sitt vedtak. Det er og ein moglegheit for at Miljødirektoratet går inn og gjer om vedtaket sjølv om det ikkje har komme inn ein klage.

Ein dispensasjon til bygging av Skansen borte frå stupkanten og med vilkår om riving av Langavatn, vil heller ikkje ha eit heilt trygt fundament i høve til naturmangfaldlova sin §48. I eit slik vedtak vil ein likevel kunne argumentere for at det samla belastninga på verneverdiane ikkje aukar nemneverdig når ei turisthytte byttast ut mot ei anna. Ei plassering borte frå stupkanten vil og redusere dei negative verknadane på verneverdiane knytt til landskapet. Det bår og leggjast vekt på at dette er ei løysing som blir omtala i to generasjonar med forvaltningsplanar. Dersom verneområdestyret fattar eit slik vedtak, vil det etter verneområdeforvaltar si vurdering, være mindre sjansar for ei klage eller at Miljødirektoratet gjer om vedtaket.

Vurdering av presedensverknadar

Ein eventuell dispensasjon utan vilkår om omfattande kompensierende tiltak, vil kunne ha vidtrekkande presedensverknadar for områda verneområdestyret har forvaltningsmynde for. Denne saka vil legge føringar for handsaminga av eventuelt andre søknadar om nye turisthytter både frå turistforeiningane og private utbyggjarar. Ein dispensasjon til ei bygningsmasse på nær 300 m², vil og gjere det svært vanskeleg å få forståing for ein restriktiv haldning til nye bygningar andre stader i verneområda.

Konklusjon

Ei ny turisthytte ved Skansen vil ha ein negativ innverknad på verneverdiane knytt til landskapet i Frafjordheiane landskapsvernområde. Dei negative effektane blir forsterka av storleiken på hytta og plasseringa ute på kanten mot Lysefjorden, mens ei plassering lågt i terrenget dempar den negative innverknaden. Den negative innverknaden på naturmangfaldet elles er avgrensa. For friluftslivet vil ei ny turisthytte ha ein positiv innverknad.

Når tiltaket det er søkt om har ei nemneverdig negativ innverknad på verneverdiane vil det ikkje være grunnlag for å gje dispensasjon til tiltaket etter naturmangfaldslova sin §48, første ledd, første alternativ.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylke- og Frafjordheiane
v/Alf Odden
Garaneset
4230 Sand

Stavanger 4. september 2019

SØKNAD OM DISPENSASJON TIL OPPFØRING AV SELVBETJENT TURISTHYTTE SKANSEN

Innledning

Det vises til tidligere dialog om en mulig betjent hytte ved Kjerag, bl.a. vår dispensasjonssøknad av 11. oktober 2017, behandlet i verneområdestyret som sak 37/17 15. november 2017.

I tråd med vedtaket fra SVR har vi vært i dialog med representanter fra verneområdestyret, kommunen og Fylkesmannen i Rogaland. På bakgrunn av denne dialogen har STF valgt å gå bort fra opprinnelige planer om en stor betjent hytte ved Kjerag, til fordel for en mindre, selvbetjent hytte lenger vest. Dette vil medføre at både størrelse, brukergruppe og overnattingstall vil bli noe helt annet enn i vår opprinnelige søknad.

Vi vil derved med dette fremme søknad om dispensasjon for bygging av turisthytte ved Skansen, basert på foreløpige skisser for bygget.

Ettersom hytta ikke er ferdig prosjektert er det foreløpig ikke endelig bestemt detaljer med innredning, løsninger og materialvalg. Vi har imidlertid forstått at det er sentralt i forhold til SVRs behandling å fastlegge de maksimale ytre rammene for prosjektet, og å få dette konkretisert med tomteplassing og bygningsvolum. Denne søknaden bes derfor behandlet som en ytre ramme for prosjektet, slik at en dispensasjon vil gi ramme for anleggets maksimale størrelse og kapasiteter.

Bakgrunn for søknaden

Kjerag er etablert som et av Norges fremste naturbaserte reisemål, med omkring 70 000 besøkende årlig. Den er sammen med Preikestolen blant Norges mest profilerte turistattraksjoner, som bidrar til å generere en betydelig interesse for hele Lysefjorden som reisemål.



For å møte denne interessen, og samtidig tilrettelegge for vandring rundt Lysefjorden på en forsvarlig måte, ønsker STF å prioritere utviklingen av rutetilbudet Lysefjorden rundt. Målsettingen er å kunne tilby hytter og ruter rundt hele fjorden, med høy kvalitet på både opplevelser og infrastruktur. Dette vil, sammen med andre private og offentlige tilbud, medvirke til at Lysefjorden som et hele utvikles som et kvalitetsreisemål innen bærekraftige rammer.

Fotturen rundt Lysefjorden har vært etablert i omkring 10 år. Besøkstallet antas å være økende, men mange av dem som går turen bruker telt, og vi har ikke pålitelig statistikk over antall som går turen. Det er imidlertid klart økende oppmerksomhet rundt turen, både blant lokalbefolkning og tilreisende.

På bakgrunn av de signalene vi har mottatt på vår opprinnelige søknad, og STF's strategiske nedprioritering av tilbud for internasjonale turister, har vi altså besluttet å legge til side planene om en betjent hytte på selve Kjeragplatået. De opprinnelige planene var ment å skulle dekke et behov dels for besøkende kun til Kjerag, og dels inngå som del av rutenettet rundt Lysefjorden.

Uten en hytte på Kjerag er turen fra Flørli til Øygardsstøl for lang for de fleste. Turen er lang og tung, og estimeres av STF til 10 timer, men vi har mange eksempler på vandrere som bruker vesentlig lengre tid.

Når formålet nå endres til kun å skulle betjene trafikken fra Flørli til Øygardsstøl, er det naturlig å plassere en hytte lenger vest enn opprinnelig planlagt. På den måten «skjermer» vi hytta fra dagsbesøkende og folk som bare skal gå tur /retur Øygardsstøl-Kjerag. Målgruppen vil da kun være fjellvandrere. Disse vil primært komme fra Flørli, men i noen grad også fra det øvrige rutenettet i Frafjordheiene. Vi forventer at trafikken i det vesentligste vil være i barmarkssesongen, med bare helt marginalt besøk vinterstid.

En ny turisthytte på ruta Lysefjorden rundt bør etter vår mening bygges i moderne norsk arkitektur og etter aller høyeste miljøstandard. Dette vil bidra til å gi gjestene en tilleggsopplevelse og understreke Lysefjorden rundt som et høykvalitets bærekraftig reisemål. Koblingen mellom innovative miljøløsninger i et bygg inne i landskapsvernområdet gir en rekke interessante muligheter og vil være med på å definere Lysefjorden som reisemål.

I SVR's besøksstrategi er Kjerag utpekt som et spesielt område der man forventer fortsatt økning i besøkstallet. Øygardsstøl er utpekt som en innfallsport til Frafjordheiene, og det er vedtatt en rekke tiltak for å håndtere den store menneskestrømmen. I forvaltningsplanen heter det på s. 75 at «Verneområdestyret er positiv til den planlagte opprustinga av Lysefjordløypa.» Øygardsstøl er ut fra verneformålet godt egnet som en innfallsport, og kanalisering av trafikken langs kanten av fjorden er godt forenelig med verneinteressene.

Konseptet Lysefjorden rundt er basert på at hyttene og rutene skal tilby tilleggsopplevelser ut over «bare» en tradisjonell fottur. På Skåpet og Preikestolen fjellstue kan gjestene oppleve moderne arkitektur. I Flørli og på Bakken gard er det krafthistorie og gårdshistorie som står i sentrum. På turen over fjellet fra Flørli mot Kjerag går ruta på et høyfjellsplatå på kanten av fjorden, men på grunn av krevende topografi får vandrere bare i begrenset grad utsyn mot fjorden og en opplevelse av det svimlende stupet. Vi ønsker derfor, selv om vi vet at meningene om dette er delte, å trekke hytta ut på kanten mot fjorden, slik at besøkende ledes ut dit og får oppleve dette fra hytta.


Forholdet til Langavatn

I forvaltningsplanen for SVR er det henvist til at det har vært vurdert å flytte Langavatn nordover til Lysefjorden rundt ruta av hensyn til villrein, men uten at dette er konkludert. Som kjent er det for tiden ikke villrein i Frafjordheiene, noe som skyldes helt andre forhold enn den beskjedne trafikken rundt STFs hytter. Spesielt vinterstid, som vi forstår kan være det mest kritiske i forhold til villrein, er besøket på Langavatn så lavt at det ikke kan ha noen betydning for en evt. reetablering av området som vinterbeite.

Langavatn er, uavhengig av trafikken til Kjerag, en attraktiv hytte for kortere turer i Frafjordheiene. Skansen er dessuten vanskelig tilgjengelig fra Sandvatn eller Blåfjellenden på grunn av lange etapper langs sommerrutene.

Fra STFs side er det derfor ønskelig å beholde Langavatn som en selvstendig hytte. Vi vil forvente at besøket her vil gå noe ned ved etablering av hytte på Skansen. Besøket forventes å være primært fra lokale brukere til kortere helgeturer og rundturer Sandvatn-Blåfjellenden, som i dag. Rutenettet i Frafjordheiene har ganske korte dagsetapper, og brukes derfor mye av barnefamilier og andre som ikke kan gå så lange turer. Vinterstid brukes området noe til helgeturer med utgangspunkt i Hunnedalen. Det er kvistede ruter fra Hunnedalen til Langavatn vinterstid.

Langavatn består i dag av en hovedhytte (85 m²) med 22 sengeplasser, og et uthus/sikringshytte (40m²) med 6 sengeplasser, vedlager og toalett. I tillegg er det et frittstående toalett (10 m²). Besøket på Langavatn har de seneste årene holdt seg rimelig stabilt på omkring 800-1 000 overnattinger per år. Dette nivået har vært nokså stabilt helt fra hytta åpnet i 1987, med unntak av noen enkeltstående toppår med omkring 1 200 overnattinger. Til tross for den kraftige økningen i besøket til Kjerag har besøket på Langavatn en nedadgående tendens. Dette bekrefter at Langavatn bare i liten grad er knyttet til turisttrafikken til Kjerag.



Grafantall overnatting Langavatn 2012-2018

Vi kan derved ikke se at Langavatn som selvstendig hytte ved siden av Skansen utgjør noen trussel mot verneverdiene, og at det derved skulle være saklig grunn til å legge denne ned. Tvert om utgjør Langavatn en innfallsport til Frafjordheiene som sikrer en moderat og bærekraftig bruk av et viktig friluftslivsområde i tråd med verneforskriften og SVRs besøksstrategi. Rutenettet i Frafjordheiene tjener også som avlastning for hytter og ruter i de mer sentrale villreinområdene.


I ethvert tilfelle er det viktig at det gis tillatelse til at sikringshytta beholdes som et selvstendig overnattingstilbud. Om SVR skulle kreve nedleggelse av Langavatn vil det ta lang tid før kart er oppdatert og brukerne får med seg dette. En mindre sikringsbu vil også kunne ivareta sikkerheten til de som går den lengre turen fra Sandvatn til Skansen, og vil kunne dekke deler av det behovet som Langavatn fyller i dag. Med booking på sengeplassene i sikringshytta vil trafikken ganske effektivt kunne tilpasses den begrensede kapasiteten.

Sikringshytta inneholder 6 sengeplasser, toalett og kjøkken. Med uthus og toalett utgjør bygget 40 m². Den er derved et fullverdig overnattingstilbud. Den vil kreve noe oppussing, men er i utgangspunktet en akseptabel hytte for slik begrenset kapasitet. Dersom hovedhytta kreves fjernet vil sikringshytta stå igjen alene, uten noe nødly i tilfelle brann e.l.


Plassering

Målsettingen for en tomteplassering har vært å dele opp turen fra Flørli til Øygardsstøl omtrent midt på, slik at hver av etappene blir maksimalt 6 timer normert gangtid. Videre har vi ønsket å plassere hytta slik at den får kontakt med fjorden, og gir gjestene en opplevelse av det svimlende stupet og dramatiske landskapet. Samtidig ønsker vi at en hytta skal gli mest mulig inn i terrenget, og ikke fremstå dominerende. Endelig er det nødvendig å utforme og plassere hytta slik at den får en stor fasade mot sør for montering av betydelig mer solcellepaneler enn vi tidligere har hatt på de selvbetjente hyttene. Det må også være tilgang på rent vann selv i tørre sommersesonger.

Det er vanskelig å finne en plassering som oppfyller alle disse kriteriene, men vi har funnet en lokasjon like vest for fjellet Hommen som vi mener vil fungere bra.



Oversiktskart, med ny trasse for rute Flørli – Øygardsstøl, hyttetomt Skansen og Langavatn markert



Detaljkart med tomteplassing. Nøyaktigere situasjonsplan følger av skissene fra Arkitekt Vest.

Denne plasseringen vil, sett fra fjorden og terrenget rundt, ikke fremstå som dominerende. Platået der tomte ligger er en forsenkning av terrenget, og med høyere fjell bak sett fra de fleste vinkler. Fra de aller fleste vinkler vil derved hytta ikke komme i horisonten.

Det er utsikt mot fjorden fra tomta, og derved vil hytta være synlig fra fjorden. Ved utformingen vil det imidlertid bli lagt vekt på materialbruk og utforming som gjør den minst mulig dominerende.

Videre vil det bli lagt vekt på å utforme en naturlig uteplass utenfor hytta som er på sørsiden og med skjerming mot stupet foran, av sikkerhetshensyn. Stupet vil kunne oppfattes dramatisk, samtidig som risikoen for fall er begrenset med fjellhyller nedenfor. Et mer dramatisk utkikkspunkt ligger like øst for tomta, dette vil ikke bli berørt. Også fjelltoppen Hommen øst for tomta og toppene på vestsiden har mer spektakulære og eksponerte utsiktspunkter som ikke vil bli berørt.

For oss fremstår den foreslåtte plasseringen som en god avveining mellom å gi gjestene en dramatisk følelse av å være på kanten av stupet med utsikt mot fjorden, samtidig som bygningen er dempet i terrenget og plassert for minst mulig synlighet. Med nær 800 meter vertikal avstand fra fjorden og med fjell bak fra de fleste vinkler er det vår vurdering at bygget bare i svært begrenset grad vil være synlig for besøkende på fjorden eller i terrenget rundt.

Utforming

En skisse over byggets utforming, tegnet av Arkitektkontoret Vest er vedlagt. Både av hensyn til tilpasning på tomten, behov for store veggflater til solceller, robusthet ift. ekstreme værforhold og planløsning har vi valgt et langt og smalt bygg. Innvendig grunnflate er ca 162m². Bygget planlegges foret ut med en ytterkledning av matte metallplater. Pga denne utformingen får bygget større utvendige mål enn normalt ut fra grunnflaten. Dette gir da et bebygd areal (BYA) på ca 235 m². I tillegg kommer en nødbu på ca 40 m² BYA.

Vi ser behov for en kapasitet på inntil 50 overnattinger på en slik hytte. For å løse dette innenfor et mest mulig kompakt bygg, planlegger vi å ha senket himling i hele bygget og bruke hele 2. etasje til små tomannsrom, tilsvarende som hytta som ble bygget i Viglesdalen i 2018. Vi kan da ha 36 faste sengeplasser i hytta som kan bookes på forhånd, samt plass til 8 madrasser i åpne rom i hver ende av hovedhytta. I tillegg kommer 6 soveplasser i en sikringshytte. Se plantegninger vedlagt.

Ved utformingen er det lagt vekt på enkelhet og robusthet. Bygget vil bli utsatt for helt ekstraordinære påkjenninger fra vær og vind. Det er også en målsetting at byggingen skal kunne gjøres så raskt og enkelt som mulig for å begrense byggetid og behov for helikoptertransport. Bygget er derfor i utgangspunktet et enkelt bygg med saltak og moduler på 3 meters bredde, men som da fores ut med en robust ytterkledning som tekkes med metallplater.

Materialvalg vil bli gjort ut fra de samme kriterier. Fasaden mot sør planlegges dels dekket med solcellepanel/solfangere i en utførelse som ikke gir gjenskinns og i størst mulig grad går i ett med terrenget. Moderne produkter gir en rekke farger og overflatestrukturer å velge i. Bygget for øvrig planlegges dekket med sink eller andre matte og mørke metallplater, i en farge som går mest mulig i ett med terrenget rundt. Andre fasadelementer vil bli utført i tre og i matte materialer for beste terrengtilpasning.

Interiøret er ikke planlagt i detalj, men her vil det bli utstrakt bruk av trematerialer. I vinduene mot vest vil det bli lagt opp til solskjerming eller andre løsninger som begrenser lysforurensing.

Innvendig belysning vil også bli lagt opp for å begrense utslipp av lys, spesielt mot vest og nord.

På den planlagte tomta er det en del høydeforskjell, slik at det spesielt i østenden blir høydeforskjell mellom gulv og terreng. Dette planlegges utnyttet til en sokkeletasje til tekniske anlegg, tanker og lager. Det må også planeres eller etableres en platting langs fasaden mot sør, for å gi et tørt og godt inngangsparti og en sosial møteplass på solsiden av hytta.

Vann vil bli hentet fra tjernet nedenfor hytta. For å sikre best mulig vannkvalitet kombinert med bading osv. ønsker vi å etablere en vannslange til tjernet ovenfor, med pumpe til hytta. Slangen vil bli gravd ned og lagt under vann. Sanitæranlegg planlegges med komposteringstoiletter og lokal behandling av gråvann med biologisk rensing. Det planlegges dobbel kapasitet på toalettene, slik at halvparten av toalettene kan låses av til enhver tid, for å gi tid til kompostering. Dette vil vesentlig redusere behovet for tømning av tankene, som antakeligvis må skje ved at tankene flys ut for tømning og deponering (med mindre vi klarer å eliminere plastavfall i toalettankene).

Videre er det behov for et mindre bygg som sikringshytte. I tilfelle brann må vi ha et frittstående bygg som kan brukes i nødsfall. Dette vil da også bli brukt som ordinært gjesterom med tilrettelegging for hund. Dette vil også være det naturlige valget for de få gjestene som måtte komme vinterstid.

Det søkes på denne bakgrunn om tillatelse til å oppføre et hovedbygg med BYA på inntil 250 m² og sikringshytte på inntil 45 m².

Bygging og drift

STF planlegger å drive en hytte på Skansen som en selvbetjent turisthytte som er åpen hele året, men der det alt vesentligste av besøk vil være fra juni til oktober. Det vil i høysesong være frivillige hytteverter til stede

Eneste transportvei for tyngre leveranser er med helikopter. Mest hensiktsmessige landingsplass er antakeligvis dammen ved Akslarårtjernet (Langavatn), med kort avstand og noe distanse til Kjeragstien. Bygging og etterforsyninger må nødvendigvis skje med leveranser luftveien. Det vil bli søkt løsninger som minimerer bruken av helikopter. I normal drift vil en hytte som dette kunne driftes med kun én årlig helikoptertransport.

I miljøløsningene som det arbeides med vil vi søke å erstatte deler av vedforbruket med oppvarming basert på solstrøm. Ved å kle store deler av fasaden mot sør med solcellepaneler og med stor batterikapasitet regner vi med å kunne varme bygget med solenergi deler av sommersesongen. Vi vil derved redusere vedforbruket og helikoptertransport knyttet til dette.

Miljøplan bygging og drift

STF arbeider ut fra en handlingsplan for miljø, og arbeider for å gjøre den samlede miljøbelastningen fra STF's egen drift så liten som mulig. I tråd med dette vil vi i hele byggeprosessen og ved senere drift ta avgjørende hensyn til miljø. En hovedsak i den forbindelse er å redusere behovet for transport. Vi arbeider kontinuerlig for å tilpasse driften

slik at vi klarer oss med minst mulig transport inn til hyttene, ved valg av proviantutvalg, god logistikk og medvirkning fra gjestene.


Ved utforming av denne hytta vil det legges spesiell vekt på miljøriktige løsninger som også bidrar til å gi gjestene en opplevelse av å ta del i STF's miljøengasjement. Det er foreløpig avsatt kr. 1 mill i budsjettet til spesielle miljøløsninger.

En viktig side av STF's miljøinnsats er bevisstgjøring av gjestene våre. Dersom vi klarer å skape en økt miljøbevissthet hos våre medlemmer og andre gjester, vil det kunne ha vesentlig større effekt enn det vi kan oppnå bare gjennom egen drift. Vi vil oppfordre gjester til å reise mindre og oppleve mer, reise kollektivt og bidra f.eks. med å bringe søppel med seg tilbake. I dette ligger også at vi vil prioritere markedsføring av dette tilbudet mot et norsk publikum.

Hyttas planlagte miljøprofil innebærer også en god mulighet til å bruke den til å formidle verneverdiene i verneområdet og gi informasjon om SVR's virksomhet. Vi ser frem til et godt samarbeid med SVR om dette.

Omlægging av løyper

Ved bygging av en hytte på Skansen vil vi ønske å merke to nye løpetrasser. For det første er det behov for en kort avstikker fra dagens løype og ut til hytta. Det er ikke i detalj avgjort hvor i terrenget en slik løype bør gå, men som prinsippskisse ser vi for oss følgende trassé:



Videre er det ønskelig å legge ruta direkte fra utløpet av Låtervikvatnet til Kjeragplataet, etter følgende skisse:



Søknad og betingelser

På denne bakgrunn søker STF om dispensasjon som en prinsippgodkjenning av planene slik de foreligger i dag og er beskrevet i denne søknaden. Enkelte sentrale aspekter bør klargjøres i et vedtak, og vi vil fremheve følgende momenter som bør presiseres som en del av vedtaket og vilkår for en dispensasjon:

1. STF gis dispensasjon til å oppføre en turisthytte på inntil 250 m² BYA og en frittstående sikringshytte på inntil 45 m² BYA. Hovedbygget skal plasseres slik det er vist i søknaden, og ha en utforming som i hovedsak samsvarer med skissene som er vedlagt søknaden.

2. SVR skal godkjenne den endelige og detaljerte utformingen av bygget og tekniske anlegg som nærmere beskrevet og dokumentert i en søknad om byggetillatelse før det gis byggetillatelse fra Forsand kommune.
3. Det gis tillatelse til å legge om dagens sti som vist på prinsippkisser.
4. Ved utformingen av hytta skal det legges vekt på bruk av materialer som ikke gir gjenskinn og som best mulig harmonerer med terrenget rundt. Innvendig belysning skal utformes slik at det begrenser utslipp av lys til omgivelsene, spesielt mot vest.

* * *

Vi håper på en positiv behandling av denne søknaden, og står gjerne til disposisjon dersom det er spørsmål eller behov for nærmere avklaring frem mot styrebehandling i SVR.

Med vennlig hilsen
For Stavanger turistforening




Preben Falck
Daglig leder

SKANSEN TURISTHYTTE



PLASSERING



Plassering av hytte, med forslag til ny rute fra Låtervikvatnet til Kjerag.



Utsikt mot vest fra aktuell hyttetomt.



Skansen sett fra andre siden av Lysefjorden,
fra Sørå Dalafjell ca 700 moh, avstand ca 4 km

Stavanger Turistforening






Oversiktsbilde tomt Skansen turisthytte. Hytta er tenkt plassert bak knausen midt i bildet, med fronten ut mot fjorden, til venstre. Stkringshytte på flaten lenger bak.








Merknader/notes

© Arkivest/Share-Arket AS, kopiering eller bruk av data tegningen er forbudt uten tillatelse fra arkivest


Tilakshaver: Stavanger turistforening	Tittel: Situasjonsplan 1:5000	Fase: Skisse	ARKIVEST Storgata 48 4307 SANDNES T: 51 68 12 40 E: post@arkivest.no W: www.arkivest.no					
Skansen turisthytte Skansen/Homme	Grv. / Bnr.: 22/1	Tegningsnr.: A10-3	Målestokk: 1:5000	Dato: 	Ark.: A3	Rev: 	Saksnr.: 119-2578	Arkitekt/TF: Tegnet av: MSE Kontroll:



Marknader/nordpil

Tilakshaver: Stavanger turistforening Skansen turisthytte Skansen/Homme		© Arkivest/Share Arkivest AS, kopiering eller bruk av data/regninger er forbudt uten tillatelse					Titel: Situasjonsplan				Fase: Skisse		ARKVEST Storgata 48 4307 SANDNES T: 51 66 12 40 E: post@arkivest.no W: www.arkivest.no
Grv. / Bnr.: 22/1	Tegningsnr.: A10-1	Målestokk: 1:500	Dato: 04.09.19	Ark: A3	Rev.:	Saksnr.: 119-2578	ArkitektTF Tegnet av: MSE Kontroll:						





1 ETASJE 10 SENGEPLASSER
 2 ETASJE 34 SENGEPLASSER

 BYA HYTTE 235 m²
 BYA NØDBU 40 m²
 NØDBU 4 SENGEPLASSER

A 04.09.17 TF UTVIDELSE

REV	DATE	SIGN	KORREKSJON


PROSJEKT STAVANGER TURISTFORENING
 HYTTE SKANSEN
 TITTEL PLAN 1. ETASJE

MÅL	DATE	SAKSNR	TEGNINGSNR	REV
1:100	21.03.17	119-2758	A20-1	

ARKIVEST
 ARKITEKTKONTORET VEST AS
 TUNLAPARKET 58A
 W arkivest.no
 Saksbeh. *T. Fjøsnes*
 Tegnet av *[Signature]*
 Kontroll *[Signature]*

*) Tegningene skal hentes helt eller delvis kopieret eller benyttet ved utleie av etabler som ArkVest as ikke medfører i





A 04.09.19 TF UTVIDELSE

1 REV	2 DATO	3 SIGN	4 KORREKSJON
-------	--------	--------	--------------

PROSJEKT
STAVANGER TURISTFORENING
HYTTE SKANSEN

TITTEL
PLAN 2. ETASJE



1 MÅL	2 DATO	3 SAKSNR	4 TEGNINGSNR	5 REV
1:100	21.08.19	119-2398	A20-2	

ARKVEST
ARKITEKONTORET VESTAS
OSLO/ARRESTENHOLM
W arkvest.no

Saksbeh: T. Fjell
Tegnet av: [Signature]
Kontroll: [Signature]

* Tegningene må hverken helt eller delvis kopieres eller benyttes ved utferdsreise av arkitekt uten tillatelse av arkitekt uten ArkVest AS sine medforhold.

2. etasje, 26 faste senger i 2-mannsrom
+ 8 løse madrasser i familierom/opphold



REV	DATE	SIGN	KORREKSJON
PROSJEKT STAVANGER TURISTFORENING HYTTE SEANSEN			
TITTEL SNITT			
MÅL 1:100	DATE 21.08.19	SAKSNR 119-2258	TEGNER/DR A 30-1
REV			
ARKIVEST ARKITEKTKONTORET VEST AS <small>STAVANGER</small> Warkvest.no Saksbeh. <i>T. P. [Signature]</i> Tegnet av <i>[Signature]</i> Kontroll			

Tegningene må hverken helt eller delvis kopieres eller henyttes ved utferste av arbeider som ArkVest as ikke medvirker i



A		09.09.15	TF	UTVIDELSE
> REV	> DATO	> SIGN	> KORREKSJON	
PROSJEKT STAVANGER TURISTFORENING HYTTE SKANSJEN				
TITTEL FASADE				
> MÅL	> DATO	> SAKSNR	> TEGNINGNR	> REV
1:100	21.08.15	119-2758	A40-1	
ARKIVEST ARKITEKTKONTORET VERDAS OSLO/ARHUS/BERG > W arkvest.no				
> Sakbeh. T. Fugstad > Tegnet av ——— > Kontroll ———				

> Tegningene må hverken helt eller delvis kopieres eller benyttes ved utøvelse av arbeider som ArkVest AS ikke medvirker i.



Illustrasjonskisse

Verneområdestyret for
Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane
v/Alf Odden

Stavanger 2. september 2020

Søknad om dispensasjon for bygging av Skansen turisthytte – STF's langtidsplan

Det vises til tidligere samtaler rundt vår dispensasjonssøknad for bygging av Skansen turisthytte.

Ut fra muntlige tilbakemeldinger forstår vi at Miljødirektoratet avviser en «byttehandel» der bygging av Skansen tillates mot en avtale om omlegging av STF's rutenett rundt Blåsjø, ref. notat sendt til Miljødirektoratet 26. juni i år. Basert på dette har vi forstått at sekretariatet og AU ser det som uaktuelt å inngå en slik type bindende avtale. Det forholder vi oss til.

Likevel, dialogen rundt den avtaleskissen som ble utarbeidet har satt fortgang i prosessene også internt i STF. Vi ser at det alternative rutenettet som der ble diskutert kan være en mulighet til å bringe saken om omlegging av ruter rundt Blåsjø videre på en konstruktiv måte.

Vi ønsker derfor å oppdatere vår langtidsplan som er kommunisert til SVR i forbindelse med dispensasjonssøknaden, med det som nå er STF's forslag til en løsning rundt Blåsjø.

Styret i STF behandlet saken i styremøte 31. august, og traff da følgende vedtak:

Stavanger turistforening er opptatt av å holde totalbelastningen av vår virksomhet på naturverdiene så lav som mulig. Foreningen støtter opp under arbeidet med å bedre villreinsens levkår. Vi håper at vårt vedtak vil bidra til å utløse andre viktige tiltak for villreinen, som nevnt i sluttrapporten fra GPS merkeprosjektet.

Som ledd i dette vil STF arbeide for en omlegging av rutenettet slik at 3 av 4 ruter som i dag går gjennom den kritiske passasjen mellom Blåsjø og Svartevassmagasinet flyttes:

- *Storsteinshytta fjernes og erstattes av ny hytte litt lengre nord. Ny hytte reduseres i sengekapasitet til ca 16 senger i hovedhytte og 4 i sikringshytte.*
- *Ruta fra Storsteinen til Litle Aurådalen legges over Storsteinsheia, krysser Kvilldal, opp Litle Kvilldal og videre over Auråhorten. Det bør etableres en nødbu med vedovn, men uten annen tilrettelegging for overnatting.*
- *Ruta fra Storsteinen til Eidavatn følger traséen mot Litle Aurådalen over Storsteinsheia, og følger deretter dagens trasé.*
- *Ruta fra Storsteinen til Hovatn legges direkte fra ny hytteplassering opp til Stovassdammen, krysser damkronen og videre opp til dagens trasé.*



- *Ruta fra Storsteinen til Kringlevatn følger i hovedsak dagens trasé. Det vurderes om den opprinnelige stien opp bak Gyvasshytta er gunstigere for villreintrekk enn dagens rute opp Skorpeskaret.*
- *En forutsetning for slik omlegging er at alle nødvendige tillatelser fra grunneiere og offentlige myndigheter innvilges, og at alle tiltakene fullfinansieres, evt. i kombinasjon med spillemidler.*

Vi håper dette innspillet kan innarbeides i saksunderlaget til behandling av søknaden om Skansen, til styremøtet i SVR 16. september. Videre håndtering av saken om rutenettet rundt Blåsjø forutsettes håndtert videre uavhengig av behandlingen av Skansen.

Ta gjerne kontakt om det er spørsmål eller behov for å diskutere dette.

Med vennlig hilsen
For Stavanger turistforening

Preben Falck
Daglig leder

ST 41/20 Eventuelt